



HØGSKULEN I VOLDA

Ma

Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur

Võro kiil – Europas yngste målreising?

Øyvind Rangøy
November 2012

Kokkovõtõq võro keelen

Harilik Norra keelepruukja tiid, et Norra keelesais om esiqeräline, a sagõhõhe tiiä-äi, mink poolõst taa esiqeräline om. Norra olõ-õi uma *bokmåli* ja *nynorskiga* sukugi ainugõnõ riik, kon eläseq kõrvuisi kats kirätraditsiuuni, miä ommaq lähkõq sugulasõq. «*Kas siis selle maa keel*» om Eestin tunnõt ku pia prohvõtlik maakeele arõndamisõ ettekuulutus. Eesti keelest om saanuq kultuurkiil, a taa protsessi ohvris oll' lõunõeesti kiräkiil. Eesti keelekõrraldustõ om 20. aastagasaa seen tulnuq autoritaarsit juuni, täambädses ommaq Eesti murdõq pia kaonuq. Erängus ommaq õnnõ Eesti lõunõhummogunuka lõunõeesti murdõq, ni 1980. aastagist om võro liikminõ arõndanuq vahtsõt kiräkiilt vana Võromaa kõnõlõmiskeele põh'a pääle. Magistritüü võrdõlõs Norra nynorski ja Eesti võro keele arõndamist ja tuu takan olõvit liikmiisi.

Tüü teorijago seletäs kõgõpäält mitmit esiq muudõ, kuis om vaiht tett keelil ja murdil. Päält taa kaias tan kiili ohonõlõmisõ, keelesurma, kiilikirivüse ja keeleökologia teemadõ (D. Crystal, D. Nettle ja S. Romaine) taustal kiili virgutamisõ uurmiisi (J. Fishman, L. A. Grenoble ja L. J. Whaley, L. Hinton). Üts põhiliidsi asjo, miä uurmiisist vällä tulõ, om tuu, et keelevaihtust saa ümbre käändäq õnnõ sis, ku saias niikavvõhe, et kiilt andas kimmähe edesi vahtsilõ sugupõlvilõ, a tuu om võimalik õnnõ sis, ku keele funktsiooniq sotsiaalsõn võrgostun püsuseq alalõ vai luvvasõq vahtsõt.

Tüü om uma meetodi poolõst komparatiivnõ. Võrrõlust pruugitas heuristilidsõlt, vahtsidõ perspektiive ja küsümiisi luumisõs. Kõrvusäädmine om tan ku «otsmiskäük», mil om pall'o ütist aoluutiidü võrdõlõja uurmisviiega (K. Ågotnes).

Võro keele virgutamisõ taustas kaias kõgõpäält lühkühe Eesti laembat aoluku, Eesti vanõmbat keeleaoluku ni õdagumeresoomõ keelemaastikku. Viil uuritas Eesti katõ kiräkeele aoluku ni vana lõunõeesti kiräkeele häõmise põhjuisi (K. Ross), arvosaamist lõunõeesti keelest ku eesti murdõst, võro liikmisõ tegünemist ni täambädsõ päävã võro keele arõndamist ja saiso.

Niisamaldõ, a lühkümbähe silmätãs Norra *nynorski* tegünemist, aoluku ja saiso. Umaette osan võrrõldas Einar Haugeni ja Valter Tauli keelekõrralduspõhimõttit. Ku Haugeni arvosaamiisi tagapõh'as oll' Norra keelenormmisõ aolugu, oll' Valter Tauli mõõtõt Johannes Aavigu keelevahtsõndusõ mõttist. Tauli arvosaamist piten tulõ kiilt normiq üleväst alla ni perän Eesti keelevahtsõndust ja toolõ perrätulõvat autoritaarsõt normmist tundu tuu võimalik. Tauli perändüs om tundaq Eesti keelekõrraldusõ mõttõn, ni tuu valgusõn või kariaq ka Kadri Koreinigu (2010) Eesti keeleideoloogijidõ analüüsi, kon tä löüd, et harilikku keelepruukjat om diskursusõn kujotõt ku passiivsõt.

Tüü järeldüisi jaon võrrõldas *nynorski* ja võro keele saiso. Mõlõmba man om tegemist vana kirätraditsiooni virgutamisõ katsõga, a esiqmuudu om kummagi man rahvuslusõ ja rahvusligu heränemise roll – samaq nättüseq, miä *nynorski* tegünemist takast avidiq, olliq ütes lõunõeesti kiräkeele häõmise põhjusõs. Tuun mõttõn saamiq kõnõldaq esiqmuudu faasinihkõst. Kuiki kummagi keele saias om täambädsel päävãl otsani esiqmuudu, om liikmiisi retoorikan ni tähtsin küsümüisin nätäq konvõrgentsi.

Kokkuvõte eesti keeles

Tavaline Norra keekekasutaja on teadlik Norra keeleolukorra erilisusest, kuid tihti mitte sellest, milles erilisus seisneb. Norra ei ole oma *bokmåli* ja *nynorskiga* sugugi ainus riik, kus kaks lähisuguluses olevat kirjatraditsiooni elevad kõrvuti. «*Kas siis selle maa keel*» on Eestis tuntud peaaegu prohvetliku maakeele arendamise ettekuulutusena. Eesti keelest on saanud kulturkeel, kuid selle protsessi ohvriks oli lõunaeesti kirjakeel. Eesti keelekorraldus on 20. sajandi jooksul omandanud autoritaarseid jooni, tänaseks on Eesti murded praktiliselt kadunud. Erandiks on Eesti kagunurga lõunaeesti murded, ning alates 1980ndatest aastatest on Võru liikumine arendanud uut kirjakeelt vana Võrumaa kõnekeele baasil. Magistritöö võrdleb Norra nynorski ja Eesti võru keele arendust ja selle taga olevaid liikumisi.

Teooria tutvustab kõigepealt erinevaid lähenemisi keelte ja murrete määratlemiseks ning seejärel keelte ohustatuse, keelesurma, keelelise mitmekesisuse ja keeleökoloogia temaatika (D. Crystal, D. Nettle ja S. Romaine) taustal revitaliseerimise käsitlusi (J. Fishman, L. A. Grenoble ja L. J. Whaley, L. Hinton). Käsitluste üks põhijäreldus on see, et keelevahetust saab pöörata ainult juhul, kui on võimalik tagada keele edasiandmist uutele põlvvedele, mis eeldab selle funktsioonide säilimist või taasloomist sotsiaalses võrgustikus.

Töö on meetodilt komparatiivne. Võrdlust kasutatakse heuristiliselt, uute perspektiivide ja küsimuste loomiseks. Kõrvutamise näol on tegu «avastusretkega», millel on palju ühist ajalooteaduse komparatiivse meetodiga (K. Ågotnes).

Võru keele revitaliseerimise taustana tutvustatakse kõigepealt lühidalt Eesti üldajalugu, Eesti vanemat keeleajalugu ning läänemeresoome keelemaastikku. Seejärel tutvustatakse kahe Eesti kirjakeele ajalugu ning vana lõunaeesti kirjakeele hävimise põhjuseid (K. Ross), lõunaeesti keele käsitlust eesti keele murdena, Võru liikumise teket ning kaasaegse võru keele arendamist ja seisut.

Analoogselt, kuid lühemalt tutvustatakse Norra *nynorski* teket, ajalugu ja seisut. Omaette osana võrreldakse Einar Haugeni ja Valter Tauli keelekorralduspõhimõtteid. Kui Haugeni käsitluse taustaks oli Norra keele normeerimise ajalugu, oli Valter Tauli mõjutatud Johannes Aaviku keeleuuenduslikest mõtetest. Tauli mõtted eeldavad keele normeerimist ülevalt ning Eesti keeleuuenduse ja sellele järgnevale autoritaarse normeerimise näitel tundus see võimalik. Tauli pärand on tajutav Eesti keelekorralduslikus mõttes, ning selles valguses võib ka vaadata Kadri Koreiniku (2010) Eesti keeleideoloogiate analüüsi, milles ta täheldab diskursuses tavalise keekekasutaja kujutamist passiivsena.

Järelduse osas vaatleb töö *nynorski* ja võru keele olukordade sarnasusi ja erinevusi. Mõlema puhul on tegu nõ vana kirjatraditsiooni revitaliseerimise katsega. Üks erinevus on rahvusluse ja rahvusliku ärkamise roll – samad nähtused, mis soodustasid *nynorski* teket, olid lõunaeesti kirjakeele suremise üheks põhjuseks. Selles suhtes saame rääkida teatud faasinihkest. Ehkki keelte olukorrad on tänapäeval radikaalselt erinevad, on liikumiste retoorikas ning aktuaalsetes probleemides märgatav konvergens.

*Vatnar ikkje songkjelda
i kalde nordavinden
hugen til mitt folk
med dogga si?*

*Om ikkje her i det snøkalde nord
myrten ljuvleg angar
i skyme klippedalen
og blømer fagert:
kan ikkje då språket i dette landet
som renn som ein stille bekk,
utan å kjenne sin venleik,
gjennom engene, i det blå
gylne himmellyset
klukkar fredfullt,
eller med rungande røyst,
utan å kjenne si styrke
med torevêret
når havet huiar;*

*kan ikkje då språket i dette landet
i songvinden
stige opp til himmelen
og finne sin plass i æva?*

Kristjan Jaak Peterson (1818)

Ethvert av de nyere skriftsprog har, såvidt man kjender dets tilblivelse, engang været et almuemaal, der, som oftest samtidig med en løftning af før mere tilbagetrængte samfundslag, er blevet et dannelsens sprog og har reist sig og sprængt og skøvet til side et tidligere kultursprog, – ligesom barken fra iaar, som nu leder livssafterne op i træet, vider sig ud og sprænger og skaller væk tidligere barklag.

Hans Ross (1878)

Innhold

Føreord.....	8
1 Innleiing.....	9
2 Skriftspråk, språk og andre mål.....	11
2.1 Kva er eit språk?.....	11
2.1.1 Språk i fire tydingar.....	12
2.1.2 Avstandsspråk og utbyggingsspråk.....	13
2.2 Lingvistisk klassifisering av språk.....	14
2.2.1 Stamtremodellen og språkopphav.....	14
2.2.2 Språktypologi.....	15
2.3 Sosiolingvistisk klassifisering av språk.....	16
2.4 Skriftspråk og nasjonalspråk.....	17
2.5 Regions- og minoritetsspråk i Europa.....	20
2.6 Mål og dialektar.....	21
3 Språkplanlegging, revitalisering, målreising og andre metaforar.....	22
3.1 Språkplanlegging og språkrøkt.....	22
3.2 Språkdød, språkøkologi og revitalisering.....	23
3.3 Revitaliseringsprosessar.....	26
3.3.1 Fishman.....	26
3.3.2 Grenoble og Whaley.....	29
3.3.3 Hinton.....	30
3.4 Retten til språk eller plikta til offer?.....	31
3.5 Revitalisering i konflikt med nærskyldte språk.....	32
3.6 Målreising – eit norsk omgrep?.....	33
4 Å samanlikne det eineståande. Ein metoderefleksjon.....	34
4.1 Kvifor samanlikne.....	35
4.2 Barth.....	35
4.3 Kjelstadli.....	38
4.4 Ågotnes.....	38
5 Språk og målreising i Estland og Sør-Estland.....	42
5.1 Estisk historie i fugleperspektiv.....	42
5.2 Austersjøfinske språk og Estlands eldste språkhistorie.....	48
5.3 Nokre karakteristiske felles drag ved det estiske språksystemet.....	50
5.4 Skilnader i språksystemet mellom nord- og sør-estisk.....	51

5.5	Utviklinga av det estiske standardspråket – med sideblikk til sør-estisk.....	52
5.6	Sør-estisk i estisk dialektologi.....	56
5.7	Språkleg avstand mellom nord- og sør-estisk.....	57
5.8	Kvifor tapte sør-estisken kampen om skriftmålet?.....	59
5.9	Talemålet i Sør-Estland og andre estiske regionar.....	63
5.10	Sør-estisk talemål – livskraftig eller døydande?.....	66
5.11	Ei ny sør-estisk målrørsle.....	68
5.12	Standardmålet: Norm, språkplanlegging og språkstrid etter 1990.....	71
5.13	Nyare sør-estisk litteratur.....	75
5.14	Seto kiil – etterdiltaren eller førebiletet?.....	76
5.15	Strategiar, konfliktlinjer og framtidsutsikter for vðro-rørsle.....	79
5.16	Nokre spadestikk i den offentlege diskursen.....	83
6	Noreg, norsk og nynorsk.....	85
6.1	Norsk, nordisk og germansk.....	85
6.2	Den norrøne og gammalnorske skriftradisjonen.....	87
6.3	Ein joggetur i norsk språkhistorie etter svartedauden.....	89
6.4	Språkspørsmålet og den nynorske målreisinga.....	90
6.5	Talemålet.....	97
6.6	Ei rørsle av mål og motsetnader.....	98
6.7	Språk eller målformer?.....	100
7	«Det muliges kunst?» – estiske språkideologiar i lys av Tauli og Haugen.....	101
8	Konklusjon og perspektiv.....	107
8.1	Korleis kan sør-estisk og nynorsk kategoriserast som språk?.....	107
8.2	Korleis passar nynorsk og sør-estisk inn i teoriar om revitalisering?.....	113
8.3	Kva faktorar sameiner den nynorske og den sør-estiske målreisinga?.....	116
8.4	Kva faktorar skil den nynorske og den sør-estiske målreisinga?.....	117
8.5	Målreising i ei ny tid: Kan sør-estisk oppnå det same som nynorsk?.....	119
8.6	Oppsummering.....	120
	Notar.....	123
	Litteraturliste.....	130
	Appendiks A: Førstehjelp til uttale.....	138
	Felles uttalereglar for standardestisk og normert vðro-mål.....	138
	Særskilde uttalereglar for sør-estisk vðro-mål.....	139
	Appendiks B: Om sør-estisk namneskikk.....	141

Appendiks C: Sosiolingvistisk klassifisering av språk.....	142
Appendiks D: Kodifisering av skriftspråk i Europa.....	143
Appendiks E: Trinn i ein språkplanleggingsprosess.....	144
Appendiks F: Gradert typologi for status som truga språk (GIDS).....	145
Appendiks G: UNESCO-kriteria for språkleg vitalitet.....	146
Appendiks H: Sjekkliste for revitaliseringsprogram.....	147
Appendiks I: Trinn i ein revitaliseringsprosess.....	148
Appendiks J: Kategoriar av revitaliseringsprogram.....	149
Appendiks K: Det uraliske språktreet.....	150
Appendiks L: Utviklinga av dei austersjøfinske hovuddialektane.....	151
Appendiks M: Estiske dialektkart.....	152
Appendiks N: Sør-estiske dialektar.....	153
Appendiks O: Høgfrekvente ord i nord- og sør-estisk.....	154
Appendiks P: Parallelltekst på võro-mål og standardestisk.....	155
Appendiks Q: Kart over dei estiske områda på seint 1600-tal.....	156
Appendiks R: Boktitlar på sør- og nord-estisk 1525–1850.....	157
Appendiks S: Regionar undersøkt for bruk av lokalt mål.....	158
Appendiks T: Det nordiske språktreet.....	159

Føreord

Frå Universitet i Tartu i Estland har eg ein fireårig grad i estisk og finsk-ugrisk språkvitskap. Som ein del av denne utdanninga var eg i to periodar i 2006 på innsamlarpraksis i Sør-Estland. Då hadde eg tre år tidlegare teke to valemne i sør-estisk vōro-mål hos Jüvä Sullōv^a, som òg er medretteiar for denne oppgåva. Eg prøvde difor å nytte språket så godt eg kunne. I Misso, nær den latviske grensa, var folk over seg av undring over ein utlending som snakka reint vōro-mål. I bygdene kring Värška, lenger aust mot russegrensa, var dei like over seg av undring over ein utlending som snakka reint seto-mål. Eg snakka akkurat same språk. Korleis det kan ha seg, er ein av tinga denne oppgåva vil klargjere.

Eg har reist ut og eg har vendt heim utan heilt å gjere det, for grensa til det opphavlege er alltid vakta av kjerubar med logande sverd. Mi eiga soge handlar ikkje minst om å bli fødd norsk, bli estisk, og deretter bli norsk igjen på ein ny måte. Heile min språklege identitet er eit resultat av fleire meir eller mindre medvitne men på ingen måte sjølvsgde val. Ein slik situasjon er i seg sjølv ein hermeneutisk spiral, og ikkje minst ein inngang til studiet i nynorsk skriftkultur, som eg kom i kontakt med som snikdeltakar på eit seminar om gamle og nye minoritetar i Tartu i juni 2007.

Under seminaret trefte eg mellom andre Stephen J. Walton (hovudretteiar for denne oppgåva) og Bjørg Nesje Nybø (inspirator for strukturen i oppgåva). Litteraturlista til denne masteroppgåva viser til ei rekkje kjelder til kunnskap om estiske og sør-estiske tilhøve, mange av dei på estisk eller sør-estiske varietetar. Desse kjeldene er i hovudsak tilrådd av Jüvä Sullōv, som sjølv har ei sentral rolle som aktivist i den sør-estiske vōro-målrørsla. Lat desse tre stå takka på det varmaste.

Særskilde takk går òg til Snorre Karkkonen Svensson for hjelp som reservebibliotek og til Simen Kjærødalen og Øystein Edvardsen Hide for høvesvis kritisk gjennomlesing og gode råd i sluttfasen. Det er mange andre å takke, og alle som eg har møtt i løpet av studiet i Volda har god grunn til å kjenne seg takka når eg samstundes må innrømme at eg er for distré til å våge å gjere det eksplisitt, og dessutan ikkje ville hatt plass på sida: ingen nemnd, ingen gløymt. Eg må likevel få nemne at eg har ei utruleg tolmodig kone som i år etter år har levd med ein mann som prøver å skrive ei masteroppgåve ved sida av minst to jobbar.

Rangøya i november 2012

Øyvind Rangøy

a Les appendiks B før litteraturlista. Elles kjem du til å bli forvirra.

1 Innleiing

Den norske språkstoda er mellom anna prega av eit sterkt – og dels falskt – medvit om kor spesiell ho er. Det falske ligg ofte i at om noko verkeleg er spesielt, er det ikkje dette den jamne språkbrukaren legg vekt på. Nordmenn er godt kjende med udokumenterte utsegner av typen «ingen andre stader finst det to nærskylde skriftspråk i same land», «to nesten like skriftspråk i eit land med fem millionar er ein luksus vi ikkje kan unne oss» og meir av same slag. Samstundes er kunnskapen om nærskylde spørsmål i andre land ofte ikkje stor.

Denne oppgåva slår an tonen med ei gjendikting¹ av diktet *Kuu* («Månen»), som er skriva på estisk av Kristjan Jaak Peterson (1801–1822). Diktaren er ofte omtala som den første eigentlege estiske lyrikaren – av estisk lyrikk før han finst det i tillegg til den munnlege folkediktinga mest berre middelmåttige høvedikt skrivne av tyskarar som tidtrøyte. I dag blir fødselsdagen til Kristjan Jaak Peterson, 14. mars, markert som den estiske morsmålsdagen. Diktet, som alle estarar har høyrte, blir særleg på grunn av temaet «*kan ikkje då språket i dette landet (...)*» ofte oppfatta som eit nær ikonisk frampeik mot kampen for å etablere det estiske språket som eit fullverdig skrift- og kulturspråk. Det er med andre ord eit symbol for den estiske målreisinga frå midten av 1800-talet som førte fram til det (nord-)estiske standardspråket som i dag er offisielt språk i Republikken Estland.

Denne oppgåva skal derimot først og fremst handle om ei anna side ved den estiske språkheimen, den sør-estiske. Den konteksten set diktet i eit noko paradoksalt lys. På den eine sida er det lett å la seg rive med av tonen i diktet. På den andre sida peikar det i etterpåklokskapens lys fram mot ein siger for det nord-estiske språket som samstundes vart eit nederlag for det sør-estiske. «*Kan ikkje då språket i dette landet i songvinden stige opp til himmelen og finne sin plass i æva?*» Gjeld då ikkje dette spørsmålet i like stor grad det folkelege talemålet som ikkje får plass i den nord-estiske skrifttradisjonen?

Ikke minst er oppgåva meint som eit bidrag til det norske kunnskapstilfanget, ved å kaste lys over sider ved stoda i eitt av våre naboland, Estland. Ein del nordmenn veit at det finst eit estisk språk. Noko færre veit at det er nærskyld med finsk. Svært få veit at det finst to nærskylde skriftmålstradisjonar i Estland,

eit dominerande og offisielt «riksmål» utvikla hovudsakleg på nord-estisk grunn og eit sør-estisk språk som ei ny «målrørsle» prøver å gjenreise.

I arbeidet med desse problemstillingane har Bjørg Nesje Nybø si framstilling av irsk og nynorsk i eit språkdødperspektiv vore ei viktig inspirasjonskjelde, både med omsyn til overordna struktur og konkrete problemstillingar. I konklusjonen skriv ho: *«[S]idan vi kan sjå på landsmål/nynorsk som ei revitalisering av det norrøne skriftspråket frå mellomalderen, ført vidare som talespråk i form av dei norske dialektane i dansketida, vil eg med «nynorsk» i det vidare meine norrønt skriftspråk og talespråk i mellomalderen, norsk talespråk/norske dialektar frå mellomalderen og fram til om lag 1850 og landsmål/nynorsk etter den tid.»*²

Dette perspektivet tek eg som eit utgangspunkt i det vidare, ikkje minst tek eg fatt i omgrepet revitalisering. På grunnlag av dette finst det på overflatisk plan ein god del trekk som sameiner den nynorske og den sør-estiske stoda: alternative skriftmål utvikla i kontrast til ein dominerande, nærskyld skrifttradisjon, folkerørsler for (gjen)reising av eit skriftmål, samanhengen mellom dialekttale og skriftmål, samheng med ein utdøydd tradisjon, kampen for ein naturleg plass og for overleving, og i dag ønsket om å sikre ein eksistens utan å gjere krav på status som «einaste riksmål». Det viktigaste underliggjande spørsmålet i denne oppgåva er: Kan situasjonane samanliknast? Kor like er desse situasjonane? Er samanlikninga berre god på eit overflatisk plan, eller finst det djupare drag som sameiner? Er det eventuelt slik at situasjonane berre er overflatisk like, medan det finst djupare ulikskapar som skil? Er det mest fruktbart å sjå sør-estisk som ei målrørsle som står der nynorsk var for 150 år sidan, eller der nynorsk er i dag, men berre svakare? På kva plan er dynamikken lik og på kva plan er han heilt ulik? Og endeleg: Er det mogleg å tenkje seg at sør-estisk kan oppnå ei stilling som liknar på den nynorsken har i Noreg, eller er dei historiske føresetnadene for ulike?

For å nærme seg desse spørsmåla er det først nødvendig klargjere omgrepsapparatet for å snakke om språk generelt og målreising og revitalisering spesielt. Vidare vil oppgåva tematisere det å samanlikne ved å ta inn ein metoderefleksjon kring komparativ metode. Deretter vil oppgåva søkje å kaste lys over språk-

stoda i Estland med hovudfokus på dei sør-estiske dialektane og skrifttradisjonane. For å gjere dette for ein norsk lesar er det òg nødvendig å gi eit generelt innblikk i den estiske språkstoda i sin historiske og geografiske samanheng. Til skilnad frå den komparative framstillinga til Nybø går denne oppgåva òg i nokon grad inn i reine lingvistiske trekk ved språka (indre språkhistorie), til trass for at oppgåva primært ser på språk som kultur- og samfunnsfenomen. Dette er relevant fordi oppgåva tek under lupa to situasjonar der dei «konkurrerande» språka er nærskyldige, og fordi dette har både praktiske og ideologiske konsekvensar. For å forstå situasjonen er det dermed vesentleg både å få eit visst bilete både av kor nær språka/målformene står kvarandre reint lingvistisk, og korleis dette blir tolka av språkbrukarane.

Det andre opningssitatet av Hans Ross er frå eit føredrag frå 1878 med tittelen *Maalreisningen her hjemme, belyst fra udlandet* – ei overskrift som nesten kunne stått som undertittel til denne oppgåva. For å få det nødvendige samanlikningsgrunnlaget gir oppgåva ei enkel framstilling av nokre relevante drag ved den norske målreisinga og språkstoda. I konklusjonen samlar oppgåva trådane ved å plassere den estiske og den norske situasjonen i dei kategoriane som er forklart i metodedelen, og deretter samanlikne situasjonane i lys av metoderefleksjonen. Det er eit underliggjande håp at den norske og estiske språkstoda kan vere med å kaste lys over kvarandre.

Målet med oppgåva er derimot ikkje å gi eit eintydig svar på spørsmålet i tittelen, som mest var der for å få deg interessert.

2 Skriftspråk, språk og andre mål

2.1 Kva er eit språk?

Ordet språk har fleire tydingar, både i allmennspråket og i mange fagspråk. Det finst ingen fullgod definisjon av omgrepet språk³ – men derimot ei mengd perspektiv på dette viktige fenomenet. På den eine sida er språk eit abstrakt omgrep, som i denne definisjonen frå Nynorskordboka: «*det at mennesket lagar høyrlege (talte) el. synlege (skrivne) ytringar som kan gje meldingar om sanseintrykk, tankar, kjensler o l frå individ til individ*»⁴ – altså det fenomenet at menneske bruker talen eller skrifta som kommunikasjonssystem. Det finst òg språk som nyttar andre andre medium, til dømes teiknspråk. Både Noreg og

Estland har sine versjonar av teiknspråk og desse fungerer som sjølvstendige språkssystem. Emnet for denne oppgåva er avgrensa til tala og skrive språk.

Det vitskaplege studiet av språk blir kalla språkvitskap eller lingvistikk. Av plassomsyn kan ikkje denne oppgåva gå meir enn sporadisk inn på den historiske utviklinga av språkomgrepet og studiet av språk – eit i samanhengen godt og relevant oversyn finst hos Nybø (2007).⁵

2.1.1 Språk i fire tydingar

Ordet språk står ikkje berre for eit abstrakt fenomen, det har òg ei anna sentral tyding: eitt konkret mål eller tungemål i kontrast til andre språk. Lars S. Vikør systematiserer⁶ dette ved å setje opp fire ulikt definererte tydingar av ordet språk, som kort kan oppsummerast slik:

- 1) Eit system av konvensjonelle teikn som representerer innhald, altså alle system for kommunikasjon, inklusive kunstige.
- 2) Menneskeleg tale og/eller skrift. Denne definisjonen er snevrare enn (1), men generaliserande fordi han omfattar alle former for menneskeleg skrift og tale på ein uteljeleg måte.
- 3) Eitt enkelt system i motsetnad til andre, altså den individualiserande, teljelege tydinga «eit språk» i motsetnad til andre språk.
- 4) Eit stilslag eller ein type språkbruk innanfor eit enkeltspråk – dette er den snevraste tydinga.

Det hender sjølvsagt at ordet språk blir brukt metaforisk, og då fell det utanfor desse kategoriane, men gjerne med utgangspunkt i ei av tydingane.

Om vi nyttar kategoriane til Vikør: Når vi snakkar om språk i tyding (1), (2) eller (4) er dette som regel relativt uproblematisk å identifisere ut frå konteksten. Når vi stiller spørsmålet kva «eit språk» er, handlar det oftast implisitt om den meir problematiske tydinga (3): I kvardagstalen kan norsk, svensk, dansk, engelsk, samisk og kinesisk vere døme på individuelle språk i denne tydinga. Ein lingvist vil derimot straks problematisere omgrepet, noko ho godt kan gjere ved hjelp av dei nemnde døma. Er bokmål og nynorsk ulike språk i tyding (3), eller er norsk eitt, medan bokmål og nynorsk berre er målformer, stilslag, kanskje språk i tyding (4)? Kunne svensk, norsk og dansk vore same språk, om nynorsk og bokmål er

det? Kva med amerikansk og britisk engelsk, reint prinsipielt? Og er ikkje samisk mange språk? For ikkje å snakke om kinesisk?

Det finst ikkje endelege, allmenngyldige svar på denne typen spørsmål, rett og slett fordi kvardagsordet «eit språk» i individu(alis)erande tyding ikkje er nokon vitskapleg, rigid avgrensa term. Den kjende spissformuleringa at «*eit språk er ein dialekt med ein hær og ein flåte*»⁷ oppsummerer konsist innsikta at grensene mellom «eit språk» og «ei språkform» ikkje er ein eigenskap ved språkssystemet i seg sjølv. Ei alternativ tilnærming er å gjere som Tore Janson og seie at vi «*i tveksamma fall [måste] fråga talarna själva hur det faktisk är*»⁸ for deretter med han å konstatere at heller ikkje det alltid fungerer, fordi talarane ikkje nødvendigvis veit det sjølv. Difor må ein i faglege samanhengar definere tenlege termar med det presisjonsnivået ein treng for føremålet.

Ettersom språk ikkje er nokon eintydig term, kan det vere nyttig å ha eit ord å nytte om språk utan å ta omsyn til om det er «eit språk», «ein dialekt» eller noko heilt anna. Ein teknisk term vi då kan ty til er *varietet*.⁹

2.1.2 Avstandsspråk og utbyggingsspråk

Ei løysing, som og Vikør viser til, kan vere å nytte omgrepa *avstandsspråk* (ty. *Abstandsprache*) og *utbyggingsspråk* (ty. *Ausbausprache*), som Heinz Kloss først definerte i 1967. Avstandsspråk er individuelle språk i kraft av å vere heilt ulike språkssystem, altså språk som anten ikkje er i slekt eller der skyldskapen er såpass fjern at ingen vil kome på spørje om dei er same språk – dei er strukturelt og lingvistisk heilt sjølvstendig i høve til andre språk.¹⁰

Svensk og finsk eller norsk og samisk er utan tvil ulike språk – og i høve til kvarandre framstår dei som avstandsspråk. Men kva med norsk og svensk? Då kjem *utbyggingsspråk* til hjelp som eit alternativt perspektiv: språk som i høve til kvarandre er ulike språk fordi dei er utbygde og standardiserte med kvart sitt normgrunnlag. Norsk og svensk vil då – i samsvar med dagligtalen – kunne definerast som ulike språk, trass i at det ikkje er noka skarp tradisjonell dialektgrense som avgjer kva som er norsk og kva som er svensk. Når det er ein flytande overgang utan skarpe grenser slikt at grannar alltid forstår kvarandre,

snakkar vi om eit *kontinuum* av dialektar.¹¹ Eit utbyggingsspråk er ikkje det same som eit standardspråk, eit ord som oftast blir brukt om ein standardisert varietet. Eit utbyggingsspråk har ein slik standardvarietet, men omfattar òg andre varietetar som blir definerte ut frå denne.¹²

Omgrepet kan vere nyttig, men har ein avgrensa funksjon. Ein tradisjonell dialekt vil ikkje vere eit utbyggingsspråk, men vil ofte stå i eit høve til (minst) eitt utbyggingsspråk. Til dømes vil skånsk dialekt kunne ha trekk som minner om både dansk og svensk. Dialekten er ikkje i seg sjølv eit utbyggingsspråk, men vil reknast som ein del av talemålsgrunnlaget for det svenske standardspråket, samstundes som det står i eit anna tilhøve til det danske standardspråket enn andre former for svensk.

2.2 Lingvistisk klassifisering av språk

Lingvistikken eller språkvitskapen studerer språka «i seg sjølv» og vil difor klassifisere dei etter reint språklege kriterium. Språk kan studerast på to måtar. Ser ein på språket som ein historisk prosess er perspektivet *diakront*. Studerer ein derimot eit språk som eit system på eit bestemt, avgrensa stadium, er perspektivet *synkront*.¹³

I eit diakront perspektiv er det rimeleg å sjå på den genetiske slektskapen mellom språk, og dette fører oss til stamtremodellen. I synkront perspektiv ser ein på drag ved språksystema utan omsyn til den historiske utviklinga. Ei slik tilnærming kan mellom anna finne uttrykk i ein strukturell språktypologi som deler inn språk i typar etter indre eigenskapar.¹⁴

2.2.1 Stamtremodellen og språkopphav

Språk endrar seg over tid. Spreidd over større område vil denne endringa vere forskjellig ulike stader, og det oppstår dialektskilnader. Er dialektane isolerte frå kvarandre, politisk eller geografisk, kan dei utvikle seg til ulike språk. Når språk har utvikla seg frå eit og same grunnspråk, seier vi at det er genetisk slektskap mellom dei. Det hender vi kjenner grunnspråket som er sams opphav for fleire språk. Til dømes har vi eit rikt tilfang av norrøne tekstar, og vi veit at både moderne norsk og islandsk har røter i dette grunnspråket. Når vi ikkje kjenner grunnspråket, kan vi likevel finne genetisk slektskap mellom språk ved hjelp av samanliknande metode. Dette er mogleg fordi lydendringar ikkje er tilfeldige – ved å finne regelmess-

sige fonologiske korrespondansar (lydlege samanhengar) mellom språk kan vi slutte oss fram til eit felles opphav.¹⁵ Resultata av systematisk bruk av denne metoden til rekonstruksjon av urspråk vil ofte bli illustrert som eit tre med ein stamme og greiner som viser samanhengen i språkutviklinga etter ein «stamtremodell». Modellen har gitt svært viktig innsikt i korleis språk har utvikla seg, men har samstundes vorte mykje kritisert for ikkje å fange opp den delen av dei diakrone språkendringsprosessane som ikkje følgjer den genetiske utviklinga – til dømes kontakt og gjensidig påverknad mellom språk. Stamtremodellen åleine er på ingen måte nok for å forstå korleis språka har utvikla seg.¹⁶

Ei gruppe av språk som har utvikla seg frå eit felles grunnspråk eller urspråk (proto-language) kallar vi ein språkfamilie. Språka i verda kan delast inn i meir enn 90 språkfamiliar. Urspråka er reine rekonstruksjonar – vi veit ein del om korleis dei *kan* ha sett ut, men ikkje korleis dei *faktisk* såg ut. Det er sannsynleg at urspråka til dei vel nitti kjende språkfamiliane sjølv tilhørde eldre språkfamiliar, men slik slektskap er utanfor rekkjevidd for metodane vi har for rekonstruksjon. Går vi meir enn om lag 10 000 år tilbake har språka endra seg så mykje at eit mogleg felles opphav ikkje er tilgjengeleg for den samanliknande språkvitenskapen. Eit fornuftig *minimum* er at språket er 35 000 år gammalt, då vi plutsleg finn ein eksplosjon av holemåleri og andre sofistikerte kulturuttrykk som ville vore utenkjelege utan språk.¹⁷ Vitskapen veit ikkje sikkert om språk har oppstått fleire gonger (polygenese) eller berre ein gong (monogenese) i den menneskelege forhistoria, og dermed heller ikkje om det i prinsippet kan ha funnest eitt urspråk for alle språkfamiliane.¹⁸

2.2.2 Språktypologi

Plassering i språktre er ei diakron klassifisering. Ei lingvistisk klassifisering av språk kan òg vere synkron. Språktypologien studerer likskapar i struktur utan omsyn til opphav og genetisk slektskap. Språktypologi står i eit tilhøve til studiet av universelle trekk ved språk. Medan det siste prøver å finne ut kva som er likt i alle naturlege språk, studerer språktypologien systematikken i det som er ulikt. Det er grenser for variasjonen, og desse grensene gjer det meningsfullt å dele inn språkssystema i ulike typar etter indre kriterium. Ei slik inndeling er *partiell* i den forstand at ho tek utgangspunkt i svært avgrensa deler av

språkssystemet. Eit slikt studium av språktypologi står i kontrast til eit *holistisk* syn som til dømes leiter etter djupare samband mellom «språk og ånd». Slike folketylogiar har lite støtte blant språkforskarar.

Ein vanleg kategori for typologisk klassifisering er *grunnleggjande ordstilling* (*basic word order*), typisk skildra gjennom rekkjefølgjen av subjekt, objekt og verbal i ei typisk deklarativ setning, til dømes SVO, SOV, VSO.

Morfologisk typologi skil mellom *analytiske* og *syntetiske* språk. Eit språk der kvart ord berre inneheld eitt morfem (tydingsberande element) vil vere analytisk. Eit språk der orda har ein tendens til å bestå av fleire morfem er syntetisk, og eit maksimalt syntetisk språk der eit ord kan svare til ei heil setning vil kallast *polysyntetisk*. I praksis finst det ikkje reine analytiske eller polysyntetiske språk, omgrepa er relative.

Syntetiske og polysyntetiske språk kan vidare delast inn i *agglutinerande* og *flekterande* språk. I flekterande språk kan eit morfem ha mange ulike former, og det kan vere vanskeleg å fastsetje grensa mellom morfema. Eit ideelt agglutinerande språk har eit ein-til-ein-tilhøve mellom tyding og form med ei skarp og tydeleg grense mellom morfema. Alternativt kan ein difor òg sjå eit agglutinerande språk som ein mellomting mellom eit syntetisk og eit flekterande språk.¹⁹

Det finst mange fleire kriterium for typologisk klassifisering av språk. *The World Atlas of Language Structures Online*,²⁰ som gjennom strukturelle trekk søkjer å skildre variasjonen mellom språka i verda, skil mellom over 190 trekk i hovudkategoriar som fonologiske og morfologiske, nomenkategoriar, nomensyntaks, verbkategoriar, ordfølgd, enkle setningar, komplekse setningar, og leksikon.

2.3 Sosiolingvistisk klassifisering av språk

Klassifisering av språk etter genetisk avstamming eller indre kriterium tek i prinsippet utgangspunkt i språket som system, utan omsyn til funksjon. Eit forsøk på ein språktypologi med utgangspunkt i samfunnsfunksjon og standardiseringsgrad er utvikla av amerikanaren William A. Stewart (1968) og gjengitt i Vikør. Denne går ut frå fire grunnleggjande eigenskapar:

1. **Standardisering:** «*the codification and acceptance, within the community of users, of a formal set of norms defining 'correct usage'.*»
2. **Autonomi:** «*the function of the linguistic system as a unique and independent one.*»

3. **Historisitet:** «*the linguistic system is known or believed to be the result of normal development over time.*»

4. **Vitalitet:** «*use of the linguistic system by a community of native speakers.*»²¹

Ut frå desse fire eigenskapane definerer Stewart sju språktypar. Eit *standardspråk* er eit språk som har alle eigenskapane, medan eit språk som ikkje har nokon av dei kallast eit *pidginspråk*. Mellom dei ligg *klassisk språk*, *kunstspråk*, «*vernacular*», *dialekt* og *kreolspråk*. Nybø (2007) har sett opp ei forenkla utgåve av Stewarts skjema med norske nemningar, og denne er gjengitt i appendiks C.

2.4 Skriftspråk og nasjonalspråk

Eit *skriftspråk* (eller skriftmål) er ifølgje ordboksdefinisjonen eit «*språk som blir brukt i skrift (og som har ei fastare norm enn talemålet)*». I Noreg har vi dei to skriftmåla bokmål og nynorsk, som ofte blir sett som uttrykk for eitt og same norske språk og difor omtala som *målformer*. Det er retorisk mogleg å argumentere for at dei er ulike språk, ettersom normgrunnlaget for bokmål opphavleg kjem frå dansk, som blir sett som eit eige skriftspråk. Dette illustrerer at det heller ikkje for skriftspråk finst allmenne, eintydige prinsipp for å avgjere kva som er varietetar av same språk og kva som er ulike språk.

I både skrift og tale har vi tydingsskiljande grunneiningar – i talen språklydar eller *fonem*, i skrifa bokstavar eller *grafem*. Det finst mange ulike former for skrift, som morfemskrift (t.d. kinesisk), stavingsskrift (t.d. japansk), konsonantskrift (t.d. arabisk) eller fonembaserte alfabet, slik som gresk og latinsk alfabet og variantar utvikla frå desse. Denne oppgåva konsentrerer seg om språk i ein kulturkrins som (nesten) utelukkande nyttar alfabetskrift basert på eit latinsk alfabet, der grafema i utgangspunktet svarar til fonem og blir kombinerte til meiningsberande einingar på ulike nivå. Samsvaret mellom uttale og skrift er eit grunnprinsipp for alfabetskrifta, men aldri absolutt – skrift som prøver å fange uttalen så eksakt som mogleg kallast *fonetisk transkripsjon*. Slik skrift for avgrensa føremål er ikkje skriftmål i vanleg tyding. Ei rettskriving med nøyaktigast mogleg samsvar mellom grafem og fonem kallar vi *ortofon*. Ei rettskriving som går bort frå ortofonien for å halde på tradisjonar eller vise språkhistoriske samanhengar kallar vi *etymologisk*.²²

Det er sterke parallellar mellom korleis tale- og skriftmål strukturelt er oppbygde, men dei er langt frå

identiske. Talen har til dømes intonasjon og andre lydlege verkemiddel som skrifta ikkje har. Skrifta har berre teikna, men kan ha ulike variantar av desse (såkalla *allografar*, slik lydane har *allofonar*)²³, og nyttar skiljeteikn til å strukturere ytringane.

Like viktig er det at talen høyrer heime i ein konkret situasjon der mistydingar kan korrigerast undervegs og der ein i tillegg til språklydane har gestar, kroppsspråk og andre verkemiddel. Skrifta kan lesast ein heilt annan stad i ein heilt annan situasjon, og mistydingar kan ikkje korrigerast spontant på same måte – men derimot har den skrivande langt større høve til å omstrukturere, rette og forbetre produktet før det når mottakaren (lesaren). Desse ulike rammevilkåra fører til at det dannar seg skrivestilar med eigne normer for skriving som ikkje gjeld for talen. Normene er avhengige av mottakaren, og er mottakaren ukjend nyttar vi oftast normer for skriving som gjeld generelt i samfunnet. Behovet for å gjere slik kommunikasjon mogleg er ei drivkraft bak utviklinga av skriftspråk.²⁴ Ut frå det føregåande er et forståeleg at eit skriftspråk ikkje kan reduserast til talespråk + skriftsystem. Det trengst normer som er faste nok til at kommunikasjonen kan lukkast utan at ein har høve til å «prøve seg fram», slik ein kan gjere i munnleg kommunikasjon. Morsmålstekstar frå mellomalderen viser mange teikn på vakling, men samstundes tydelege merke etter skriftkonvensjonar som ikkje kan ha hatt sitt grunnlag i det samtidige talemålet.²⁵

Om lag 1500 byrja ein ny fase i Europa – boktrykkarkunsten vart oppfunnen, føydalsamfunnet avløyst av tidleg kapitalisme, og vi fekk framveksten av *nasjonalstatar* og dermed krav om *einskapsspråk*. Framdyrkinga av ein einskapleg språkvarietet var både praktisk og symbolsk. Vikør skisserer at dette har skjedd gjennom tre fasar: 1) standardisering av ein skriftnormal på grunnlag av ein eller fleire prestisjeberande talemålsvarietetar, 2) utvikling av ein fastare talenormal på grunnlag av denne, og 3) spreieing av normalen i folket til eit verkeleg nasjonalt einskapsspråk, altså eit standardisert *nasjonalspråk*.²⁶

For mange europeiske språk skjedde denne prosessen frå 1500-talet og framover til 1800-talet, Vikør kallar desse ei «første pulje». Ei «andre pulje» av språk med annan bakgrunn fekk same utvikling i løpet av mykje kortare tid, samanpressa på 1800-talet, ved framdyrking av ein nasjonalitet ved hjelp av språket i tråd med den nye samanhengjande nasjonale filosofien. På 1900-talet fekk vi ifølgje Vikør ei «tredje pulje» i tidlegare kolonimakter utanfor Europa der det ikkje er praktisk mogleg å følgje eksemplet til dei

to første puljene, og ei «fjerde pulje» som med nye nasjonalitetar som har egne statar eller krev minoritetsrettar i Europa.²⁷

Ei alternativ og litt meir finmaska oppstilling av denne prosessen finn vi hos Elisabeth Bakke, som har systematisert (re)kodifiseringa av skriftspråk blant ein del (i utgangspunktet) «statslause» nasjonar i Europa. Desse svarar altså til pulje to og eventuelt fire hos Vikør. Desse skriftspråka har ho gruppert kronologisk i ein tabell (appendiks D).²⁸

Bakke ser på språka i Europa i eit nasjonsdanningsperspektiv, og gjer greie for ein ein del grunnomgrep knytt til dette. Det er i faglitteraturen vanleg å skilje mellom tre nasjonsomgrep alt etter kva som avgjer kven som høyrer til: det *politiske*, der et avgjerande er statsborgarskap, det *kulturelle*, der det avgjerande er «objektive» kulturelle kjenneteikn, som språk, religion, felles historie, og det *voluntaristiske* eller *subjektive*, der det avgjerande er sjølvopfatninga. Det er to vanlege vegar til nasjonsdanning i Europa: grensene til ein eksisterande stat, der ein elite etter kvart blir aktørar, eller ei kulturelt meir einsarta befolkning som mobiliserer til motstand mot ein framand elite, med ei nasjonal rørsle som aktørar. Miroslav Hroch skil mellom tre fasar i denne prosessen, A) akademisk interesse for den komande nasjonens språk og historie, B) agitasjonsfasen, der den nasjonsformande eliten prøver å spreie budskapet til folket, og C) massefasen, der den nasjonale rørsle har feste i heile heimlandet og nasjonalt medvit er utbreidd i alle lag.²⁹ I Noreg plasserer Bakke fase A kring 1770, fase B først i 1830-åra og fase C mest truleg mellom 1870 og 1890. Når det gjeld vegen til nasjonen var Noreg ein hybrid, skriv Bakke, ettersom skiftet av statstilknytning etter 1814 gav såpass stort sjølvstende at nasjonen vart forma like mykje ovanfrå som nedanfrå.³⁰

I Noreg fekk vi altså ei relativt sein danning av eit eige skriftspråk. Som vi ser av tabellen hos Bakke kjem kodifiseringa av det nynorske og det estiske standardspråket i om lag same tidsbolck. Estland er eit meir stilreint døme på retninga frå nasjon til stat, i likskap med Finland. Med omsyn til fasane til Hroch er fase A plassert med byrjing ein gong mellom 1800 og 1830, fase B ca 1860 (1857) og overgangen frå fase B til C mellom 1883 og 1905, alt etter kva kriterium ein legg vekt på.³¹ Den estiske nemninga «den nasjonale oppvakninga» (*rahvuslik ärkamine*) som burde svare til fase B hos Hroch blir stort sett brukt

om perioden frå 1860 (1857) til 1885.³² Vi ser altså at prosessen kom noko seinare gang i Estland enn i Noreg, men dei siste fasane ligg svært nær i tid.

Danninga av eit skriftspråk som normert språk er ein prosess som inneber *språkplanlegging*. Dette kjem vi tilbake til i kapittel 3.

2.5 Regions- og minoritetsspråk i Europa

Vi har sett at vi i Europa har hatt fleire bølger av skriftspråk som har vorte eller teke sikte på å bli nasjonalspråk i sine land. Men kva då med språk i språksamfunn som ikkje kan eller vil setje sin lit til nasjonalt sjølvstende, korleis kan desse definerast? Desse vil vere språk som blir brukte av ein minoritet i eit område som har eit majoritetsspråk som nasjonalspråk eller offisielt språk.

Strategiframlegget Norsk i hundre definerer minoritetsspråk som «et språk som *tales av en mindre gruppe i samfunnet, definert på etniske kriterier*» og inkluderer dermed både «gamle» og «nye» minoritetar, til dømes samisk og urdu. Nynorsk blir der derimot kalla eit *mindretalsspråk*, både fordi det først og fremst er ei skriftform og fordi det ikkje er definert etnisk.³³

I 1992 vedtok Europarådet ei europeisk pakt for regions- eller minoritetsspråk, der det i innleiinga står som ein føresetnad at «*retten til å bruke et regions- eller minoritetsspråk i det private og offentlige liv er en ukrenkelig rettighet*».³⁴ I Artikkel 1 blir «regions- eller minoritetsspråk» definert som språk som:

- i. tradisjonelt brukes innenfor et gitt område av en stat av borgere av denne stat som utgjør en gruppe som er tallmessig mindre enn resten av statens befolkning, og*
- ii. er forskjellige fra de(t) offisielle språk i staten;*

det omfatter ikke dialekter av de(t) offisielle språk i staten eller innvandreres språk;»³⁵.

Som vi ser er nynorsk etter denne definisjonen utelukka fordi det er eit offisielt språk i staten, og uavhengig av dette òg potensielt som dialekt av offisielle språk. Noreg ratifiserte pakta i 1993 og ho tredde i kraft i 1998. Der har Noreg definert desse språka som regions- eller minoritetsspråk: samisk, kvensk, romanes og romani. Estland har førebels ikkje signert pakta.^b

Pakta skil i definisjonen ikkje direkte mellom regions- og minoritetsspråk, men definerer tilleggstermen

^b Bakgrunnen for dette blir diskutert i avsnitt 5.15.

«ikkje-territoriale språk», som er språk som ikkje kan identifiserast med eit spesielt område innan staten. Dette blir dermed underforstått dei minoritetsspråka som ikkje er regionsspråk.

2.6 Mål og dialektar

Det norske ordet *mål* kan i daglegspråket vere synonymt med språk i ulike tydingar, illustrert ved samansette ord som tungemål, talemål, bokmål, riksmål, landsmål. Undervegs i oppgåva vil eg nytte det nær synonymt med *varietet*, altså utan dermed å leggje føringar for legitimiteten til ein status som språk, dialekt, målform eller andre potensielle teoretiske eller politiske tvangstrøyer.

Like problematisk som omgrepet språk er *dialekt*. Vikør skil ut fire definisjonar, av dei to lingvistiske, ein sosiologisk og ein psykologisk:

1a) Ein varietet av eit språk som blir kjenneteikna av i seg sjølv å utgjere eit komplett språkssystem, og som såleis kan fungere som «språk» i seg sjølv, men som står så nær andre liknande språkvarietetar at dei saman må reknast som dialektar av same språk.

1b) Som 1a), men med tillegg av at det dreier seg om ein geografisk avgrensa varietet.

2) Ein varietet som kunne ha fungert som «språk» i seg sjølv, men som ikkje er formelt standardisert og ikkje har nokon skriftspråkvarietet knytt til seg, og som i dei fleste moderne samfunn dermed har ein avgrensa funksjon som «næringspråk».

3) Den første talemålsvarieteten ein person lærer, uavhengig av kva samfunnsfunksjon eller status denne varietetten elles måtte ha.³⁶

Heinz Kloss legg til endå ein nyanse med termen *Ausbaudialekt*, som på norsk kan kallast *utbyggingsdialekt*. Dette er eit språk brukt som lokalt heimespråk i eit avgrensa distrikt og til avgrensa føremål, kanskje i den første lese- og skriveopplæring, i folkløristiske samanhengar o.l., medan eit nasjonalt eller overnasjonalt standardspråk dominerer i offisielle samanhengar. Dette blir dermed ein mellomting mellom språk og dialekt etter dei sosiologiske definisjonane. Kloss nemner sveitsartysk og lågskotsk som døme.³⁷

3 Språkplanlegging, revitalisering, målreising og andre metaforar

3.1 Språkplanlegging og språkrøkt

Kjende spørsmål frå norsk språkdebatt er desse: Kvifor kan ikkje språket utvikle seg fritt, på naturleg måte? Er det ikkje gale og unormalt å «tukle» med dei? Desse spørsmåla leier oss til omgrepet *språkplanlegging* (engelsk *language planning*). Nynorskordboka seier språkplanlegging er «*medviten styring av språktilhøva i eit samfunn*»³⁸, og Store norske leksikon legg til at «*[v]anligvis brukes språkplanlegging om normering av skriftspråk og prinsippene for denne, men begrepet brukes også om valg av skriftspråk i skolen og samfunnet ellers.*»³⁹

Eit oversyn over omgrepet gir Vikør (1994). Han understrekar at språkplanlegging på ingen måte er særnorsk – det er eit universelt fenomen. Termen *language planning* vart innført av den norsk-amerikanske språkforskaren Einar Haugen i 1959, og vart kjent i Noreg på 60-talet.⁴⁰ I boka som på norsk fekk tittelen *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre.* – den engelske originaltittelen på boka var interessant nok *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian* – utviklar Haugen eit omgrepsapparat for å forstå ein språkplanleggingsprosess.

Haugen (1968) skil mellom form (språkstrukturen) og funksjon (bruken av strukturen). Vidare skil han mellom igangsetjing og fullføring av endring. Ut frå dette definerer han fire trinn i ein språkplanleggingsprosess: val av norm, kodifisering av form, utbygging av funksjon og godkjenning frå samfunnets side. Dei to første av desse handlar om form, dei to andre om funksjon, kvar av dei inndelt i igangsetjing (1 og 3) eller fullføring (2 og 4) av endring.⁴¹ Den siste av desse er seinare endra til *gjennomføring* (*implementation*), som er den forma som har slått gjennom i faglitteraturen.⁴² Trinna er nærare skildra i appendiks E.

Det har vore ein tendens i retning av stadig vidare definisjonar av omgrepet språkplanlegging, i retning av at omgrepet omfattar «*all offentlig befatning med språkforholda i eit samfunn*».⁴³ I 1969 skilde Heinz Kloss ut to typar språkplanlegging: *korpusplanlegging* (*language corpus planning*) og *statusplanlegging* (*language status planning*), den første typen planlegging omfattar nye termar og andre endringar i norma, medan den andre omfattar posisjonen eitt språk har i høve til andre språk.

Det er interessant, som Vikør påpeiker, at i underoverskrifta til Riksmål og folkemål blir *language planning* erstatta med *språkpolitikk*. Samstundes har språkpolitikk vorte eit negativt ladd ord for språk-ideologiar som avviser styring og inngrep i språkbruken, og hos ein del har denne haldninga smitta over på språkplanlegging. Difor har mange føretrekt ord som språkrøkt, språkpleie, språkvern, måldyrking, målodling o.a. Desse må vi ifølgje Vikør likevel sjå som snevrare undertermar, medan språkpolitikk og språkplanlegging blir overomgrep, som ifølgje Sandøy og Vikør kan skiljast slik:

«Språkpolitikk er alle tiltak som emnar å verke inn på eller kontrollere språksituasjonen eller språkbruken i eit samfunn. Språkplanlegging er det same som å setje opp modellar for korleis ein viss språkstruktur skal utvikle seg, og arbeide for at desse modellane skal bli røyndom.»⁴⁴

I estisk terminologisk tradisjon svarar den vanlegaste omsetjande termen for språkplanlegging (*keelekorraldus*) først og fremst til korpusplanlegging, medan statusplanlegginga går under omgrepet språkpolitikk (*keelepoliitika*). Den praktiske gjennomføringa av språkplanlegging blir gjerne kalla språkrøkt (*keelehoole*), og språkpolitiske tiltak som skal leggje til rette for at ulike språk skal kunne oppfylle sine funksjonar blir kalla språkvern (*keelekaitse*).⁴⁵ I praksis er det flytande overgangar mellom desse omgrepa.

3.2 Språkdød, språkøkologi og revitalisering

Kan eit språk døye? Naturlegvis, vil mange svare – det framstår gjerne som svært sjølvsgagt at det finst levande og døde språk, og at eit språk som ikkje lenger har levande brukarar er dødt. Og ikkje berre *kan* det skje, det *skjer* heile tida og i eit ufatteleg tempo. At språk døyr er heller ingen ny tanke – målreisaringsmannen Hans Ross såg det til dømes som uunngåeleg, ein tanke han hadde frå Max Müller.⁴⁶ Tolkninga av fenomenet har derimot vore i endring – Ross såg ut frå nasjonsdanningsprosessane på 1800-talet mest på korleis gamle kulturspråk måtte døye for å gi plass til nye. I dag er språkdød i større grad sett i samanheng med språkleg mangfald versus globalisering og sentralisering.

Ut frå det vi har lese om problema ved å definere språk er det knapt teoretisk mogleg å svare ein gong for alle på kor mange språk det finst. Om vi likevel tenkjer oss at vi har utarbeidd «vasstette» kriterium for å

svare eintydig, ville det likevel vere eit praktisk uoverkommeleg arbeid å skaffe nok informasjon om alle språka i verda til å vurdere kvart eitt i høve til desse kriteria. Eit tilleggsproblem i så måte er forvekslingar og upresise namn, same namn på fleire språk eller fleire namn på same språk. Like fullt er det ut frå vanlege praktiske definisjonar mogleg å estimere kor mange språk det finst, og desse estimata fell oftast i same storleiksorden. Talet på språk i verda har vore rekna til alt mellom 3000 og 10000⁴⁷, alt etter korleis ein tel, men Hinton (2001) reknar 6000⁴⁸, som er eit vanleg tal i litteraturen – David Crystal konkluderer etter ei drøfting med at talet truleg ligg i området 5000–7000 språk kring år 2000.⁴⁹ Samstundes finst det berre i storleiksorden 200–250 land i verda.⁵⁰ Altså er det ein svært liten del av språka som har nokon eigen stat. Alle språk som ikkje er offisielt språk i ein stat, utdanningsspråk, handelsspråk eller brukt som internasjonalt språk (*language of wider communication*) står i fare for å bli utrydda i den moderne verda. Reine tal på brukarar er meningslause utan kontekst og seier lite om kor trygge språka er: 500 brukarar kan vere stabilt om dei er samla og isolerte, men i ferd med å døy ut om brukarane er spreidde. Michael Krauss meiner berre 10% av språka (om lag 600) vil overleve det neste hundreåret, og Crystal meiner at sjølv om vi er moderate vil det det vere dekning for å seie at halvparten vil døy i løpet av same tid.⁵¹

Levande og døde språk og språkdød er ein metafor som impliserer at ein ser språket i seg sjølv som ein levande organisme – eller som ein biologisk art. Dei færreste vil meine at nokon av delane er sant i bokstaveleg forstand, ettersom språket er ein struktur som ikkje kan eksistere uavhengig av brukarar. Like fullt ligg biletet i språket, og er ein viktig analogi for den såkalla språkøkologiske diskursen, som samanliknar språkdød med utryddinga av dyre- og planteartar. Opphavsmann til uttrykket *ecology of language* er Einar Haugen, som i 1972 definerte det slik: «*Language ecology may be defined as the study of interactions between any given language and its environment*».⁵² Ei meir spesifikk metaforisk tolking av omgrepet utvikla seg særleg på 90-talet⁵³ og kan illustrerast med eit sitat frå innleiinga til ei av dei sentrale bøkene som voks ut av diskursen, *Vanishing Voices*: «*Our research show quite striking correlation between areas of biodiversity and areas of highest linguistic diversity, allowing us to talk about a common repository of what we call biolinguistic diversity*».⁵⁴ Dette synet har hatt stort gjennomslag i UNESCO, og metaforen er tydeleg i tittelen *Red book on endangered languages*.⁵⁵ Både Crystal og Nettle

og Romaine tematiserer denne metafor-bruken, men ser han ikkje som særleg problematisk.⁵⁶ Den same metaforiske klangbotnen finst i sjølv ordet *revitalisering*, som gir assosiasjonar til ny livskraft for eit døyande eller dødt språk.

Dette «språkdøparadigmet» har altså fått svært stor gjennomslagskraft internasjonalt, hand i hand med meir generelle tankar om mangfaldet som ein verdi i seg sjølv. Eit slikt syn er derimot ikkje ukontroversielt. Eit godt døme kan vere kraftsalva i eit flittig sitert essay frå Kenan Malik (2000), som gjev laus på Crystal, Nettle og Romaine og deira tankefellar og tankefeller: Kjernen i den nye språkmangfalds- og bevaringsideologien kjem frå romantikken og folksgeist-tenkinga til Johann Gottfried von Herder, hevdar han, og er spekka med farleg tankegods finurleg tilpassa verda etter Holocaust, ei forvirring som fører til samanblanding av menneskerettar og grupperettar, skaper ein illusjon av at språk i seg sjølv har rett, og er med på å halde folk nede i fattigdom og uverdige levekår ved å ta frå dei retten til deltaking i den moderne verda fordi dei bør ta vare på ein tradisjonell livsstil. «*Let them die in peace*»⁵⁷ er Maliks konklusjon om dei truga språka. Sjølv om hans essay ikkje er eit vitskapleg arbeid, ser Suzanne Romaine (2004) det nødvendig å gå påstandane hans i møte om at «*it is modernity itself of which Nettle and Romaine disapprove*» og at dei meiner «*sulking on your own rock is a stage worth preserving*». Nei, seier Romaine, det er samfunna og språkøkologiane vi bør snakke om, ikkje språka i seg sjølv: «*When we lose sight of people and the communities that sustain languages, it becomes easy to argue [...] that there is no need to preserve languages for their own sake. We should think instead about languages in the same way as we do other natural resources which need careful planning: they are vital parts of complex local ecologies that must be supported if global biodiversity is to be maintained.*»⁵⁸

Det er lett å sitje att med ei kjensle av partar som står så langt frå kvarandre at dei ikkje greier å bli samde om kva dei er usamde om. Til sjuande og sist er det tre val i møte med språkdøden: ikkje gjere noko, dokumentere dei truga språka så godt som mogleg, eller prøve å fremje ei eller anna form for bevaring eller revitalisering⁵⁹, og Romaine argumenterer språkøkologisk for det siste. Frå språkvitskapleg hald har kritikken gått på at språkforskarar bør halde fingrane frå det språkpolitiske fatet og halde seg til nøytral dokumentasjon. Ein eksponent for dette synet er fonetikaren Peter Ladefoged,⁶⁰ som Romaine òg går i

møte: «*there is no politically neutral lens through which one can view what Ladefoged calls the facts*».⁶¹

Langs same linjene argumenterer Helge Sandøy, når han i si utgreiing om språkomgrepet, språkhaldningar og og purisme seier at «*Ein ideologisk eller fagleg uskyldstilstand finst ikkje. Har vi erkjent funksjonen språk har, må vi òg vilje noko.*»⁶²

3.3 Revitaliseringsprosessar

3.3.1 Fishman

Ein klassikar når det gjeld språklege revitaliseringsprosessar frå eit sosiolingvistisk perspektiv er Joshua A. Fishman. I 1991 gav at han ut boka *Reversing Language Shift*, og i 2001 følgde han opp med artikkelsamlinga *Can threatened languages be saved*. Det er interessant å leggje merke til at Fishman i hovudsak omtalar desse prosessane med uttrykk som unngår død/liv-metaforen, nemleg *reversing language shift* (RLS). Dette er eit medvite val hos Fishman,⁶³ som altså snakkar om å snu eit pågåande skifte, ei forskyving i bruksområda mellom to språk, der eit eit ikkje-truga språk overtek fleire og fleire funksjonar frå eit truga språk. Reversering impliserer at prosessen må gå andre vegen, at vi får i gang ei forskyving tilbake til ein mindre truga posisjon for det truga språket.

Fishman nytta i 1991 nemningane X for det truga språka, altså gjenstanden for revitalisering, og Y for det rivaliserande språket.⁶⁴ I oppfølgjaren frå 2001 nyttar Fishman forkortingane Th (threatened) om det utsette språket og N-Th (non-threatened) om den konkurrerande «storebroren». I tillegg skil Fishman mellom funksjonar med makt (P), slik som utdanning, arbeidsliv, styresmakter, massemedia) og utan makt (n-P) som familie, vennskap, nabolag og lokalsamfunn. Eit vanleg siktemål for den som vil snu eit språkskifte er å løfte det truga språket frå berre n-P-funksjonar til P-funksjonar. Oftast vil det vere urealistisk å overta alle P-funksjonar, eit meir realistisk mål er å dele ein del av dei med «storebror». I dei fleste tilfella er det ikkje realistisk og ofte heller ikkje ønskjeleg å oppnå fullt nasjonalt og politisk sjølvstende.⁶⁵

Språk handlar ikkje minst om kulturell identitet – går eit språk under, går òg ein kultur under. Det er eit poeng at ein «omsett kultur» ikkje lenger er den same kulturen. Blir eit språk først borte, er det noko meir som er borte for alltid, og skikkar og tradisjonar overførte til eit nytt språk bli berre restar av noko som

har vore.⁶⁶ Det er altså ikkje nok å «vere som alle andre, men på språk X».⁶⁷

Fishman ser endringsprosessane i eit globaliseringsperspektiv. Den pågåande globaliseringa inneber stadig større kontakt og samhandling med store strukturar, og i dette er det ein dynamikk som favoriserer store språk. Dei som vil snu språkskiftet (*RLS-ers* i Fishmans terminologi) er ikkje utan vidare motstandarar av globalisering, men dei søker eit kompromiss der det framleis er ein plass for deira språk og identitet. RLS-rørsler er difor ikkje anti-moderne. Det kan for mange vere nærliggjande å sjå på kampen for å snu språkskifteprosessar til fordel for små språk som eit romantisk og irrasjonelt prosjekt. Dei fleste som kjempar denne kampen er ute etter eit fornuftig kompromiss, der ein med fredelege middel vil sikre overføring av eige språk og eigen kultur frå generasjon til generasjon. Uansett korleis ein ser det, er dette ei svært vanskeleg og utfordrande oppgåve, og Fishman gjer det klart at det ikkje finst enkle vegar til å oppnå dette målet. Det er rett og slett forferdeleg vanskeleg.

Eitt problem for dei truga språka er at «storebror» er mindre avgrensa til sine faste funksjonar, og lettare vil smitte til nye funksjonar. Det er difor ikkje nok å sørgje for bruksområde og funksjonar for det truga språket – den vanskelege biten er å sørgje for at desse blir varige.

Kva prinsipp og stadium finst det så i medvitne prosessar med sikte på å snu eit pågåande språkskifte? Fishman meiner kjernen i ein RLS-plan er å setje inn kritiske tiltak som ein kan gjennomføre utan å gjere seg avhengig av støtte utanfrå. Dei kritiske tiltaka må ta sikte på å sikre eller vinne tilbake prioriterte funksjonar, men i tillegg må samband og samanhengar mellom funksjonane prioriterast. Det er altså sentralt at ein ikkje set inn ein innsats i eit avgrensa område som ender i eit vakuum.

Eit konkret døme på dette er å innføre skulegang på det truga språket. Om denne skulegangen fører til at born lærer det truga språket som eit andrespråk, er dette eit steg som i seg sjølv ikkje er nok, kanskje til og med meiningslaust, ettersom den som har lært språket som elev ikkje sjølv vil overføre det til neste generasjon. Altså må det eit samhengjande system til, som ivaretek dei aktive funksjonane til språket for unge vaksne før dei får born, bruken av språket i familieliv og lokalsamfunn, opplæring i språket som førstespråk og bruken av språket hos ungdom etter endt skulegang. Først når alt dette er på plass vil språket blir overført frå generasjon til generasjon som førstespråk, og blir denne samanhengen broten vil

vi få ei oppdeling av funksjonane til det truga språket slik at skulen igjen berre underviser i eit andre-språk.

Ei fungerande plan for å snu språkskifte krev at alle desse samanhengane er på plass som ein heilskap, at ein er medviten om kostnadene ved å sikte for høgt med omsyn til å skaffe seg «makt-funksjonar», og at RLS-rørslene har aktivistar, eldsjeler som verkeleg trur på eigen identitet som noko annleis som det er verd å ta vare på som annleis – altså ikkje berre i form av omsette versjonar av «storebror-kulturen».

Ein slik innsats vil alltid vere prega av indre motsetnader – ofte mellom «maksimalistar» og «minimalistar». Eit vanleg døme er konflikt mellom dei som vil ta sikte på full nasjonalt sjølvstende – altså politisk separatisme – og dei som ønskjer å sikre språket best moglege tilhøve innanfor dei eksisterande statsdanningane. I slike fall kan potensielle støttespelarar bli desillusjonerte, falle frå og trekkje seg ut av kampen for språket.

I tillegg vil RLS-arar møte ytre motstand frå nasjonalistar – som ser det som eit trugsmål mot den einskaplege nasjonalstaten – og internasjonalar, som ser på nasjonalstatane og nasjonalspråka som stadig meir irrelevant, og dei små lokale kulturane og språka desto meir så.

Kvifor er det så vanskeleg å snu språkskiftet og styrke eit truga språk? Fishman gir oppsummerande 5 delsvar på dette:

- (1) tapet av eit språk er ofte resultat av ei langvarig rørsle bort frå ein tradisjonell kultur, ei rørsle som fører med seg tap av potensielle tilhengjarar og ein rivaliserande identitet som ikkje lenger krev bruk av det tradisjonelle språket;
- (2) å organisere seg for eit svekka språk er ofte sett som sosialt stigmatiserande, trongsynt og anti-moderne;
- (3) for å forsvare eit truga språk må funksjonar både differensierast og delast med den sterkare konkurrenten, og dette er taktisk vanskeleg både å oppnå og oppretthalde;
- (4) funksjonar som skal vinnast tilbake må i eit maktperspektiv få samtidig støtte både «ovanfrå» og «nedanfrå».
- (5) motstanden mot RLS-rørsler vil komme både frå tilhengjarar av statsmakta og internasjonalar,

som meiner styrking av små språk forstyrar lokal samfunnsorden eller internasjonale fortrinn.⁶⁸

For å byrje å møte denne vanskelege utfordringa tek Fishman så først for seg vanleg argument mot at det er vits å prøve. Først og fremst er det alltid *noko* som kan gjerast, og målet må vere overføring av språket frå generasjon til generasjon. Det sentrale må vere å setje inn ein innsats som gir størst mogleg utteljing for dette målet. At det i det heile er *legitimt og ønskjeleg* å gjere noko i form av ein RLS-innsats, er eit verdival som filosofisk er minst like gyldig som motsatsen. Spørsmål bør difor ikkje vere *om*, men *kva* som skal gjerast.

For å systematisere analysen av innsats for revitalisering (RLS) lagar Fishman deretter ein skala modellert etter Richters skala for jordskjelv: GIDS (*Graded Intergenerational Disruption Scale*) Trinn 8 på skalaen – «det sterkaste skjelvet» – indikerer den mest prekære situasjonen, der språkskiftet er kome lengst fordi overføring mellom generasjonane ikkje lenger skjer. Skalaen til Fishman er gjengitt i appendiks F.

Fishman meiner ikkje at trinna alltid følgjer kvarandre i praksis. Poenget hans er at stillinga til språk X på denne skalaen seier noko om kva tiltak som har første prioritet for at ein RLS-innsats skal kunne lukkast. Til dømes er det innlysande meiningslaust å setje inn tiltak for å oppnå trinn 2 for eit språk som høyrer heime på trinn 8, altså der det er snakk om å berge sjølv minnet om språket. At det same gjeld for mindre sprang på skalaen er derimot ikkje alltid like innlysande, men like fullt logisk ut frå Fishmans hovudperspektiv: Ein feilprioritert innsats er i verste fall direkte skadeleg for å oppnå hovudmålet, nemleg å sikre overføring av det truga språket frå generasjon til generasjon.

3.3.2 Grenoble og Whaley

Ein introduksjon til revitalisering er Grenoble og Whaley 2006. Deira bok er bygd opp som eit praktisk verktøy for revitalisering. Med omsyn til terminologi dreg dei opp eit skilje mellom språkbevaring (*language maintenance*) og revitalisering. Revitalisering har som mål å auke det relative talet på brukarar og få det i bruk på fleire domene, medan språkbevaring skal verne og utvide dei domena der det er i bruk. I teorien er skiljet klårt – i praksis vil dei ofte vere vanskeleg å skilje.

Grenoble og Whaley oppsummerer fleire tilnærmingar til revitaliseringsproblematikken: vekt på språk-

mangfaldet som kulturverdi (Leanne Hinton og Ken Hale⁶⁹), kulturelt mangfald som følgje av språkmangfald som stimulanse for innovativ tenking og alternative verdssyn (David Nettle og Suzanne Romaine⁷⁰), og språkspørsmålet som sentralt i vern og utviding av minoritetsrettar (Tove Skutnabb-Kangas). Sjølv legg dei vekt på at revitaliseringa dei skisserer må vere drive fram av felleskapet av brukarar, nedanfrå og opp. I så måte er dei på linje med Fishman.⁷¹

Revitalisering av språk handlar om å skape motvekt til krefter som har vore eller er årsak til språkskifte. Sjølv om det finst mange like faktorar, må eit vellykka revitaliseringsprogram ta omsyn til det komplekse biletet av faktorar som får individ i eit språksamfunn til å gjere dei språkvala dei gjer. Det er difor viktig å motstå freistinga til å sjå berre på ein enkelt faktor.⁷²

Eit første steg i tilnærminga er å vurdere vitaliteten i eit språk, og i den samanheng viser dei til rammeverket i dokumentet *Language vitality and endangerment*⁷³. UNESCO listar opp ni faktorar som bør vurderast i samanheng med kvarandre. Faktorane er gjengitt i appendiks G.

Dei tre første av desse faktorane har å gjere med kor mange brukarar språket har og kva distribusjon dei har med omsyn til alder og i folkesetnaden som heilskap. Faktor 4–7 identifiserer korleis og kvar språk blir brukte. Faktor 8 handlar om korleis brukarane ser verdien av eige språk, faktor 9 kva materiell som er framstilt for å dokumentere språket.⁷⁴ Med unnatak av absolutt tal på brukarar set UNESCO opp ein skala frå null eller ein til fem for å vurdere dei andre faktorane, der fem er det mest vitale / trygge, og ein eller null er det mest kritiske for språket.⁷⁵

Grenoble og Whaley stiller opp ei sjekklister over steg for å organisere eit revitaliseringsprogram for språk. Samanlikna med Fishman er stega ifølgje dei sjølv like i ånd, men der Fishman tenkjer svært langsiktig er dei meir fokusert på dei tidlege fasane av «språkskiftesnuinga». Sjekklister inneheld åtte steg, gjengitt i appendiks H.⁷⁶

3.3.3 Hinton

Eit nyare oversyn over moderne revitalisering i praksis finn vi hos Leanne Hinton. Utgangspunktet hennar er innfødde språk (*indigenous languages*), som ho definerer som språk som har eksistert lenge i det

området der dei i dag er i bruk.⁷⁷ Hinton meiner i likskap med Fishman at revitalisering er både svært vanskeleg og alltid til ein viss grad mogleg. Ho konstaterer derimot at stega på skalaen til Fishman byggjer på røymsler med hebraisk og andre døme på språkutviding i ein stor skala som innfødde språk aldri kan håpe på. Ho tek utgangspunkt i modellen til Fishman, men snur det på hovudet, utvidar til ni steg på ein slik måte at kvart steg mot revitalisering byggjer på tidlegare steg. Dei ni stega til Hinton er gjengitt i appendiks I.⁷⁸ Vidare skisserer Hinton fem kategoriar som ho meiner omfattar dei fleste døma på revitaliseringsprogram (appendiks J).⁷⁹

Hinton tek opp ein del vanlege utfordringar. Ei av desse er språkendring – truga språk vil ofte vere i raskare endring enn store språk, og dette kan bidra til at unge brukarar gir opp, ettersom dei uansett ikkje får til å snakke «rett». Særleg meiningslause er kontroversar om kva former som er rettast der det er variasjon. Det er essensielt med toleranse for variasjon, og det er naturleg at det vil skje ei dialektblanding og -samansmelting når det berre er få brukarar att. Ei særleg utfordring er utviding av ordtilfanget, og dette kan vere kontroversielt fordi språket kan uttrykke særlege tradisjonelle verdiar som går tapt når ein endrar ved å ta inn omgrep etter modell av andre språk.⁸⁰

Som kjenneteikn ved vellykka revitaliseringsprogram framhevar Hinton tre element: at dei er *uthaldande*, *berekraftige* og *ærlege med seg sjølv*. Dette inneber at ein ikkje må ta nei for eit svar, at ting må gjerast på ein måte som det finst krefter til å vidareføre, og at ein ser kritisk på programmet, kor godt det fungerer og kva som kan gjerast betre.⁸¹

3.4 Retten til språk eller plikta til offer?

Oppsummert ser litteraturen om språkdød, -bevaring og revitalisering til å ha som gjennomgangstone at sjølv om det alltid er vanskeleg å snu språkskifte, kan det alltid gjerast noko, og det er vår (både fagfolket og ålmenta si) plikt å gjere det vi kan. Ein måte å tolke dette på er sjølv sagt at litteraturen har som føresetnad at språka i seg sjølve er verd å redde. Ingen skriv artiklar om betre og meir effektiv u-hjelp eller humanitær bistand dersom ein har eit (vonleg marginalt) menneskesyn som tilseier at slik bistand er meiningslaus og unødvendig. På same vis er det ein underliggjande premis for revitaliseringslitteraturen at vi

alt har teke verdivalet som tilseier at språkmangfaldet er noko vi bør bevare, samstundes som litteraturen inneheld både eksplisitt og implisitt argumentasjon for eit slikt verdival.

Eit problematisk aspekt er kven dette moralske «vi» er. Dei som faktisk *kan* gjere noko avgjerande er brukarane sjølve, ikkje primært skule, stat eller lingvistar.⁸² I tråd med Malik (2000) kan vi spørje om det verkeleg er dei fattige og underpriviligerte dei aller minste språksamfunna som har ei moralsk plikt til å forbli marginale i høve til den moderne verda? Fishman (1991) legg stor vekt på at språklege revitaliseringsrørsler ikkje er anti-moderne, men søkjer kompromiss, og sjølv om dette framstår som ein gjennomgangstone i standardverka om språkbevaring og revitalisering, ligg det i spørsmålet eit aspekt av uforløyst spenning om kven som har rett til kva: Har språka i seg sjølve rett til å leve? Eller har manneætta, eventuelt kloten, rett til språkmangfald? Og ikkje minst – det er ei grunnleggjande juridisk innsikt at det ikkje finst nokon rett utan plikt, og det er ein grunnleggjande skilnad mellom ei plikt for storsamfunnet til ikkje å hindre individ eller grupper språkleg fridom og ei moralsk plikt for gruppene sjølve til å halde på eit lite og marginalt språk. Denne skilnaden blir av forstålege grunnar berre i liten grad problematisert av ein litteratur som i stor grad byggjer på eit verdival om at språkmangfaldet er umisteleg. Ei balansert formulering finn vi hos Trond Trosterud (2003): «*Lingvisten si oppgåve i tida framover er todelt: Dels må vi dokumentere så mykje vi kan før det er for seint. Denne tida kjem ikkje att. Dels må vi fortelje talarane av språka i verda kva ein språkskifteprosess er, korleis han artar seg, og, viss desse talarane vil halde på språka sine, bør vi kome med gode råd og hjelp på vegen*».⁸³

3.5 Revitalisering i konflikt med nærskylde språk

Den nynorske og den sør-estiske målrørsla er døme på rørsler som har teke sikte på å revitalisere språk, med særleg vekt på skriftspråk. Av det føregåande framgår det at det i slike prosessar er temmeleg universelt at ein vil kome i konflikt med eit dominerande språk, ein «storebror». Mange av problema som er aktuelle ved revitalisering er aktuelle for begge desse rørslene.

Eit særdrag ved dei to døma denne oppgåva handlar om er et «storebroren» er lingvistisk nærskyld med det språket ein kjempar for å gjenopplive. Språka er ikkje «naturleg isolert» i høve til kvarandre, og det

skjer ei utveksling mellom dei som kan bli meir djuptgripande enn med heilt ulike språk (avstandsspråk). Det dreier seg (til ein viss grad) om kontinuum der det finst mellomformer der det kan vere vanskeleg å avgjere om høyrer til den eine eller andre kategorien.

Samstundes er det ingen prinsipiell skilnad mellom dialektød og språkød, skriv David Crystal: «*Dialect death is language death, albeit on a more localised scale.*» At det som døyr «berre» er ein dialekt er dermed kanskje «*rhetorically appropriate, but [...] of course cognitively nonsense*». ⁸⁴

3.6 Målreising – eit norsk omgrep?

I denne oppgåva nyttar eg omgrepet målreising, men skriv om fenomen og språk utanfor Noreg. *Uttrykket* målreising er i medvitet til nordmenn flest sterkt knytt til det nynorske, frå Ivar Aasen til Noregs Mållag. *Fenomenet* er derimot på ingen måte særnorsk.

Nynorskordboka definerer ordet målreising som «*arbeid for å skape ein språknormal (av dialektar), dyrke han og få han godteken i det språksamfunnet han høyrer heime*» ⁸⁵, medan nynorsk Wikipedia illustrerande nok seier at vi med målreising «*meiner (...) ein medviten og organisert strid for å reise opp til full vørðnad og fulle rettar eit språk som har vore underkua.*» ⁸⁶.

Ordboksdefinisjonen søkjer å vere nøytral, og ligg som vi ser svært nær opp til definisjonen på språkplanlegging. Eit sentralt omgrep er «språknormal». Dette skil altså etter denne definisjonen målreisinga frå revitalisering av unormerte talespråk. Wikipedia illustrerer på si side, med å nytte ord som *strid* og *underkua*, meir av motsetnadene og kamp-aspektet knytt til måten omgrepet blir oppfatta. Det ingen av desse definisjonane seier noko større om, er motivasjonen for, drivkreftene bak eller legitimeringa av ei målreising. Ein viktig grunn til dette er at medan det kan vere mogleg å nå ein konsensus om ytre trekk ved ei målreising, vil forståinga av idégrunnlag og drivkrefter alltid vere prega av mangfald og motsetnad – ikkje berre kontrastivt mellom ulike døme på målreisingar, men i minst like stor grad tolkinga og forståinga av kvar enkelt av dei. Ein freistnad på å klargjere tilhøvet mellom omgrepa kan vere å seie at kan vere å seie at målreising er ein språkplanleggingsprosess under visse vilkår, sett frå eit visst perspektiv.

Ein av dei som har hatt ei sterk meining om kva norsk målreising er, er Gustav Indrebø: «*Kva er då den*

berande, djupast aktive idéen i målreisingi? Det er den nasjonale reising- og sjølvhevdningstanken. Og truskapstanken. Det er ein ting me ikkje kan få med norsk-dansken, men berre kan få gjennom nynorsken: Det er eit norsk mål. Der er nynorsken eit u-ettergjevande, naudsynlegt vilkår.»⁸⁷

Indrebø viser hos her ein måte å sjå målreisinga på, men å late denne oppfatninga bli ståande ville ein karikatur av den typen motstandarar av nynorsken kan finne nyttig å ty til som stråmann. Sjølv Indrebø nemner mange andre vesentlege drag ved målreisinga, om han enn ser dei som sekundære: sosial reising (klassereising), pedagogisk grunngiving, levande kyrkjemål, stilideal (kamp mot kansellimål).

Er så målreising først og fremst eit nasjonalt prosjekt eller kanskje eit sosialt prosjekt? Eit klassisk problem i tolkinga av arbeidet til Ivar Aasen har vore den tilsynelatande motsetnaden mellom dei populistiske og dei nasjonalromantiske elementa i arbeidet, og dette søker Stephen J. Walton å løyse gjennom ei materialistisk analyse ut frå Antonio Gramscis omgrep hegemoni og mothegegoni: eit mothegegoni vil redefinere hegemoniet på eigne premissar. Ein av hovudkonklusjonane hos Walton var at Aasen ikkje kunne føresjå konsekvensane av industrialiseringa. Det mothegegoniet bøndene danna makta først ikkje å femne det nye urbane proletariatet. Aasens arbeid var eit progressivt, sosialt prosjekt, men fordi ein for seint fekk med desse nye viktige samfunnsgruppene, har eit prosjekt som frå først av gjekk langt for å vere ein antitese til nasjonalromantikken, har vorte sterkt assosiert med den same nasjonalromantikken.⁸⁸

Med omsyn til semantisk felt som metaforar gir målreising andre assosiasjoner enn revitalisering: Ei av ordbokstydingane til reising er (folke)rørsle.⁸⁹ Andre samansette ord med -reising er bureising, atterreising, arbeidarreising, bondereising. Desse orda leier tankane både til bygging, dyrking, motmakt og strid. Denne bakgrunnen er med på å gjere konnotasjonane til ordet målreising klarare for oss. I det vidare vil eg prøve å nytte omgrepet etter den nynorske ordboksdefinisjonen, og dermed dels synonymt med revitalisering.

4 Å samanlikne det eineståande. Ein metoderefleksjon

I det føregåande har vi definert og nytta nokre omgrep og definisjonar som er i bruk i studiet av språkplanlegging, revitalisering og målreisingar. Desse omgrepa er nødvendige verktøy når vi skal studere kon-

krete døme på slike *fenomen*, men dei gir ikkje i seg sjølv noko teoretisk rammeverk for *samanlikning*. I dette kapitlet vil eg gå inn på metodar som blir nytta ved komparasjon.

4.1 Kvifor samanlikne

Alt er eineståande. Det finst ikkje to like fall, ikkje to like system, ettersom dei då ikkje ville vore to fall eller to system, men eitt. At alle tilfelle er unike er det som på same tid gjer samanlikning mogleg og umogleg, det vil seie problematisering nødvendig.

Kvifor så samanlikning? Sjølv om denne oppgåva framfor alt handlar om sør-estisk, ligg det ein implisitt premiss i at ho blir skriva innanfor studiet av nynorsk skriftkultur, nemleg at det finst trekk ved det sør-estiske som har ein relevans for det nynorske. Berre det å skriva om sør-estisk på nynorsk er ei spesiell handling, ei slags erklæring som får spørsmålet til å melde seg: Kan dei samanliknast? I så fall på kva måte? Som følgje av dette er det uunngåeleg at prosjektet blir implisitt komparativt, og å innrømme det er i seg sjølv ein grunn til å gjere komparasjonen meir eksplisitt. Kva inneber dette?

I samband med omgrepsdefinisjonane i førre kapittel har vi sett at vi finn komparasjon i den samanliknande språkvitskapen som verktøy for å finne lydlover og språkslektskap. Vidare finn vi samanlikning i språktypologien for å finne systematisk variasjon mellom språkssystem. Kjennskap til desse formene for samanlikning er eit bakteppe for å forstå ein del av innhaldet i denne denne oppgåva, men ikkje i seg sjølv sentralt. Ei tredje grammatisk tyding av komparasjon er gradbøying, men denne oppgåva handlar ikkje om god–betre–best. Primært handlar ho om språk i samfunnet, berre sekundært om språkssystema i seg sjølv, i den grad dette er relevant for det første. Det er difor grunn til å sjå på meir tverrfagleg på samanliknande metodar.

4.2 Barth

Fredrik Barth (1972) har skriva prinsipielt om *synkron* komparasjon, då med utgangspunkt i sosialantropologiske problemstillingar. Han påpeiker at det vesentlege ved synkron komparasjon i motsetnad til diakron ikkje er om det som blir samanlikna er *samtidig*, men om det er *tidlaust*, altså samanlikna som reine former utan omsyn til kausalitet og historisk forløp. Kva er det som pregar variasjonen mellom former?

Samanliknar ein naturhistorikar fossil eller frø, har han objektive gjenstandar på bordet. I samfunnsvitenskap og humaniora vil vi sjeldan ha det – det er *skildringar* av fenomen vi kan samanlikne. Slike skildringar er aldri premisslause, påpeiker Barth. Tvert om kan premissane for skildringane opne eller stengje for kva spørsmål ei samanlikning kan gi svar på. Frå sosialantropologien framhevar Barth tre framgangsmåtar: 1) multifaktor-korrelasjon (George Peter Murdock), 2) struktur-funksjonalisme, og 3) prosess-analyse.⁹⁰

Den første av desse ser Barth som mest problematisk: å bruke store datamassar med abstrakt og syntetisert informasjon om – i hans døme – ulike samfunn i verd, for å finne statistisk signifikante korrelasjonar mellom formtrekk (faktorar). I denne oppgåva kunne dette til dømes vore på ein «flat» måte å definere trekk ved dei nynorske og sør-estisk skriftmålssamfunna – eller ved dei to målrørslene – og så sjå på desse med statistisk blikk. Det problematiske i dette ligg først i at skildringar som nemnt ikkje er premisslause, og at kvaliteten på datagrunnlaget er usikker og ujamn. Vidare føreset metoden at det er legitimt å samanlikne eigenskapar statistisk utan omsyn til underliggjande strukturar. Kan ein utan vidare samanlikne svært store og svært små samfunn med føresetnaden at omgrepet samfunn er meiningsfull nok til å rettferdiggjere at ein bruker same variablar om så ulike strukturar?⁹¹

I desse spørsmåla ligg byrjinga på ei strukturfunksjonalistisk tilnærming, nemleg at sosiale og kulturelle former utgjer komplekse system med delar som står funksjonelt i tilhøve til kvarandre – å forstå oppbygginga av systemet (hos Barth: samfunn) er å vise kva funksjonar delane har i høve til kvarandre, og då særleg korleis dei tener til å halde heile systemet ved like. Denne tilnærminga fører i praksis ofte til at ein byggjer ut systemklassifikasjonar til ein slags taksonomiar, noko som i seg sjølv er vorte gjenstand ein for sterk kritikk Barth meiner dels er overdriven. Ein av dei viktigaste eigenskapane ved strukturfunksjonalistisk komparasjon er nemleg stegvis generalisering – når ein tek nye system inn i komparasjonen, må ein tilpasse apparatet ein laga for å skildre dei førre, og ein får dermed skildrings- og omgrepsapparat som er meir generelle. Generaliseringa er då noko ein systematisk blir tvinga til av formvariasjonane i materialet. Vidare krev strukturfunksjonalismen at ein ikkje samanliknar lausrivne trekk men heile strukturar – noko som sjølvsgatt er relativt, men som eit minimum inneber at ein søkjer å konstruere modellar

med samanheng mellom trekk. Barth ser på bantu-kongedøme. I vår samanheng kunne vi til dømes sjå på nasjonsbyggingstanken som er verksam i dei to språksamfunna: i ein «flat» analyse ville dette lett bli uforståeleg eller inkjeseiande. Ein struktur-funksjonalistisk tenkjemåte kan setje oss i stand til å spørje om dei nasjonale ideane spelar ei ulik rolle i dei to systema – er det til dømes slik at slike verksame idear kan gi drahjelp til den eine rørsla og motbør til den andre? Trekk fungerer innanfor ei total ramme, og form og konsekvensar må forståast i samanhengen.⁹²

Slik strukturfunksjonalisme gir derimot i seg sjølv ikkje grunnlag til å prøve grunnleggjande postulat, ettersom metoden ikkje let oss røre dei analytiske premissane for komparasjonen. Vi har gjennom skildringane med oss oppfatningar om kva som er stabilt og kva som er viktige einingar i systemet, og desse vil ikkje metoden korrigere på nokon grunnleggjande måte. Dette leier til den tredje perspektivtypen Barth skildrar: prosessanalysen.⁹³

Eit hovudproblem er spesifisering av kontinuitet. Barth nyttar eit døme om ein mann som ser på eit akvarium, og etter ein uoppmerksom augneblink konstaterer at det er ein fisk der det nettopp var ei krabbe. Om han spør korleis krabba vart til ein fisk, har han avgrensa si oppfatning av kontinuiteten. Dette gir problem som han ikkje vil få ved i staden å spørje: dette er det same akvariet – kva har hendt? For å svare på slike spørsmål søkjer prosessanalysen å skildre ein prosess med ulike stadium. Det er då ikkje tale om å skildre eit historisk forløp som skjer ein gong, men å modellere ein dynamikk som skaper ei føreseieleg variasjonsbreidd. I denne samanhengen blir komparasjon òg ein måte å skape sjølve skildringa på: ved å variere ein faktor og halde dei andre konstante, kan vi registrere korleis dette påverkar forma. Dette føreset at ein arbeider komparativt, ettersom ein må finne system som liknar men har éin variabel som er ulik. Den prosessanalysen sosialantropologen Barth skildrar er altså ei ramme som nyttar komparasjonen på same grunnleggjande måte som ein del andre vitenskapar nyttar eksperimentet.⁹⁴

Slik komparasjonsdriven prosessanalyse er ingen snarveg. Det stiller store krav til både materiale og resonnement, og nok materiale finst oftast berre for fungerande system i samtida. Ikkje minst er det avgjerande at ein er medviten om grensene for kva den teoretiske ramma kan gi svar på. Barth bruker ein anekdote frå den engelske antropologen Isaac Schapera som påminning om dette: mannen som samanlikna ein

som drakk whisky og soda og ein som drakk bourbon og soda, og som ein kontroll fekk ein tredje til å drikke gin og soda, for så å konkludere med at sodaen gir tømmermenn.⁹⁵

4.3 Kjelstadli

Knut Kjelstadli (1988) skriv om «nyttan av å samanlikne». Han tek utgangspunkt i historiefaget, men med relevans for samfunnsfaga generelt, skriv han i innleiinga. Dersom ein ikkje problematiserer forklaringsmodellane, risikerer ein å nytte stikk motsette forklaringsprinsipp vilkårleg og om kvarandre. Det er på denne bakgrunnen Kjelstadli stiller spørsmålet om «*ikke all vitenskapelig metode som angår forklaringer av kausalforhold, egentlig er varianter av det å sammenlikne*». Ei type samanlikning er å samanlikne same struktur på to tidspunkt. I dette perspektivet er historiske forklaring *diakron* komparasjon. Ein annan måte er å nytte ein kontrafaktisk hypotese i samanlikning med ein faktisk situasjon. Men ingen av desse to blir til vanleg omtala som komparativ metode: det å samanlikne to ulike forløp, system eller strukturar og leite etter likskapar eller ulikskapar mellom dei.

For at ein skal kunne samanlikne, må studieobjektet ha ein viss systematisk karakter: ein indre orden, ein logikk, eit mønster. Samstundes finst det innvendingar mot å bruke system i historieforskning, nemleg at det inneber ei tingleggjering. Kjelstadli meiner det å bruke komparasjon i historiefaget likevel krev at ein tek inn systemperspektivet og ei eksplisitt teoretisering rundt det ein samanliknar.⁹⁶

4.4 Ågotnes

Ein annan som i likskap med Kjelstadli nærmar seg komparasjonen får eit historisk perspektiv er Ågotnes, som siterer Fredrik Barth når han slår fast at «*there is no established procedure which could be named «the comparative method»*».⁹⁷ Det er altså ikkje slik at det finst ein einaste rett måte å gjennomføre samanlikningar på. Det teoretiske grunnlaget for ein «streng» komparativ metode vart lagt i 1843 av John Stuart Mill – ein induktivistisk metode der ein skal oppdage og teste årsakssamanhengar induktivt. For dette finst det fleire metodar, dei viktigaste kan vere samsvarsmetoden (*The Method of Agreement*) og skilnadsmetoden (*The Method Of Difference*). Samsvarsmetoden samanliknar situasjonar til ein finn to eller fleire der det same elementet (verknaden) finst samstundes som det er eitt og berre eitt felles element

til (som ein identifiserer som årsaka). I skilnadsmetoden ser ein på situasjonar som er heilt like bortsett frå at verknaden berre finst i ein av dei, og ein og berre ein ulik faktor på årsakssida. Ein tredje teknikk er samvariasjonsmetoden, der ein samanliknar situasjonar der eit fenomen (verknaden) førekjem med ulik styrke, og undersøker om ein faktor på årsakssida viser ein tilsvarende variasjon.

Ifølgje Mill kan desse metodane kan nyttast temmeleg stringent i naturvitskapane. Problemet med å tenkje så skjematisk i samfunnsvitskapar (og humaniora) er at der er tilhøva meir komplekse enn i til dømes fysikk. Det kan vere svært vanskeleg å på vise og generalisere kring årsakssamanhengar. Eit fenomen kan ha fleire årsaker (*plurality of causes*), og vi kan finne klynger av innbyrdes relaterte faktorar på årsakssida (*multiplicity of causes*). Om vi så greier å finne ein årsaksrelasjon (til dømes ved samvariasjonsmetoden) vil ikkje dette gi oss tilgang til heilskapen som omgir «årsaksfaktoren», fordi «*It is the whole that produces the whole, rather than any part a part*».⁹⁸

Emile Durkheim kritiserer Mill – han meiner at samfunnsfenomen kan isolerast og definerast som ting, og sjølv om samfunn er kompliserte, kan ein teste årsakshypotesar fordi ein alltid kan gjere årsakssamanhengar enkle. Durkheim fokuserer på samvariasjonen, som peikar på ein årsakssamanheng. For å finne ut kva denne samanhengen nærare består i, må ein teste for andre faktorar som kan påverke tilhøvet mellom fenomena. Durkheim forlèt her empirien og tolkar fenomena i ein større samanheng av sosiale relasjonar. Sjølv meiner han at fakta peikar ut tolkinga.⁹⁹ Men eit induktivistisk syn – slutningar frå enkelttilfelle til det allmenne – er ikkje lenger eit gangbart syn på korleis ein kan gjere vitskaplege oppdagingar. Derimot kan ein gjennom komparasjon finne grunnskjema for hypotese-testing innan eit hypotetisk-deduktivt paradigme. Dette føreset likevel – som Durkheim gjer – at samfunnstilhøve kan splittast i klart åtskilte element.

Men det finst ei anna tilnærming til komparasjon enn den som har å gjere med hypotese-testing, påpeiker Ågotnes, nemleg ønsket om å finne universelle samfunnsmessige samanhengar. Komparasjonen kan påvise universelle trekk og dermed ramma som den sosiale variasjonen kan utspele seg innanfor. Ei tredje hovudrolle er utvikling av omgrep, problemstillingar og hypotesar. Då kjem vi tilbake til induksjonen, men no utan illusjonar om å vere «føresetnadslaus»: induksjonen er ein «oppdagingsmetode».¹⁰⁰

Uansett må komparativ framgangsmåte starte med å få fram eit bilete av variasjon, og dette må ha eit føregåande teoretisk utgangspunkt som ikkje er avhengig av samanlikningane. Utgangspunktet avgjer kva element det er interessant å samanlikne. Dermed er føresetnadene for komparasjon både ei allmenn forståing og ein meir eller mindre laus teori om samanhengane i forskingsfeltet.

Samstundes vil biletet av variasjon innsamla gjennom empiri stundom vere overraskande. Eit døme er kryssnasjonal samanlikning. Ågotnes bruker eit døme frå arbeidslivet: Medan arbeidsformannen er ein relativt stabil «sjølvsgt» kategori i Noreg, vil vi ved til dømes å samanlikne med Tyskland finne at denne kategorien ikkje er nokon sjølvsgd storleik, og dermed vil kontrasten framheve trekk ved kva som er særlege for den norske formannsrolla.

Denne innsikta kan vidare føre med seg det Ågotnes kallar «forklaringstvang» – når det blir klårt at formannsrolla i Noreg og Tyskland ikkje er den same, kjem årsakene til trekka ved formannsrolla i fokus, der det før ikkje var nokon slik tvang fordi det så å seie ikkje var noko spesielt å forklare – innanfor ei nasjonal referanseramme måtte formannsrolla berre forklarast på grunnlag av svært allmenne strukturar. Komparasjon ruskar på denne måten opp i vanetenking og skaper problemstillingar og forklaringar på det om før var sjølvsgt. Men samstundes fangar og styrer han tankegangen: Den norske formannen blir «forma» i lys av kontrasten til sin tyske kollega.¹⁰¹

Korleis bryte ut av denne fangenskapen? Ein måte er å trekkje inn fleire land. Då får vi fleire problemstillingar, men tanketvungen er der i prinsippet framleis. Då kjem vi over i «andre akt» i komparasjonen: korleis spele på den framkomne variasjonen. Her peiker Ågotnes på ein viktig skilnad mellom sosiologens og historikarens blick. Sosiologen vil søke ei avklara sanning som ein streng komparativ metode kan gi, ved å konstruere ein universell modell der variasjonsbreidd blir forklara med tilsvarande variasjon i underliggjande strukturelle trekk. Historikaren vil ta det meir nyanserte blikket komparasjonen har gitt og med det gå laus på den spesifikke nasjonale kompleksiteten.¹⁰²

Streng komparasjon føreset at elementa er klårt avgrenselege og ekvivalente, og dette må kunne fangast i definisjonar. Problemet er at ei slik tilnærming kan gi ei overflatisk omgang med empirien, fordi ein når variasjonstrekk har dukka opp – då gjerne på ein enkel og slåande måte – sluttar å arbeide med empirien.

Ein får spontane assosiasjonar som ofte er overbestemt av dei teoretiske føresetnadene. Studerer ein derimot kvart element vidare for seg blir tilhøvet til omgivnadene mangfaldig. Meir problematisk blir det når elementet etter indre føresetnader framstår som noko for seg sjølv, ikkje berre forårsaka men òg forma av omgivnadene. Då kan det blir ubehageleg ulikt dei «ekvivalente» elementa i andre kontekstar. Komparativ metode i streng forstand har problem med å oppfylle eigne grunnleggjande krav til isolerbarheit og ekvivalens.

Ågotnes konkluderer med at bruken av komparasjon er fruktbart for å skjerpe blikket for interessante fenomen og ta inn nasjonale særdrag. Derimot kan komparasjonen miste denne funksjonen om han går over til å bli ein metodikk, fordi det stansar arbeidet med dei innvendige samanhengane og konstitusjonsprosessane. Blir skildringa kompakt, blir samstundes omrisset av elementa utydeleg. Det kan vere at eit trekk kan vere enkelt å forklare, men meir sannsynleg er det at ein må opparbeide den indre samanhengen ut frå ein heilskapleg kontekst. Derimot kan ein ikkje dermed få ei stringent komparativ hypotese-testing. Den sterke sida til komparasjonen er evna til å bidra til uventa problemstillingar, å utgjere det konstante åndedrettet til forskinga, meir enn å vere eit verktøy i ei verktøykasse.¹⁰³

Men, påpeiker Ågotnes: Til grunn for danning av analytiske omgrep ligg ein analogisk måte å tenkje på: samanlikninga av bilete som blir sett som heilskapar. Heilskapane liknar, utan et det kan tilbakeførast til enkelttrekk. Det er heilskapsbilete som gir «gjenkjenningseffekten», «familielikskapen». Slik analogisk tenking pregar måten vi tenkjer på til dagleg, og å transformere dette til ei streng klassifikasjonstenking vil gjere vald på røynda – medan slik transformasjon samstundes er eit viktig grunnlag for vestleg vitenskap.¹⁰⁴

Ut av dette trekkjer Ågotnes at den prøvande, heuristiske forma for komparasjon kan vere ein måte å halde på den plastisiteten og openheita som kjenneteiknar den analogiske tenkemåten. Han stiller spørsmålet om dette er eit fundamentalt skilje mellom sosiologi og historie. Historiefaget har aldri vore prega av klassifikasjonsdiktatur. I historiefaget er fella heller den «narrative freistinga» – å ordne hendingsrekkjer og dermed gi ein illusjon av å ha forklart. Dette er ein illusjon som komparasjon kan bryte. Farane ved «streng» komparasjon er at ein kan gå glipp av desse kvalitetane.¹⁰⁵

Dette er ei tverrfagleg oppgåve innan eit tverrfagleg studium av nynorsk skriftkultur. At oppgåva er komparativ tyder ikkje at ho i eitt og alt følgjer ein strengt definert metode – som vi har sett kan det stillast spørsmål ved om ein slik metode i det heile finst. I oppgåva ligg det både ein implisitt og ein eksplisitt komparasjon. Den implisitte komparasjonen skjer gjennom at historia om den sør-estiske språkstoda blir fortalt i ein norsk kontekst, og ved at ei kortfatta historie om den norske situasjonen vil bli fortalt på ein relevant måte. Den meir eksplisitte komparasjonen skjer i konklusjonen på to måtar. Først ved at dei to språka – nynorsk og sør-estisk – blir plasserte i høve til kategoriar for språk og revitalisering. Og deretter – i Ågotnes' ånd – på ein meir prøvande, heuristisk måte, ved å vurdere trekk frå framstillingane som utgjer likskapar og skilnader mellom dei to situasjonane. Denne komparasjonen har dermed mykje til felles med komparasjon i historiefaget.

5 Språk og målreising i Estland og Sør-Estland

5.1 Estisk historie i fugleperspektiv

Estland ligg sør før Finskebukta og nord for Latvia, og er med sine knappe 1,3 millionar innbyggjarar og 45 226 kvadratkilometer det minste og nordlegaste av dei tre landa som ofte blir gruppert som Baltikum. Historisk har landet vore tett knytt til Vest-Europa, og den nasjonale identiteten er kjenneteikna av eit sterkt medvit om at kulturen har meir til felles med Tyskland enn med Russland og andre delar av det gamle Tsar-Imperiet. Språkleg høyrer landet til det som ein gong må ha vore eit dialektkontinuum med Finland, og frå Tallinn er det kortare til Helsingfors enn til Riga. Kulturhistoria dei siste fem hundre åra har likevel gitt mange felles drag med Latvia. I store delar av denne historia har derimot ikkje dei estiske områda vore samla som eitt land, men vore delt mellom Estland (dagens Nord-Estland) og Livland (Nord-Latvia og Sør-Estland). I det følgjande historiske oversynet vil eg difor nytte «dei estiske områda» eller «dagens Estland» som synonyme grovkorna samlenemningar for områda med folkesetnaden som i dag utgjer Estland, dette for å unngå samanblanding med Estland i motsetnad til Livland. Lesaren må i det vidare sjølv ta omsyn til at all kortfatta historieforteljing om små europeiske land til ein viss grad blir å projisere seinare konstruerte nasjonar tilbake på ei tid før dei fanst som omgrep.

Før mellomalderen var dei estiske områda styrt av lokale høvdingar for finsk-ugriske stammer, altså dei språklege forfedrane til dagens estarar. Dei var truleg på plass der seinast kring 500 f.Kr.¹⁰⁶ Denne perioden er i nyare tid seinare konstruert som «den gamle fridomstida».¹⁰⁷ Frå 1000-talet av hadde det kome kortare plyndringstokt frå russisk side, men omkring 1200 slutta det dei estiske historiebøkene omtalar som «den gamle fridomskampen» mot tyske og etter kvart danske «korsfararar». I 1202 grunnla tyske biskop Albert Sverdriddar-ordenen i Riga, og ved slaget ved Viljandi i 1217 vart dei sørlege delane av dagens Estland erobra av ordenen. I nord allierte tyskarane seg med danske kong Valdemar Sejr og område nord i landet. Kong Valdemar Atterdag selde i 1346 desse områda til Den tyske orden, som Sverdriddarane då hadde vorte ein del av.¹⁰⁸

I over seks hundre år skulle tyskarane trass skiftande regime bli vertande dei reelle makthavarane i dei estiske områda.

Som følge av den tyske dominansen vart dei estiske områda òg med på den lutherske reformasjonen frå 1520-åra av.¹⁰⁹ Reformasjonen bidrog til ei svekking av ordensstaten, men ikkje dermed av den tyske kulturelle dominansen. Frå 1500-talet vart dei estiske bøndene i stadig større grad gjort liveigne under tyske godsherrar.¹¹⁰ I 1558 vart Livland, som omfatta dei sørlege estiske områda, invadert av Ivan 4 den grusame, den tyske ordensstaten gjekk opp i limingane, og det gamle Livland opphøyrd å eksistere.¹¹¹ I 1561 vart Tallinn inntoke av svenske styrkar under kong Erik 14, men i store delar av dagens Estland var det krig. Sverige stod i krig med tsaren i Moskva, som i sin tur òg var i krig med kongeriket Polen og storfyrstedømet Litauen. Russarane prøvde å gjere Livland til ein vasallstat med sete i Põltsamaa, men lukkast aldri i særleg grad.

I hovudsak vart Sør-Estland kontrollert og styrt av Polen i perioden 1561–1625, med utgangspunkt i ein avtale mellom den liviske orden og polskekongen Sigismund II Augustus. Trass kongens lovnader om at områda skulle få behalde tysk språk og luthersk tru, sette polske jesuittar snart i gang reformer i form av motreformasjon og rekatolisering. Dei polskstyrte liviske områda omfatta då i tillegg til Nord-Latvia to administrative regionar i det sørlege av dagens Estland, ein med sete i Tartu og den andre i Pärnu. Samstundes var Saaremaa (Ösel) under dansk styre i perioden 1559–1645. I 1629 fekk svenskane kontroll

over Sør-Estland, og i 1645 òg over Saaremaa.¹¹²

Det var i svensketida det første Universitetet i Tartu vart opna i 1632, formelt grunnlagt av Gustav II Adolf, i praksis av hans liviske generalguvernør Johan Skytte. Lokalt var det framleis den tyske adelen som hadde mest reell makt. Inntoget til svenskane innleidde likevel ein periode som i tradisjonen framleis går under nemninga «den gode, gamle svensketida¹¹³», fordi det svenske styret til ein viss grad letta på vilkåra for dei liveigne bøndene og innførte obligatorisk lese- og skriveopplæring, og fordi svensketida framstod som betre i kontrast til dei lidingane som folkeminnet tilskriv tidene som skulle kome.¹¹⁴

Den store nordiske krig i perioden 1700–1721 markerer slutten på svensketida. Krigen ramma det estiske folket svært hardt, og folketalet gjekk markert ned. Frå denne tida kjenner vi klagesongen «*Oh! ma waene Tardo liin*» (Åh, eg stakkars Tartu by) skriven kring 1708 av ein estisk lærar og diktar kjent under namnet Käsü Hans (Hans Kess). Klagesongen på 32 strofer skildra i sør-estisk språkdrakt alle lidingane som vart byen til del då russarane herja i perioden 1704–1708.¹¹⁵ Svenskane kapitulerte i 1710 og avstod formelt dei estiske områda i 1721.¹¹⁶

Heile dagens Estland var dermed frå 1721 formelt under russisk overhøgdom. Det estiske folket var i denne perioden delt mellom to provinsar – såkalla guvernement – nemleg Estland (Nord-Estland) og Livland (Sør-Estland og Nord-Latvia).¹¹⁷ I bytte mot lojalitet til tsaren fekk dei tyske godseigarane i løpet av denne perioden større fridom i sine område, noko som ofte tydde mindre vern for dei liveigne estiske bøndene.¹¹⁸ Universitetet i Tartu vart, etter å ha vore stengt sidan slutten av svensketida, gjenopna som eit russisk universitet i 1802,¹¹⁹ og vart – i byrjinga mest gjennom tyske «estofilar» – også eit viktig grunnlag for ei estiske «nasjonale vekkjinga» frå midten av 1800-talet, som særleg mot slutten av hundreåret ovra seg sterkt både gjennom språklege, kulturelle og politiske steg i retning av nasjonsbygging og krav om demokrati. Frå byrjinga av 1800-talet fekk allmugen igjen noko fleire rettar, i 1802 fekk dei arverett og det vart oppretta lokale domstolar som var med på å leggje grunnen for auka sjølvstyre. Liveigenskapen vart formelt avskaffa i 1816 (Estland) og 1819 (Livland). I byrjinga var dei praktiske følgjene små for dei fleste, ettersom dei mangla høve eller midlar til å kjøpe fri jorda.¹²⁰ På lang sikt var det del av ein langt større prosess, og det var av stor symbolsk verdi at estarane då dei vart fri frå trældomen òg fekk

etternamn. På denne tida ser vi òg dei første teikna til ein estisk intelligentsia, med den unge poeten Kristjan Jaak Peterson (1801–1822)¹²¹ som ein tidleg svale, følgd av Friedrich Robert Faehlmann (1898–1850) og Friedrich Reinhold Kreutzwald (1803–1882), begge legar og forfattarar. I 1838 vart Gelehrte Estnische Gesellschaft (estisk *Õpetatud Eesti selts*) stifta med det som mål å fremje kunnskap om det estiske folket, historia, språket, litteraturen og landet.¹²² Ei estiskspråkleg avis såg første gong dagsens lys i 1806 – altså før liveigenskapen var avskaffa – og då i sør-estisk språkdrakt. Avisa, som heitte *Tarto Maa Rahva Näddali-Leht* (Tartu-landfolkets vekeblad), kunne kome ut på grunn av den heldige konstallasjonen at rektor G. Fr. Parrot ved Universitetet i Tartu og pastor F.D. Lenz, som stod for sensuren, var relativt vidsynte folkeopplysingsmenn. I tillegg til ukontroversielle råd om gardsdrift skreiv avisa òg om så uheyrde ting som nytt frå den store verda, og fekk difor ikkje kome ut lenge – snart kom klagane frå adelen om at avisa gjer bøndene mindre lydige mot herrane sine og skriv om ting som bønder ikkje har noko med å lese om. Som følgje av slike klagar og frykt for opptøyar i samband med rekrutteringa til militæret forbaud tsaren avisa i slutten av 1806 og fekk destruert alle eksemplara.¹²³ Dei ti første numra vart først attfunne i arkiva i 1994. Det skulle ta vel femti år til før avisa som i dag reknast som grunnleggjaren av den moderne estiske pressa (og upresist ofte som den første estiske avisa), «Perno Postimees ehk Näddalileht» ('Pärnu-postmannen eller vekebladet') som først kom ut i 1857 og då i ei nord-estisk språkdrakt. Avisa tok som første publikasjon i bruk nemninga «det estiske folk» (*Eesti rahvas*) framfor «landfolket» (*maarahvas*).¹²⁴ Også korsongen spela ei viktig rolle i samlinga av det estiske folket, den første store nasjonale songfesta vart arrangert i 1869 og la grunnen for ein tradisjon som framleis står som eit av dei fremste nasjonale symbola.

Gjennom det meste av «tsar-tida» hadde ikkje imperiet lagt seg opp i den lokale kulturen, det vere seg kulturen til allmugen eller adelen. Eit sentralt omgrep var den baltiske særordninga, kjend som «der baltische Landesstaat»,¹²⁵ som gav (adelen i) dei baltiske områda ein stor grad av autonomi. 1880-åra vart derimot prega av ei bølge av kulturell og språkleg russisfisering: Russisk vart administrasjonsspråk, rus-sarar vart generalguvernørar, russiske lover og ordningar vart gjort gjeldande. I første omgang ramma dette adelen, men etter kvart gjekk russifiseringspolitikken òg ut over «urfolka», med motarbeiding av

nasjonalt orienterte organisasjonar og innføring av russisk i skulen. Dette kan i ettertid sjåast som ein strategisk uklok politikk frå russarane si side, ettersom russifiseringspolitikken vende estarane mot tsar-styret. Russarane kunne vorte sett som ein alliansepartner mot sjølve arvefienden, den undertrykkjande tyske adelen. No spela i staden russifiseringa korta i hendene på dei meir radikalt stemte av dei estiske nasjonsbyggjarane.¹²⁶

Omveltingane i tsar-dømmet i 1905 medførte gjennom tsar Nikolais såkalla oktobermanifest visse demokratiske rettar, men samstundes radikalisering. Dei første offisielle estiske politiske partia vart no skipa. Oktoberrevolusjonen i Russland i 1917 og krigen mellom russarane og tyskarane var i Estland følgd av destabilisering og nasjonal mobilisering, som kulminerte med det estiske sjølvstendemanifestet «Manifest til alle Estlands folk» som den 24. februar 1918 vart opplese i Pärnu. Tyskarane var på retrett, og Estland eksisterte dermed offisielt som sjølvstendig stat då sovjetrussarane igjen ville innta områda. Dette innleidde fridomskrigen, som ende med freden i Tartu i 1920 der Sovjet-Russland anerkjente Estland som sjølvstendig stat. Frå 1918 (1920) var Estland ein estisk nasjonalstat med estisk som offisielt språk og med institusjonar som hadde som mål å ta vare på den estiske kulturen.¹²⁷

Den estiske staten var frå byrjinga av demokratisk, men ustabil. Manglande evne til å skape fungerande regjeringskoalisjonar førte til misnøye. Særleg misnøgde var dei såkalla fridomskrigsveteranane, som utvikla seg til ei rørsle som må sjåast i samheng med dei fascistiske rørsleane i Europa, men som samstundes nekta å samarbeide med dei baltisk-tyske nazistane.¹²⁸ I 1934 gjorde Konstantin Päts eit ublodig statskupp for å hindre desse «veteranane» i å kome til makta, og perioden 1934–1938 er kjent som «den stille perioden», prega av mindre demokrati og meir einsretting, men utan dei ekstreme utslaga ein såg mange andre stader i europa. Frå 1938 var tendensen tvert om ei re-demokratisering, men diverre var det andre og større krefter utanfor Estland som skulle diktere vegen. I 1939 tvinga Sovjetunionen, som hadde Molotov-Ribbentrop-pakta med Nazi-Tyskland i baklomma, Päts-regimet til å godta russiske militærbasar på estisk jord. I 1940 kunne dermed Stalin-regimet regissere Estlands «søknad» om opptak i Sovjetunionen, vel vitande om at det var fleire sovjetiske enn estiske soldatar på estisk jord. Særleg traumatisk var dei store deportasjonane til Sibir i 1941 og 1949, der Stalin-regimet med alle midlar prøvde å knekke

motstandsviljen i det estiske folket – eit stykke på veg med hell.¹²⁹ Berre avbrote av tysk okkupasjon frå 1941–1944 var Estland ein del av Sovjetunionen til 20. august 1991, då den politiske prosessen i retning av større sjølvstende som vart mogleg under Gorbatsjovs glasnost- og perestrojka-politikk og som kulminerte med det mislykka gammalkommunistiske augustkuppet i Moskva då estarane for andre gong greip det historiske høvet til fullt nasjonalt sjølvstende.¹³⁰

Det er verd å merke at det estiske språket, utan vesentleg påverknad frå russisk, i heile Sovjet-perioden i praksis fungerte som administrativt språk for interne tilhøve i ESSR, som utdanningsspråk frå barnehage til universitetsnivå og som fagspråk på dei fleste felt. Først frå 1970-talet og var tendensen planar om ny språkleg russifisering, forkledd som «tospråklegheit», men denne vart då møtt av kraftig motstand som peika fram mot lausrivinga frå unionen. I 1975 vart det avgjort at alle kandidat- og doktoravhandlingar i Sovjetunionen skulle forsvarast på russisk.¹³¹ Ein reaksjon mot dette var det såkalla «Brevet frå dei 40» den 28. oktober 1980, eit ope brev der førti estiske intellektuelle uttrykte uro for framtida til det estiske språket og den estiske nasjonaliteten.¹³² I tillegg til domenetap for estisken og offentlege kampanjar for nytten av russiskundervising var uroa driven av endringa i folkesamansetting som følgje av sovjetisk (hovudsakleg russisk) arbeidsinnvandring. I 1945 var 95–97% av folkesetnaden etniske estarar. I 1979 var talet 64,7% og i 1989 61,5%.¹³³

Etter sjølvstendet i 1991 har Estland vore eit parlamentarisk demokrati prega av ein liberalistisk økonomisk politikk og ein nasjonalkonservativ kulturpolitikk. «Bevaring av estisk språk og kultur gjennom tidene» har ikkje berre vore eit uttala mål i retorikken til mange politikarar, men er jamvel fastslått i den gjeldande grunnlova frå 1992 som eit grunnlag for den estiske republikken.¹³⁴ I denne samanhengen har det relativt store talet på russisktalande arbeidsinnvandrar frå Sovjet-tida vore eit kompliserande spørsmål, og særleg den estiske statsborgarskapspolitikken med krav om estiskkunnskapar har vore gjenstand for kontroversar. Ei anna klar retning, som dels har utfordra dei mest nasjonalsinna, har vore tilpassing til europeiske standardar og system. I 2004 vart Estland medlem av EU og NATO, i 2007 av Schengen-samarbeidet og i 2011 av euro-sonen.

Samstundes er det ein skilnad frå Vest-Europa at det i Estland er større støtte for nasjonalstaten som idé

enn det er i Vest-Europa, og filosofiprofessor Margit Sutrop går så langt som å seie at det kunne vere estarane sin misjon å forsvare ideen om nasjonalstaten som ein nødvendig føresetnad for å forsvare små folk og dermed òg ein europeisk fellesverdi – kulturelt mangfald.¹³⁵

5.2 Austersjøfinske språk og Estlands eldste språkhistorie

Det estiske språket høyrer saman med andre varietetar i same dialektkontinuum til den finsk-ugriske hovudgreina av den uraliske språkfamilien. Appendix K er ein illustrasjon av det klassiske uraliske språktreet. Medan ungarsk (som representant for ugrisk) er ein fjern slektning der likskapen berre kan oppdagast med språkvitskapleg metode, høyrer estisk og finsk saman med ein handfull små og dels døde, dels døyande eller truga språk, til den relativt kompakte gruppa som går under namnet austersjøfinske språk. Dei samiske språka er ikkje definerte som austersjøfinske språk, men ligg heller ikkje langt unna – det eksakte tilhøvet mellom austersjøfinsk og samisk er noko uklårt. Dei fleste andre finsk-ugriske språk blir tala i område som i dag er ein del av Den russiske føderasjonen.

Den klassiske tilnærminga er at dei uraliske språka har kome frå eit område vest for Ural-fjella og spreidd seg vestover og nådd austersjøkysten for om lag 5000 år sidan. Den uraliske og finsk-ugriske språkforskinga har på 2000-talet vore prega av diskusjonen om eit påstått paradigmeskifte, der særleg lingvistane Ago Künnap, Kalevi Wiik og János Puzstay i arbeidsgruppa «The roots» meiner den klassiske tilnærminga er grunnleggjande feil og at forløparar til frå gammalt har vore snakka i eit stort område som inkluderer Baltikum. Dette byggjer dei på tverrfagleg kritikk av forklaringskrafta til den historiske språkvitskapen som enkelt sagt baserer seg på korleis språktreet deler seg i greiner, altså divergens. Ved kombinert bruk av metodar frå historie, etnologi, arkeologi, populasjonsgenetikk, fysisk antropologi og andre vitenskapar søkjer gruppa å fremje ein alternativ konvergensbasert modell.¹³⁶ Konklusjonane deira har ikkje fått stort gjennomslag i uralistkrinsar. Tiit-Rein Viitso er ein representant for den meir tradisjonelle skulen som forsvarar hovudtrekka i språktremodellen.

At dei austersjøfinske språka er nærskyldige, har i fleire hundreår vore lett å oppdage for alle som har kome i kontakt med minst to av dei. Like fullt har det til dags dato vist seg svært vanskeleg å skulle einast om

eit språktre som presist synleggjer utviklinga og relasjonane mellom dei. Tiit-Rein Viitso (2003) reknar sju språk med til den minimale lista av sjølvstendige austersjøfinske språk: livisk, estisk, votisk, ingrisk, finsk, karelsk og vepsisk. Ofte blir òg ludisk, som kan reknast som ein dialekt av karelsk, framheva som eit eige språk.¹³⁷ Innanfor denne minimale lista finst det likevel både store variasjonar og (relativt sett) svært gamle dialektgrenser som gjer det rimeleg å stille spørsmål om fleire av dei kan reknast som eigne språk. Denne oppgåva handlar om eitt slikt, det historiske sør-estiske språket og den moderne arvtakaren i Võro-området.¹³⁸

Alt i 1834 rekna den danske språkforskaren Rasmus Rask Dorpatisk (Dorpat er eit tidlegare namn på Tartu) som ein eigen «Sprogart» tilhøyrande Estlandsk, men i oversynet sortert direkte under den sydlige stamme av «Den finniske Folkeklasse», samtidig som han interessant nok skriv at «*til Esterne høre endnu Liver i Lifland, hvilke tale en ubetydelig Sprogart hvori intet haves skrevet*».¹³⁹ Ferdinand Johann Wiedemann rekna i si undersøking *Versuch ueber den Werroehstnischen Dialekt* frå 1864 sør-estisken som ei sjølvstendig gruppe innanfor dei austersjøfinske språka.¹⁴⁰

Den første systematiske lingvistiske klassifiseringa av austersjøfinsk vart framlagd i 1917 av Eemil Nestor Setälä. Han delte dei inn i ei sørvestleg og ei nordaustleg gruppe, hovudsaklig ut frå kva utvikling språka hadde i høve til tre lydutviklingskriterium. Klassifiseringa vart populær, men var i hovudsak feil, fordi ho tok utgangspunkt i eigenskapar ved dei moderne skriftspråka og ignorerte skilnader i dei underliggjande dialektane. Inndelinga av dei austersjøfinske språka vart gjenstand for ein lang språkvitskapleg debatt.¹⁴¹

Tiit-Rein Viitso generaliserer og deler inn dei ulike føreslåtte klassifikasjonane ut frå den eldste inndelinga i nord-sør, vest-aust, sør-nord-aust og sentrum-periferi. Dei fleste av alle desse konkurrerande og dels overlappande klassifikasjonane inneheld viktige observasjonar, det er den innbyrdes vektlegginga som skil dei. Alle er dei symptom på eit historisk austersjøfinsk dialektkontinuum, der dei eldste skiljelinjene har vore etterfølgt av mange bølger av innovasjon, kontakt eller isolasjon. Viitso meiner det finst fire moglege inndelingar av området basert på gjensidig utelukkande innovasjonar i språket.¹⁴²

1. Sør-estisk vs. andre austersjøfinske dialektar

2. Sør estisk og livisk vs. andre austersjøfinske dialektar
3. Harjumaa-estisk, vest-finsk, soikkola-ingrisk, karelsk, ludisk og vepsisk vs. dei andre dialektane
4. Livisk, sør-estisk og vest-finsk vs. andre austersjøfinske dialektar¹⁴³

I tillegg stiller han opp to inndelingar ut frå ikkje-relatererte innovasjonar, nemleg ludisk og vepsisk vs. andre og livisk vs. andre. Sjølv meiner Viitso at sør-estisk må reknast som ein av dei gamle hovuddialektane der inndelingane ikkje kan reduserast meir. Appendix L illustrerer utviklinga av dei austersjøfinske hovuddialektane fram til språka i nyare tid.¹⁴⁴

Debatten om klassifiseringa ber preg av at det synest umogleg å kome fram til eit konsensus om kva skiljelinjer som er dei viktigaste mellom dei austersjøfinske språka. For mange av dei, som livisk og votisk, vil det spørsmålet snart berre vere av akademisk språkhistorisk interesse. For andre, som for sør-estiane, er det framleis eit politisk og eksistensielt ladd spørsmål.

Til trass for alle det komplekse tilhøvet og dei motstridande teoriane, ser det ut til å vere rimeleg god konsensus om ein ting: Dialektskiljelinjene mellom det som i dag er nord-estisk (og i hovudsak grunnlag for det estiske standardspråket) og dei dialektane som blir rekna som sør-estiske, er i austersjøfinsk samanheng svært gamle. Eit representativt døme er Pekka Sammallahti (1977), som meiner samisk skilde seg frå austersjøfinsk før 1000 f.Kr, sør-estisk frå alle andre austersjøfinske dialektar i perioden 1000–600 f.Kr, medan det først var i 500–250 at estisk, livisk og votisk skilde seg frå dei andre.¹⁴⁵

Det finst mange andre dateringar, men alle gir dei dekning for å seie at ein del skilje, ikkje berre mellom sør-estisk og nord-estisk, men mellom sør-estisk og dei fleste andre austersjøfinske språka, er gamle.¹⁴⁶ Samstundes har områda gjennom det siste tusenåret vore i nær kontakt med andre estiske dialektar. Når vi nærmar oss dei moderne kontroversane omkring statusen til sør-estisk som språk eller dialekt, er det dermed ikkje alderen på isoglossane som ligg til grunn for kontroversen, men den praktiske, identitetsmessige og språkpolitiske forståinga av desse.

5.3 Nokre karakteristiske felles drag ved det estiske språksystemet

Mange viktige drag i det estiske språksystemet er karakteristiske for alle finsk-ugriske språk. Samstundes

har kontakt med andre språk, særlege med baltiske og germanske språk, påverka språksystemet mykje. I det følgjande skal eg ikkje leggje vekt på kor gamle dei ulike eigenskapane er. I språktypologisk samanheng er estisk (alle dialektar) hovudsaklig eit SVO-språk med omsyn til ordfølgd.¹⁴⁷ Dette avsnittet skildrar nokre trekk som er felles for både nord- og sør-estisk

Med omsyn til prosodi er estisk i likskap med finsk kjenneteikna av trykk på første staving, men med unnatak av mange framandord. Ein skilnad frå finsk er systemet med tre kvantitetar: ein skil ikkje berre mellom korte og lange lydar, men mellom korte, lange og overlange. Skiljet mellom korte og overlange lydar er eit komplekst fenomen som ikkje enkelt kan avgrensast til enkeltlydane – det er eit prosodisk, suprasegmentalt fenomen som har trekk til felles med tonelagskontrasten (som i skilnaden mellom bønder og bønner) i norsk.¹⁴⁸ Skiljet finst i både nord- og sør-estisk, men manglar i den nordaustlege kystdialekten.¹⁴⁹

Eit austersjøfinsk morfofonologisk trekk er stadieveksling, ei systematisk veksling i kvantitet og kvalitet i ordrøter ved bøyning, både i verb- og nomenbøyning. Eit døme på kvantitetsveksling i nord-estisk er *hakata* – *hakkan* ('å byrje', 'eg byrjer'). Morfologisk er språket syntetisk og kjenneteikna av ein større formrikdom enn vi kjenner frå germanske språk. Estisk er relativt agglutinerande – morfemgrensene er i dei fleste tilfella tydelege. Verbsystemet har bøyning i tal og person, medan verbet har ei eiga nektingsform der personbøyninga av kjem bort – dette kjem av at nektingsordet *ei* historisk har fungert som hjelpeverb. I tillegg til indikativ (forteljande) og imperativ modus har verbet òg eigne kondisjonale former. Substantiv, adjektiv og talord blir bøygd i fjorten kasus, og det er ingen tendens til at kasussystemet går i oppløysing.¹⁵⁰ Karakteristisk for kasussystemet er dei indre og ytre lokalkasusa, som enkelt sagt inneber at substantiv og adjektiv får eigne former for *inn i*, (*verande*) *i* og *ut av* samt for (*opp*) *på*, (*verande*) *på* og *ned frå*.

5.4 Skilnader i språksystemet mellom nord- og sør-estisk

Eit typisk austersjøfinsk drag som finst i finsk er vokalharmoni, det vil seie at vokalen i første staving avgjer kva vokalar som er tillatne i dei påfølgjande stavingane. Dette er eit fenomen som er borte i moderne standardestisk, men framleis finst i nord-estisk, og som gir sør-estisken ein annan «klang». Til

dømes er den standardestiske forma *häda* ('naud', 'problem') umogleg i sør-estisk, fordi ein fremre vokal i første staving krev fremre vokal i dei neste. På võro-mål er ordet *hädä*.

Skilnader mellom nord- og sør-estisk finst på alle nivå i språkssystemet: fonologi, morfologi, ordlaging og syntaks.¹⁵¹ Ein markert skilnad er den glottale stoppen (lukkelyden) som i sør-estisk finst som eit eige fonem, men som ikkje eksisterer i nord-estisk. Ulike lydovergangar i nord og sør fører òg til ulik konsonantisme i mange ordrøter og bøyingsformer. Vokalinventaret er noko ulikt: Sør-estisk skil til dømes mellom to midtre vokalar (i ortografien *õ* og *y*) der nord-estisk har éin (*õ*). I tillegg får sør-estisk gjennomgåande endra kvalitet på stammevokalane i bøyinga av mange ord der standardestisk ikkje får det. Der standardestisk har *keel – keele* ('språk' i nominativ og gentiv) har sør-estisk *kiil – keele*.

Både nord- og sør-estisk har palatalisering av konsonantar, men utbreiinga er ulik: sør-estisk palataliserer mange stader der det er umogleg i nord-estisk. Morfologisk er det ulike endingar i mange kasus, og sør-estisk har lydleg samanfall mellom to kasus som i standardestisk er ulike, inessiv (i-kasus) og essiv (som-kasus). Også i verbmorfologien har mange skilnader, særleg markert er det at sør-estisk bøyer nektingsordet i tid (*es* er preteritumsforma av *ei*), eit fenomen som er ukjent i moderne nord-estisk.

5.5 Utviklinga av det estiske standardspråket – med sideblikk til sør-estisk

Når vi i dag møter nemninga estisk, er det som regel tale om det det estiske standardspråket som i all hovudsak byggjer på dialektar frå det nordlege og sentrale Estland. Den tradisjonelle hegemoniske forståinga er at etter at denne varietetten (heldigvis) vann fram som samlande «riksmål», eksisterer dialektane (inklusive dei sør-estiske) i talemålet berre som leivningar som i beste fall har lingvistisk og folkloristisk interesse. Det er denne oppfatninga den moderne sør-estiske målreisinga rettar seg mot.¹⁵² For å forstå bakgrunnen for viljen til å gjenreise eit sør-estisk skriftmål, er det òg nødvendig med eit oversyn over historia til det dominerande (nord-estiske) standardmålet. Den følgjande framstillinga er i hovudsak basert på Raag (1999a og b).

Dei første estiske skriftlege minnesmerka er frå 1200-talet, men fram til byrjinga av 1500-talet er det nedskrivne stort sett avgrensa til stadnamn, enkeltord, personnamn og nokre få setningar. Frå 1500-talet opp-

stod parallelt to skrifttradisjonar, ein nord-estisk, der Tallinn spela ei viktig rolle, og ein sør-estisk, med den seinare universitetsbyen Tartu som eit viktig innovasjonssentrum. I byrjinga var skrivemåtane svært inkonsekvente. Under første halvdel av 1600-talet kodifiserte den tysk-ætta presten Henricus Stahell¹⁵³ det nord-estiske skriftspråket. I tillegg til å forfatte fleire kyrkjelege handbøker med tysk og estisk parallelltekst, publiserte han i Tallinn i 1637 ei første estisk språklære og ordbok med tittelen *Anführung zu der Esthnischen Sprach*, ein av dei første europeiske grammatikkane som ikkje var skriven på latin. På sør-estisk var det Joachim Rossihnius som gav ut dei første tekstane i form av evangelietekstar og epistel, medan Johann Gutsclaff gav ut den første sør-estiske språklæra *Obervationes grammaticæ circa linguam estonicam* i Tartu i 1648. Både Rossihnius og Gutsclaff var frå Pommern.¹⁵⁴ Dette inneber at dei første estiske standardspråka, både nord- og sør-estiske, ikkje vart skapte av estarar, men av ikkje-estiske prestar med verke i landet. Dei tidlege kodifiseringane av språket var ikkje særleg godt tilpassa fonologien. Den såkalla «gamle ortografien» som Bengt Gottfried Forselius og Johann Hornung innførte på 1680-talet var ein meir konsekvent versjon av Stahells ortografi, men markerte til dømes etter lågtysk mønster lange vokalar med éin bokstav i opne stavingar, medan kort vokal i opne stavingar var markerte med dobbelt-skriven konsonant – noko som i tur skapte problem med å skilje ut verkelege lange konsonantar.¹⁵⁵

Språkkodifiseringa var ein praktisk føresetnad for det kyrkjelege arbeidet og for å spreie den kristne budskapen i allmugen, og brukarane av litteraturen som kom ut var først og fremst tyske og svenske geistlege. Til unnataka høyrer nokre ABC-bøker som kom ut på andre halvdel av 1600-talet som følgje av kyrkje- og skulereformer i «den gode gamle svensketida». Det var først på 1700-talet at det kom ut fleire verk som vende seg direkte til «urfolket». Den tyske adelen såg i hovudsak både estarane og latviarane som «utyske» (*Undeutsche*), medan estarane sjølv kalla seg *maarahvas*, landfolket.¹⁵⁶

På byrjinga av 1800-talet var dei estiske områda inndelte i 124 sokn. Språkleg var berre 17 av desse ein-tydig sør-estiske. Det vart gjort freistnader å foreine dei to skriftspråka i samband med omsetjing av Bibelen på siste halvdel av 1600-talet, men alle slike freistnader rann ut i sanda. I 1739 kom heile Bibelen ut på nord-estisk. I 1811 fann det kyrkjelege overkonsistoriet det problematisk å måtte trykkje andeleg litteratur i to separate opplag for nord- og sør-estisk, og dette gav opphav til ein heftig debatt – utan større

praktiske resultat – om å skape eit sam-estisk kyrkjespråk. Så seint som i 1875 skreiv språkmannen F. J. Wiedemann i føreordet til sin grammatikk:

*«Der Ehste selbst versteht seine Sprache vollständig nur im Dialekt seiner Umgebung, eine allgemein bekannte und gebrauchte Sprachform giebt es noch nicht.»*¹⁵⁷

Grunnlaget for ortografien i det estiske standardspråket vart lagd gjennom ei stavingsreform som bygde på eit framlegg frå Eduard Ahrens, pastor i Kuusalu sokn. I hovudsak bygde den nye ortografien på dei ortofone prinsippa i finsk rettskriving. Den tydelegaste skilnaden for eit utrent auge er at lange vokalar etter reforma konsekvent blir skrivne dobbelt (som på finsk). Ahrens fremja framlegget til ny rettskriving i sin nord-estiske *Grammatik der Ehstnischen Sprache Revalschen Dialekten* frå 1843.¹⁵⁸

Raimo Raag plasserer «fødselsdatoen» til det moderne estiske standardspråket i 1857, året då ei estisk presse vart permanent grunnlagd i form av aviser i Pärnu og Tartu og det første opplaget av nasjonalepostet *Kalevipoeg* kom ut.¹⁵⁹ Dette er same år fleire estiske historikarar meiner den estiske nasjonsforminga gjekk over frå akademisk interesse til agitasjonsfasen.¹⁶⁰ Frå denne tida gjekk utviklinga av det moderne estiske standardspråket hand i hand med den nasjonale rørsla som hadde som mål å utvikle ein estisk nasjonalkultur etter europeisk modell. Den estiske nasjonsforminga vart dermed eit døme på ein prosess frå nasjon til stat, og det finske føredømet vart viktig i språkplanlegginga. Ein viktig føresetnad denne rørsla var lesekunna som i stor grad var ein følgje av reformasjonen, og eit viktig mål på vegen var undervising på estisk.¹⁶¹ På 1800-talet var arbeidet i stor grad basert på enkelte eldsjeler, men på byrjinga av 1900-talet hadde «målstrevet» vorte noko som samla folket. Mellom 1908 og 1911 var det fire viktige språkkonferansar som arbeidde med standardisering av det estiske skriftmålet. Desse la grunnen for arbeidet med den estiske rettskrivingsordboka (*Eesti õigekirjutuse-sõnaraamat*) som kom ut i 1918, året Estland for første gong vart sjølvstendig.

Året etter språkkonferansane presenterte den unge studenten Johannes Aavik sitt program for modernisering av standardestisken. Aavik er eit særleg fargerikt innslag i den estiske språkhistoria, og demonstrerer på mange måtar kor langt det er mogleg å ta ein språkreform. Sjølv brukte han ordet «språkfornyning» (*keeleuendus*). Aavik nógde seg ikkje med å velje mellom eksisterande dialektale former, framandord og

lånord, han «fann opp» ord og til og med grammatiske former. Sjølv om mange av ideane ikkje vart brukt, kom ein vesentleg del av orda hans inn i ordbøkene, og ein god del av desse vart tekne i bruk. Av Aaviks «kunstige» ordproduksjon er i dag til dømes *mõrv* ('mord') og *relv* ('våpen') heilt nøytrale og høgfrekvente standardestiske ord.¹⁶²

Perioden mellom 1910 og 1930 var prega av oppheta språkdebattar og forvirring, der lingvisten Jaan Jõgever og skulemannen Kaarel Leetberg gjekk kraftig ut mot Aaviks språkfornyning og tok til orde for fri og naturleg språkutvikling. Dei vann likevel ikkje fram – meir å seie fekk ein annan av Aaviks kritikarar, Johann Voldemar Veski, som representert ei retning som vart kalla språknormeringsrørsla (*keelekorraldusliikumine*). Veski var systematikar, la vekt på eit logisk system, og som leksikograf la han mykje av grunnlaget for den strenge normeringa som har prega estisken fram til i dag. Sjølv om han var kritisk til språkfornyingsideane til Aavik, meinte han som overtydd darwinist at dei mest levedyktige formene ville overleve. Difor inkluderte han i strid med eigne preferansar mange av formene til Aavik i ordbøkene han redigerte, og bidrog dermed til at dei vart «autoriserte» for neste fase.¹⁶³

På slutten av 1920-talet tok nemleg avisene i bruk språkleg førehandskorrektur av tekstane før trykking for å bidra til å stabilisere norma. Denne korrekturen gjekk lenger enn vanleg korrektur og språkvask – etter kvart gjekk dei autoritære trekka i politikken elles hand i hand med ein autoritær språkpolitikk og medverka til ei sterkare einsretting av skriftspråket. Denne politikken bidrog òg til at dialektane vart rekna som uønskte i alle offentlege samanhengar, ikkje minst i skulen.¹⁶⁴ Samstundes var ikkje politikken like effektivt sett i verk alle stader. I Sør-Estland var det ikkje uvanleg at bruk av lokalt talemål i praksis vart tolerert i skulen med mindre det kom inspektørar utanfrå.¹⁶⁵

Den etablerte praksisen med einsrettande språkkorrektur og sterk standardisering passa som hand i hanske med den sovjetiske politikken, og dermed kom den sovjetiske okkupasjonsmakta til å vidareføre og utvide den eksisterande praksisen, som til og med omfatta «språkkorrigerings» av klassiske litterære tekstar. Samstundes var tida prega av stor sovjetisk innvandring, som sette det estiske språket under press.

I 1972 vart det annonsert ein stor konkurranse for å skape nyord, først og fremst for å unngå russiske og russiskpåverka lån og omsetjingslån for nye fenomen. Sjølv om det estiske språket opplevde domenetap

på mange område, vart det framleis utvikla tekniske og vitskapleg terminologi på dei fleste felt.¹⁶⁶

Etter 1991 er dei autoritære tendensane i språkpolitikken langt mindre enn før. Sensuren vart avskaffa og erstatta med ytringsfridom kombinert med politisk og administrativ desentralisering. Samstundes er resultata av den sterke standardiseringa høgst reelt til stades, og det estiske språket er i dag på den eine sida eit symbol på sjølvråderetten og fridomen, og på den andre sida ved lov definert som den offisielle skriftspråknorma.

Det moderne estiske skriftmålet har av Klaus Schubert vorte karakterisert som «*highly planned ethnic language*»¹⁶⁷. Raag påpeiker at dei sterke tendensane til normativ korpusplanlegging av det estiske språket har parallellar i mellom anna Latvia og Russland, og dermed er eit drag som bringar Estland nærare Aust-enn Vest-Europa.¹⁶⁸

5.6 Sør-estisk i estisk dialektologi

Samstundes som det språkhistorisk sett er heva over tvil at skiljet mellom sør-estisk og nord-estisk er svært gammalt, er det to sterke praktiske grunnar til at estisk blir rekna som eitt språk. Desse to grunnane kan illustrerast med Kloss-termane avstandsspråk og utbyggingsspråk.

På den eine sida er det tydeleg at alle dialektane til det som i dag blir rekna som det estiske folket, i praksis er avstandsspråk i høve til tilgrensande språk. Moglege unnatak kunne vore dei andre austersjøfinske språka i området, som finsk, livisk, votisk, ingrisk og så vidare, men dette har mindre å seie i praksis, ettersom Finland er eit anna land på andre sida av Finskebukta som aldri har hatt vesentlege tilløp til nokon felles nasjonal identitet med estarane, og dei andre austersjøfinske språka er så små og marginale at dialektkontinuumet i praksis må seiast å vere brote. Dermed framstår alle former for estisk som eit finsk-ugrisk avstandsspråk i høve til øvrige indo-europeiske språk som russisk, latvisk, tysk og svensk. Samstundes er estisk eit utbyggingsspråk, i den forstand at det nord-estiske standardmålet sidan før sjølvstendet i 1918 har vore det første og fremste skriftmålet for alle estlendarar.

På denne bakgrunnen er det forståeleg at den estiske dialektlæra frå byrjinga av har rekna både sør- og nord-estisk som talemålsdialektar av same estiske språk.¹⁶⁹ På den eine sida vil alle lærebøker i estiske

dialektar ta opp både nord- og sør-estiske dialektar, og dei vil bli handsama etter same mønster. På den andre sida er det i den dialektologiske litteraturen gjort tydeleg at den viktigaste og tydelegaste grensa gjennom det estiske språkområdet er mellom sør- og nord-estisk.

Andrus Saareste delte i 1934 inn det estiske språkområdet i sør-estisk, midt-nord-estisk (som igjen er inndelt i ein austleg og vestleg varietet) og nord-estisk kystdialekt. I nordaust har han òg teke med votisk, som i dag blir rekna som eit eige, utdøyande språk. Tiit-Rein Viitso karakteriserer votisk som austersjøfinsk språk som like godt kunne vorte ein estisk dialekt.¹⁷⁰

Dei fleste inndelingane av estiske dialektar skil mellom større dialektar (*murre*, fleirtal *murded*) og lokale dialektar (estisk *murrak*, fleirtal *murrakud*) etter dei gamle soknegrensene (*kihelkond*, fleirtal *kihelkonnad*), som kulturhistorisk er svært sentrale. Under dei tyske godsherrane var rørslefridomen sterkt avgrensa, og kontakten med folk utanfor eige gods (*mõis*) eller grend (*küla*) var som regel knytt til kyrkja og andre administrative funksjonar som òg følgde soknegrensene. Dermed følgjer òg dei aller fleste isoglossane innanfor hovuddialektane desse soknegrensene, og det har av praktiske grunnar vore vanleg å rekne samsvaret mellom lokale dialektar og gamle sokn som eit ein til ein-tilhøve.

Inndelinga i nivå har variert, og standardverket *Eesti murded ja kohanimed*¹⁷¹ opererer i dag med i ei inndeling med fem nivå: hovuddialektar (*peamurre*, fleirtal *-murded*), dialektgrupper (*murderühm*, fleirtal *-rühmad*), dialektar (*murre*), lokale dialektgrupper (*murrakurühm*, *-rühmad*) og lokale dialektar (*murrak*, *murrakud*). Då er hovuddialektane nord- og sør-estisk. Den sør-estiske hovuddialekta blir ikkje delt inn i dialektgrupper, men direkte i dialektar, og dei er det tre av: *mulgi* (M), *tartu* (T) og *võru*¹⁷² (V). Setu (seto) er då rekna som ei undergruppe av *võru*, det same gjeld tre tidligare (no utdøydde) såkalla språkøyer i Latvia. Appendiks M illustrerer den geografiske plasseringa på kartet, og ei nøgnare inndeling ned til soknenamn-nivå er gjengitt i appendiks N.

5.7 Språkleg avstand mellom nord- og sør-estisk

For å forstå utgangspunktet for ei sør-estisk målreising er det rimeleg å spørje kor ulike sør-estiske og nord-estiske dialektar (eller standardmålet) er. Denne typen spørsmål er enklare å stille enn å svare for-

nuftig på. Ein kan til dømes lett spørje om det er større avstand mellom finsk og estisk enn mellom islandsk og norsk, men for å kunne svare må spørsmålet spissast eller språkleg avstand definerast på ein måte som ikkje ser på språk som noko eindimensjonalt.

Tyder spørsmålet kor gjensidig forståelege språka er? I så fall er problemet at dette sjeldan er symmetrisk, og ofte svært avhengig av aspekt utanom sjølve språksystemet. Til dømes forstår islendingar norsk betre enn omvendt, men det er på grunn av dansken. Og estarar forstår finsk betre enn finnar estisk, fordi nord-estiarane har sett på finsk fjernsyn. Det bør dermed vere unødvendig å nemne at sør-estiarar forstår nord-estisk betre enn omvendt.

Eller tyder spørsmålet kva faktisk avstand det er mellom språksystema? På kva nivå? Leksikalsk? Morfologisk, syntaktisk, eller alle desse? Korleis blir dei i så fall vekta mot kvarandre? Vi vil nærme oss spørsmålet på to måtar: først ved å illustrere skilnaden gjennom nokre enkle døme, og deretter ved å presentere ei mogleg systematisk tilnærming som har vore prøvd.

Sjølv om det er stort samanfall i ordtilfanget, vil det i kvardagslivet finnast ei rekkje høgfrekvente ord som er ulike. Eller (1999) gir døma koer/lind, saba/hand, kask-kõiv, oder-kesk, loom-elläi, sjå appendiks O.¹⁷³ Skilnadene i samanhengjande tale og tekst vil i tillegg bere preg av fonologiske og morfologiske skilnader, som ofte vil vere systematiske. Til dømes svarar nord-estisk *teivas* til nord-estisk *saivas* ('staur', 'påle'), og nord-estisk *juuksed* til nord-estisk *hiussõq* ('hår').

Appendiks P er eit døme på parallelltekst på moderne võro-mål og standardestisk, med omsetjing på høvesvis nynorsk og bokmål for å gi eit visuelt inntrykk av avstanden samanlikna med dei norske skriftmålsvarietetane. Tekstutdraga er henta frå det tospråklege informasjonsheftet *Võrokeeline kodo – Võrukeelne kodu*.¹⁷⁴ Alle sør-estiarar forstår nord-estisk, ettersom dei har lært det som skriftspråk. Mange nord-estiarar vil derimot meine at dei ikkje forstår sør-estisk. Dette er då eit spørsmål om øving og vilje, meir enn om språka i prinsippet kan vere gjensidig forståelege. Ifølgje Koreinik (2007) er det til no ikkje gjort spesifikke empiriske analysar av kor godt nord-estiarar kan forstå võro-mål.¹⁷⁵

Ein som ut frå reine lingvistiske eigenskapar har prøvd å svare meir systematisk på spørsmålet om språkleg avstand er russaren Juri Tambovtsev, som gjennom eit system av språklege kriterium prøver å

måle avstanden mellom sør- og nord-estisk.¹⁷⁶ Han tek utgangspunkt i spørsmålet om vōro-målet er eit eige språk eller ein estisk dialekt, og svarar med eit reint fonologisk utgangspunkt ved å måle avstanden i lydbilete mellom dei to varietetane ved hjelp av ein matematisk-statistisk metode. Det same gjer han for mange andre språk. Med utgangspunkt i samanfall for ei rekkje typar av språklydar (konsonantar og vokalar, fremre, bakre, affrikatar, osv.) reknar han ut ein koeffisient som uttrykkjer kor nær språka i eit språkpar ligg kvarandre. Ein større verdi tyder større avstand mellom språka.

Mellom (nord)estisk og vōro-mål er denne koeffisienten 15,00. Til samanlikning er avstanden mellom russisk og ukrainsk ein koeffisient på 3,9 og russisk og kviterussisk 4,49. Mellom nord-estisk og votisk er koeffisienten 4,87 og mellom estisk og livisk 7,33 – i begge fall altså langt mindre enn mellom nord-estisk og vōro-mål. Avstanden mellom estisk og det fjernare finsk-ugriske språket mansisk var etter same skala 70,94, og mellom språkbruken til to estiske forfattarar 0,16.

Tambovtsev dreg på grunnlag av samanlikninga slutninga at om russisk, ukrainsk, kviterussisk, estisk, votisk, mongolsk, tsjekkisk og slovakisk alle er ulike språk, er det òg heilt på sin plass å rekne standardestisk og vōro-mål som ulike språk.¹⁷⁷ Ein kan stille spørsmål ved kor mykje klokare ei slik tilnærming gjer oss. Tittelen på artikkelen til Tambovtsev – «Er vōro-målet eit eige språk eller ein dialekt av estisk?» – er det nærliggjande å lese som eit språkpolitisk debattinnlegg. Om ikkje anna understrekar det kor lite spørsmålet om språk eller dialekt eigentleg har å gjere med lingvistisk avstand.

5.8 Kvifor tapte sør-estisken kampen om skriftmålet?

I perioden med to parallelle skriftmålsvarietetar som ofte vart kalla Tartu- og Tallinn-mål¹⁷⁸, vart det sør-estiske «Tartu-skriftmålet» brukt i kyrkjelege samanhengar, i skular, på prent og i administrativ samanheng.¹⁷⁹ Det første estiske nytestamentet kom ut på sør-estisk, i 1686. Den siste boka som kom ut på det gamle sør-estiske skriftmålet var òg eit nytestamente – i 1905,¹⁸⁰ som eit monument over eit skriftspråk som var i ferd med å miste dei siste av sine funksjonar. Ringen var slutta.

I mellomtida hadde det kome ut ei rekkje bøker, sjølvstekt kyrkjeleg litteratur som katekismer, liturgiar og salmebøker, men òg sekulær litteratur – den første estiske forteljingsboka i 1737, den første verdslege

diktsamlinga, og i 1806 den første avisa for estarar. I 1885 gav Johann Hurt ut ABC-boka *Wastne Võro keeli ABD raamat*, som interessant nok bruker språknemninga *võro*.¹⁸¹

Kvifor tapte den sør-estiske skriftradisjonen kampen mot nord-estisken – når skjedde eigentleg det, og kvifor? Det er spørsmåla Kristiina Ross (2005) stiller i ein grundig artikkel som den følgjande framstillinga i hovudsak er basert på.

Fram til midten av 1800-talet utvikla dei to skriftspråkvarietetane seg parallelt. Deretter døydde den sør-estiske skriftradisjonen ut og var i hovudsak død fram til dei første forsøka på revitalisering i nye former mot slutten av 1900-talet.

Sjølv om det i oppheta diskusjonar kan nyttast mange slags uttrykk om dei estetiske og lingvistiske eigenskapane til språkvarietetar, bør det vere rimeleg klart at årsaka til at eitt språk vinn og eit anna tape er ekstralingvistiske, meiner Ross. Ei av dei som tidlegare har prøvd å finne årsakene, er Heli Laanekask, som meiner soga om Tartu-målet er ei historie om ei samanhengjande nedgangstid og at lagnaden vart avgjort av den nasjonale ideologiens sigersgang i Europa på 1700- og 1800-talet og konstruksjonen av ein ny nasjonal identitet som følgje av språkdebattar blant dei baltisk-tyske estofilane i perioden 1810–1830. Ho meiner Tartu-varieteteten i denne situasjonen måtte tape som følgje av mindre geografisk bruksområde, færre brukarar og eit både smalare og mindre tilfang av litteratur på sør-estisk.¹⁸²

I denne analysen er Ross samd i at hovudårsaka til at Tartu-varieteteten gjekk tapande ut ligg i færre brukarar, men meiner det i øvrig kan vere grunn til å leite etter alternative forklaringar. Ross legg fram statistikk og viser at ei rimeleg tolking er at lagnaden til Tartu-målet vart avgjort alt i perioden 1700–1740 og at det som avgjorde var Den store nordiske krig og Bibelen. Gullalderen for det sør-estiske skriftmålet var siste delen av 1600-talet, altså rett før krigen. Den største sigeren i denne perioden var omsetjinga av Det nye testamentet til sør-estisk i 1686. På nord-estisk kom nytestamentet først i 1715. Etersom krigen herja Tartu mykje verre enn Tallinn, vart vidareutviklinga av det skrivne ord lagt til side, og når heile Bibelen kom ut på estisk i 1739, var det på nord-estisk.¹⁸³ Ross vil likevel gå eit steg lenger og argumentere for eit punkt endå tidlegare i tid, nemleg at det sør-estiske skriftmålet var dømt til å gå under alt i løpet av dei siste tiåra av 1600-talet, og skulda for dette gir ho ein av dei fremste talsmennene for språket, Livlands

generalsuperintendent Johann Fischer.¹⁸⁴

På kartet i appendiks Q markerer den tjukkaste streken grensa mellom dei sørlege og nordlege hovuddialektane. Det finst ikkje nøyaktige tal på kor mange det var som snakka høvesvis sør- og nord-estiske dialektar på 1600-talet, men Ross prøver å rekonstruere slike tal ut frå den først folketeljinga frå 1782, då det i dei estiske sokna til saman budde 429 977 personar, og av dei litt under ein tredjedel (137 339, 32%) i dei 22 sokna som etter talemålet tilhørde den sør-estiske hovuddialekten. Berre ein del av desse brukte sør-estisk i skrift, ettersom det i Viljandi-området (Mulgimaa) mest truleg var brukt nord-estiske bøker. Då blir det per 1782 att om lag 107 434 personar eller 25% av den estiske folkesetnaden.¹⁸⁵

Vidare er det viktig å ta omsyn til politiske og administrative tilhøve. Ein stor del av det nord-estiske språkområdet var i perioden 1553–1583 under svensk styre og gjekk under namnet Estland, medan ein del saman med heile det sør-estiske språkområdet kom under polsk styre som Livland saman med Nord-Latvia. Denne grensa vart også seinare verande på meir eller mindre same stad som ei administrativ grense både i svensketida og tsartida (fram til 1918). Området som vart kalla Estland var eit bispedømme for seg, med sete i Tallinn, medan biskopen for Livland sat i Riga. Dermed var det estiske skriftmålsområdet styrt frå to senter. I Tallinn vart det publisert nord-estisk litteratur. I Riga måtte ein ta seg av både latvisk, sør-estisk og nord-estisk litteratur. Av det totale talet på estiske innbyggjarar under den liviske biskopen (248 779 personar i 1782) var det under halvparten som faktisk nytta Tartu-målet, medan 57% las bøker på Tallinn-mål. Desse tallinnspråklege livlendarane utgjorde i tillegg ein vesentleg del – 42% – av det totale talet på brukarar av nord-estisk litteratur (322 542).

Fram til 1850 kjenner vi til over 1200 estiske boktitlar. Tabellen frå Ross i appendiks R gir oversyn over kor mange som kom ut på høvesvis Tartu-estisk og Tallinn-estisk. Om vi tek høgde for at om lag ein fjerdedel av estarane var brukarar av tartuspråkleg litteratur, viser oppstillinga hennar to «gullaldrar», då det kom ut relativt sett meir litteratur på sør-estisk enn brukargrunnlaget skulle tilseie. Den første relative gullalderen er 1525–1629, men samstundes er det totale talet på titlar då lågt. Dermed seier ikkje prosenten 67% særleg mykje. Like fullt er det rimeleg å tru at sør-estisk litteratur på denne tida låg framfor den nord-estiske. Ein viktig grunn til dette var den aktive motreformasjonen og rekatoliseringa som jesuittane

sette i gang i Tartu frå 1582. Jesuittane var ivrige til å lære seg det lokale språket, og la stor vekt på å misjonere på folkemålet. Etter det vi kjenner til var litteraturen deira på relativt eit naturleg og godt estisk.¹⁸⁶

Med svensketida kjem ei nedgangstid for sør-estisken – 10% av bøkene er langt under det potensielle lesartalet – men frå 1680 tek det seg oppatt og når den verkelege toppen det siste tiåret av 1600-talet, då den relative delen av heile den estiske litteraturen låg på 41%. Frå byrjinga av 1700-talet fell det brått, og deretter stabiliserer det på kring 20% av titlane.

Denne utviklinga kunne gi gode grunnar til å rekne Den store nordiske krigen som årsak, men Ross prøver å vise at det viktige vendepunktet likevel låg tidlegare. Boomen i sør-estisk litteratur på slutten av 1600-talet har nemleg å gjere med verksemda til ein mann, Johann Fischer frå Lübeck, som frå 1679 som livisk generalsuperintendent var leiar for heile kulturlivet i Sør-Estland og Nord-Latvia. Han la grunnen for folkeskulane og spela ei viktig rolle i estisk og latvisk kulturhistorie, og organiserte utgiving av kyrkjelitteratur og særleg Bibelen. Det var Fischer som gjennom sitt organisatoriske arbeid grunnla det kongelege prenteverket i Riga og stod for all sør-estisk litteratur og mykje av den nord-estiske. Bibel-utgivinga gjekk det tregare med på estisk enn på latvisk, og skulda for dette får ofte reaksjonære personar ved konsistoriet i Estland som nekta å samarbeide med Fischer. I alle fall hadde Fischer i 1682 fått kongeleg løyve til å setje om Bibelen til tre lokale språk: latvisk, nord- og sør-estisk. Den latviske vart fort ferdig, og den sør-estiske *Wastne testament* kom òg ut utan problem. Då Fischer derimot fekk ordre om å gjere trykkeklar den nord-estiske omsetjinga som konsistoriet i (Nord-)Estland i årevis utan resultat hadde arbeidd med, ville han ikkje, for han hadde sine oppfatningar om korleis omsetjinga burde vere. Samstundes likte ikkje nord-estiarane tanken på at Livland skulle få æra for å ha gitt ut den først nord-estiske Bibelen.¹⁸⁷ Motsetnadene voks til konflikt og maktkamp. I Tallinn meinte dei nytestamentet bør setjast om etter Luthers tyske omsetjing og rette seg etter den tysk-påverka kyrkjespråktradisjonen etter Henricus Stahell¹⁸⁸. Johann Fischer meinte derimot at det burde setjast om frå grunnspråket (gresk) og ta omsyn til framlegg om fornying av ortografien slik at det skulle vere lettast mogleg å lese for dei som har språket som morsmål. På overflata handla konflikten om nytestamentet, men eigentleg ville begge sidene kvar for

seg vere først ute òg med heile Bibelen. Og i iveren etter å nå dette målet, gav Fischer i praksis opp omsetjinga av Det gamle testamentet til sør-estisk og sette alt inn på å få det ferdig på nord-estisk før Tallinn-konsistoriet. Det kan sjå ut som om Fischer fann det meir perspektivrikt å satse på nord-estisk. Det kan virke som han bak retorikken i sine disponeringar kaldt og kalkulerande legg til grunn at marknaden for nord-estisk litteratur er tre gonger større.

Som tabellen viste var bruken av tartuspråkleg litteratur stabilt kring 20% av det estiske trykte ordet i 150 år til. Døme på sør-estisk språkleg kreativitet og initiativ finn vi òg døme på den perioden, som klagesongen til Käsü Hans frå 1708 om den forferdelege lagnaden Tartu by måtte lide under russisk herjing og deportasjonar, og den første samlinga av omsette skjønnlitterære tekstar i 1737, to år før noko tilsvarende kom ut i nord. Frå 1720 kom det ut likevel ut almanakkar på nord-estisk og ikkje på sør-estisk, og det meste tyder på at då Fischer forlet Livland i 1699, var saka avgjort til fordel for nord-estisken.¹⁸⁹

Då August Wilhelm Hupel i 1780 gav ut den første estiske grammatikken som tek for seg både sør- og nord-estisk, skreiv han at «*Utgiving av ei eiga språklære og fyldig ordliste for Tartu-dialekten åleine, som berre blir snakka i om lag 17 sokn og i blanda form litt i granneområda, er det ikkje meining i å vente seg: ein skrekkinnjagande liten marknad ville neppe kunne dekkje trykkekostnadene*».¹⁹⁰ Han rekna det difor som naturleg å leggje Tallinn-språket til grunn.

På denne bakgrunnen konkluderer Ross med at Tartu-varieteteten av estisk som beraren av den sør-estiske skriftkulturtradisjonen faktisk vart dømt til døden alt på slutten av 1600-talet, då han å sjå til var på sitt mest vitale. Å spekulere så mykje i kontrafaktiske hypotesar er neppe matnyttig, men Ross meiner sør-estisken kunne hatt to teoretiske sjansar: Hadde jesuittane heilt i byrjinga kome lenger med rekatoliseringa, kunne språket fått ein sterkare posisjon, og hadde Fischer seinare vore meir meir oppteken med å fremje sør-estisken enn å slåst med Tallinn, kunne det ha vorte eit samlande språk for Nord-Livland som seinare kunne fått ein posisjon i heile Estland.¹⁹¹

5.9 Talemålet i Sør-Estland og andre estiske regionar

På 1800-talet var den lokale dialekten den einaste forma for estisk dei fleste estarar beherska. Dei sosiale

føresetnadene for utjamning av dialektskilnadene vart lagde på andre halvdel av 1800-talet, i samband med nasjonsbygginga og framveksten av den nasjonale fellesidentiteten. Viktige faktorar var rørslefridom (avskaffing av liveigenskapen), folkeskuleutdanning, nasjonal ideologi og aukande spreing av skriftkultur på normert språk.¹⁹² Frå 30-talet hadde kampen mot dialektbruk preg av offentlege kampanjar i skuleverket, noko som trass sovjetisk okkupasjon og regimeskifte vart vidareført i Stalin-tida og kulminerte på 1960-talet.¹⁹³ Dette er bakgrunnen for at dei tradisjonelle dialektskilnadene mot slutten av 1900-talet i dei fleste område var utrydda.

Det at tradisjonelle dialektar blir borte tyder ikkje at alle tek til å snakke likt. Skilnader vil det framleis vere, anten dei følgjer individ (idiolekt) eller sosial gruppe (sosiolekt). I mange land er det òg ein sterk tendens til at trekk frå gamle dialektar blir vidareført som regionale skilnader i form av regionale varietetar (regiolektar). Har dette skjedd i Estland?

Det eksisterer regionale aksentskilnader. Til dømes har vest-estiske område sterkare fonetisk reduksjon, medan nordaust-kysten manglar skilnaden mellom lange og overlange stavingar som kjenneteiknar estisk elles. Dialektforskarer Karl Pajusalu har som hypotese at det liksom i mange europeiske språksamfunn har skjedd ein språkleg regionaliseringsprosess – at det i staden for dei tradisjonelle estiske dialektane oppstår større språkområde med regionale målmerke. Problemet er at det har vore gjort få empiriske undersøkingar for å teste denne hypotesen.¹⁹⁴ Det er rimeleg å sjå på ein dialekt som eit eige fullstendig språkssystem.¹⁹⁵ Det er uklårt om dei relativt små systematiske variasjonane vi ser mellom dei fleste estiske regionane i dag er nok til å rettferdiggjere ei slik nemning i kontrast til «standardmålet». Det som er klårt er at nivelleringa til fordel for standard (nord-)estisk har vore den langt sterkaste tendensen i utviklinga.

Er sør-estisk eit unntak frå denne nivelleringa? Ja og nei. På den eine sida er dialektskilnadene (i høve til standardmålet) i delar av Sør-Estland levande i langt større grad enn for resten av landet – her finst det framleis eit fullstendig språkssystem som i vesentleg skil seg frå det normerte standardmålet. På den andre sida er det fullt mogleg for ein estisk-kunnig å reise rundt i desse områda og snakke med folk utan å leggje merke til det. Det ein høyrer då vil vere eit korrekt standardestisk med enkelte fonetiske særtrekk

som kan få ein lingvist til å gjette sør-estisk bakgrunn. Grunnen er at i dei historiske vōro-språklege område er nesten alle i større eller mindre grad tospråklege, og vil konsekvent nytte standardmål når dei snakkar med framande eller folk frå andre delar av landet.¹⁹⁶

I 1998 vart det gjort ei språksosiologisk undersøking av bruken av lokal målform i det historiske Vōro-maa innanfor dei tre sør-estiske fylka der vōro-målet er i bruk, og i 2001 og 2002 vart det gjort tilsvarande undersøkingar på Saaremaa fylke og i den sørlege delen av Viljandimaa fylke som er kjerneområde for den historiske Mulgi-varieteteten av sør-estisk. Kadri Koreinik stilte i 2004 opp ei samanlikning av resultatane frå desse undersøkingane.¹⁹⁷ Dette utvalet er gjort fordi vōro og mulgi er dei to historiske hovud-varietetane av sør-estisk, og altså ganske langt unna nord-estisk standardmål, medan øyfylket Saaremaa er eit døme på eit relativt einskapleg område med nord-estisk dialekt som ligg langt nærare standardmålet. Appendiks S viser den geografiske plasseringa av områda i undersøkingane.

Det er ei grunnleggjande sociolingvistisk erkjenning at undersøking av bruken av ikkje-standard tale er prinsipielt problematisk, ettersom systematisk observasjon, i tillegg til å vere svært arbeidskrevjande, vil påverke kommunikasjonssituasjonen og dermed i seg sjølv vere ei feilkjelde. Det ideelle ville vere metodar som får den observerte til å gløyme heile undersøkingssituasjonen, men det er vanskeleg og ressurskrevjande å få til. Den enklaste og minst arbeidskrevjande tilnærminga er derimot spørjeundersøkingar der folk svarar om sine eigne språkvanar, målingane hos Koreinik er gjort etter eit slikt prinsipp. Svara vil til sjuande og sist gi uttrykk for subjektive haldningar, ikkje påliteleg brukstatistikk. Dette tyder likevel ikkje at slike undersøkingar er unyttige, berre at dei må takast for det dei er.¹⁹⁸

I spørjeundersøkingane Koreinik viser til vart folk bedde om å setje namn på det lokale språket eller dialekten i området. I vōro- og saare-områda er det fleste relativt eintydige: 82% seier det finst ei målform (språk/dialekt) i deira område som heiter *vōro*¹⁹⁹, tilsvarande seier 73% det finst og heiter *saare*. Høvesvis 16% og 17% seier det finst, men bruker andre namn. Berre 2% i vōro-området meiner det ikkje eksisterer, mot 10% for saare. For mulgi-målet er biletet heilt annleis: Heile 47% meiner det ikkje finst noko slikt språk, og berre 35% meiner det heiter mulgi. 18% bruker andre namn.²⁰⁰

Tabellen gjengitt i appendiks S viser tilsynelatande at bruken av lokalt mål står sterkast i saare-området

og svakast i mulgi-området, med võro-området i ei mellomstilling. For å forstå desse tala må ein ta omsyn til at dei tre fylka som utgjer det undersøkte võro-området omfattar både sentrum og periferi for bruken av det mest typiske võro-målet. Vidare er det relevant at den langt mindre språklege avstanden mellom saare-mål og standardestisk gjer det lettare å definere seg innanfor den lokale språkbruken som identitetsmarkør utan at dette utgjer eit klart brot med standardmålet.

Det er like fullt ikkje særleg lovande for võro-målet at under ein fjerdedel snakkar lokalt mål med born og barneborn, sjølv om sju av ti gjer det med foreldra sine. Overalt er det berre ein av ti som meiner dei snakkar võro-målet – dette er altså endå mindre enn for det nær utrydda mulgi-målet. Like fullt viser undersøkingane at til skilnad frå mulgi-området er lokalt språk viktig for den lokale identiteten både i võru- og saare-området.

I võro-området gir undersøkingane grunnlag for å tru at lokalt språk er i dagleg bruk, men at det har lågare prestisje enn både standardmålet og saare-dialekten. Samstundes ønskjer folk i alle dei undersøkte områda å bevare det lokale språket. I võro- og mulgi-områda vil halvparten av dei spurde i alderen 25–64 støtte tiltak som gir dei lokale målformene lovfesta vern. På Saaremaa ville berre ein tredjedel støtte slikt lovfesta vern.²⁰¹

At det lokale talemålet har lågare prestisje kjem tydeleg fram ved å stille opp frekvente brukarar i høve til yrkesgrupper og utdanning. Blant spurde som definerte seg som kroppsarbeidarar oppgav 50% å bruke võro-målet ofte, medan det same berre galdt 25% av dei kontortilsette, og berre 28% av dei med høgare utdanning, mot 55% av dei med vidaregåande eller lågare utdanning.²⁰² Berre 13% meiner det lokale språket kan brukast over alt, medan 71% meiner det bør brukast overalt i Võromaa.²⁰³

5.10 Sør-estisk talemål – livskraftig eller døydande?

Koreinik (2007) rekna ut at det vöro-språklege området har ein folkesetnad på 60 000 personar, og at det mest realistiske talet på brukarar ikkje vil vere over 50 000.²⁰⁴ Iva og Pajusalu (2004) meiner at vöro har kring 50 000 talarar og seto om lag 10 000. Det tradisjonelle skiljet mellom lutherske vöro og ortodokse seto byggjer først og fremst på kulturelle, ikkje lingvistiske, kriterium – språkleg kan vi ifølgje dei altså snakke om eit sør-estisk kjerneområde med 60 000 språkbrukarar.²⁰⁵

I 2011 gav den estiske folketeljinga for første gong høve til å oppgi lokale språkformer. Dette vart gjort ved at alle personar over tre år med estisk som morsmål vidare fekk spørsmål om dei beherska noka lokal målform eller dialekt. Dersom svaret var ja, fekk dei åtte alternativ (vöro, seto og fleire dialektar samt «anna»).

Resultatet av folketeljinga var at 131 243 eller 10,1% av den estiske folkesetnaden gav opp å kunne ein dialekt eller ei lokal målform. Av desse var det til saman 87 048 som kunne vöro- eller seto-dialekt – 74 499 vöro og 12459 seto. Heile 9698 personar oppgav å kunne mulgi-dialekt.²⁰⁶ Dette er altså svært store tal i høve til tidlegare estimat. Samstundes viser det at vöro- og seto-mål står for 66% dei estiske innbyggjarane som meiner å kunne ei lokal målform.

Tala er potensielt villeiande med omsyn til vitaliteten til talemålet. Før det første er dei basert på eigen-definisjon og seier difor ikkje noko om nivået. Endå viktigare seier dei ingenting om overføringa mellom generasjonane. Det siste prøver derimot Martin Ehala å gjere. I 2004 konstaterer han at språkbevaring for vöro-målet føreset handling både på mikro- og makro-nivå som gir ein slags balanse mellom dei ulike «gravitasjonskreftene». Men det å halde opp ein dobbelt identitet har kostnader som gjer at det berre blir varig dersom den enkelte språkbrukaren faktisk har bruk for det. Om det kan lukkast avheng dermed av om brukarane ser behovet for å ta kostnaden.²⁰⁷ Men korleis er eigentleg stoda? For å bøte på mangelen på data som kan samanliknast, tek han i 2006 utgangspunkt i tidlegare data innsamla i 1998 der 600 personar i alderen 25–64 år vart spurde om sin bruk av vöro-målet. Sjølv gjennomførte han ei spørjeundersøking blant 744 elevar i 9. klasse, og korrigererte aldersgruppene i dataa frå 1998 for tida som hadde gått. På den måten fekk han eit bilete av endring over tid.²⁰⁸

I undersøkinga blant vaksne frå 1998 meinte 79% at dei beherska det lokale språket middels godt eller betre. I 2005 meinte 52% av niandeklassingane det same. Dette er interessant, fordi 71% av foreldra i 1998 meinte at borna slett ikkje snakkar vōro-mål eller berre sporadisk nyttar enkelte ord. Det ser dermed ut at borna sjølv meiner dei kan språket betre enn foreldra trur dei gjer. Det som er likt i undersøkingane er at nær halvparten i familiane hevdar at dei aldri snakkar vōro-mål med borna. I 1998 melde 14% av foreldra at dei alltid snakkar vōro-mål med borna, medan berre 9% av niandeklassingane i 2005 melde om tilsvarende aktiv bruk i heimen. Elles viste undersøkinga at vōro-målet var mindre brukt i formelle situasjonar, og meir brukt blant gutar enn jenter. Fleire bruker det på landet, færre i byane i regionen. Alt i alt indikerte spørjeundersøkinga til Ehala i 2005 at under 10% av 15-åringane i regionen var aktive brukarar av vōro-mål. I kontrast til dette svara 40% at dei var villige til å lære borna sine vōro-mål, pluss 36% som var villige til å lære det bort i tillegg til standardestisk. Generelt var eit stort fleirtal foreldre og besteforeldre i 1998 positivt innstilt til å gi det lokale språket vidare til ein ny generasjon – men resultata viser noko anna i praksis.²⁰⁹

Ut frå resultata sluttar Ehala at språkskiftet i Sør-Estland (per 2005) byrja kring 20 år tidlegare. Resultata viser at det kan stillast store spørsmål ved overføringa mellom generasjonane. Ehala stiller ut frå dette spørsmålet om revitalisering er mogleg, og refererer til Fishman-skalaen som presentert i kapittel 3. Trass i den store innsatsen til vōro-rørsla for å utvide domena for språket, vurderer Ehala det som at språket er på veg frå sjette til sjuande trinn på skalaen, altså til ein situasjon der dei fleste brukarane av språket er sosialt integrerte og etnolingvistisk aktive innbyggjarar, men ikkje lenger i fruktbar alder. Ehala legg i tråd med Fishman vekt på at det er ineffektivt å satse på utviding til nye domene (lokale styresmakter, offentlege tenester, vidaregåande utdanning, massemedia) når ein samstundes ikkje når måla i familie- og grannelagssfæra.²¹⁰

Ehala føreslår at det ville vere betre å prøve å posisjonere vōro-målet som eit språk for den intime familiesfæra, eit hjartespåk og kanskje òg til ein viss grad eit «hemmeleg språk» som skil eigne frå framande – dette meiner han kan vere ein mogleg mening for å kome stigmatiseringa av vōro-målet til livs blant dei unge. Samstundes påpeiker han at skam over eigne ufullkomne språkkunnskapar hindrar mange i å

vidareføre unge. Difor trengst òg ei haldningsendring i retning av at litt er betre enn ingenting. Ehala trur sjølv det er mogleg å snu språkskiftet, men meiner det krev endring av ideologien i vöro-rørsle.²¹¹

5.11 Ei ny sør-estisk målrørsle

Mot slutten av 1980-talet var det estiske normalmålet svært standardisert, og nivelleringa mellom dialektane var komen langt. Bruken av eit talemål som skilde seg vesentleg frå dette var for det meste avgrensa til Sør-Estland, og då i privatsfæren – i vöro-området skjedde språkskifteprosessen særleg i perioden 1960–1980.²¹² Den dominerande oppfatninga var at dialektane – også dei sør-estiske – høyrer fortida til.

I 1988 skreiv Kalle Eller og Kaido Kama ein skilsetjande artikkel som kom ut i litteraturtidsskriftet «Looming» under tittelen *Lõuna-estli keele ortograafia* (Ein ortografi for det sør-estiske språket). Artikkelen stiller fleire grunnleggjande spørsmål og prøver å svare på dei. Dei legg til grunn at sør-estisk ikkje er ein dialekt av nord-estisk, men eit sjølvstendig austersjøfinsk språk med tre hovuddialektar – tartu, mulgi og vöro, og spør kvifor dette språket no manglar ei allment akseptert rettskriving, slik at alle «dialekt diktarar» må finne opp hjulet sjølv.²¹³ Dei spør korleis det kan ha seg at eit språk som fekk det første estiske nytestamentet no ikkje har nokon levande skrifttradisjon. Dei meiner at nord- og sør-estisk konkurrerte som to jamlikar frå svensketida og fram til den «nasjonale oppvåkninga» på 1800-talet. Sentralt står det at denne nasjonale vekkinga som la grunnen for den estiske nasjonen slik vi kjenner han i dag, i hovudsak gjekk føre seg på nord-estisk skriftmål. Dermed vart kontinuiteten i den sør-estiske skrifttradisjonen broten, og målførediktarar som Artur Adson (1889–1977) måtte skrive sine vers utan støtte i nokon skriftkultur. Etter «døden» har sør-estisk i skrift først og fremst levd gjennom enkeltstående lyrikarar og i litteraturen som enkeltstående brokkar av direkte tale. Forfattarane peikar på tre årsaker: at heile Bibelen aldri kom ut på sør-estisk, at mange av dei store nasjonale leiarane frå «oppvåkninga» var frå Nord-Estland, og at manglande reform av ortografien gjorde at det ikkje var grunnlag for ein renessanse for skriftmål, noko som gjorde språket for svakt til å overleve russifiseringspolitikken.²¹⁴

Artikkelforfattarane meiner tida er komen for eit nytt skriftmål med ein normert ortografi. Som eit dilemma i så måte ser dei tilhøvet mellom sør-estisken i breiare forstand og vöro-målet, som i 1988 (og

framleis i dag) saman med det nærskydde seto-målet var berarane av den sør-estiske kontinuiteten i talemålet.

Ein ny ortografi står i eit tilhøve til to tradisjonar – den gamle sør-estiske skriftradisjonen og den moderne estisk-finske ortografiske tradisjonen. Eller og Kama vil ha ein talemålnær ortografi, men understrekar at det ikkje må gå for langt i retning av fonetisk transkripsjon: det er ikkje nødvendig med større fonetisk presisjon enn på finsk og standardestisk.²¹⁵ Hovudspørsmålet det kokar ned til er om sør-estisk er eit eige språk eller ei samling dialektar (slik fleirtalet ser det). Forfattarane meiner det må liggje til grunn at språket er sjølvstendig og har rett til eit system som tek omsyn til den indre logikken, men utan å gå for langt frå den felles nord-estiske/finske tradisjonen. Dei publiserer eit framlegg til rettskriving og ein eksemplettekst. Rettskrivinga ligg ganske nær prinsippa i den standardestiske rettskrivinga. Artikkelen er altså eit innspel og eit ønske om debatt. Denne debatten skulle kome til å prege dei neste ti åra, før skriftnorma tok til å stabilisere seg. Dei avsluttar med ei erklæring: *«Med vårt ønske om å bli eins om ei sør-estisk rettskriving har vi òg meir langsiktige mål, for auget. Vi kan ikkje sjå det som ein normal situasjon at barn i morsmålstimane på skulen lærer eit språk mor aldri har snakka. Vi reknar det som tvingande nødvendig at det sør-estiske språket (i alle fall vōro-dialekten av det) steg for steg får utvida rettar både i utdanning og massemedia, men inkje av dette er tenkjeleg utan ein standardisert og allment akseptert sør-estisk ortografi. Den bruken vi i dag finn i skrift gjer berre elitær bruk av sør-estisk språk mogleg, sør-estiske skriftkunne for massane er ikkje tenkjeleg med eit språk overmetta av «fonetismer». Som første steg mot fiksering av eit sør-estisk skriftspråk må det òg arrangerast ein skikkeleg sør-estisk språkdag, der vedtaket om rettskriving bør vere, om ikkje obligatorisk, så i alle fall tilrådd for alle brukarar av sør-etisk språk».*²¹⁶

Desse tankane frå 1988 er eit teikn på at noko var i gjære. Den 12. november 1988 vart selskapet VKFF (Fondet for Vōro-mål og -kultur) stifta. Den 6.–9. august 1989 skipa dei til «sommaruniversitet» i den vesle grenda Kaika, og denne tradisjonen har halde seg fram til i dag. Sommaruniversitetet var og er ein relativt open møteplass for både eldsjelene og sympatisørane i det sør-estiske miljøet.²¹⁷

Frå det første sommaruniversitetet i Kaika stammar ein artikkel av den estiske lingvisten Toomas Help

(1990), som forklarar sitt syn på stillinga til og kodifiseringa og normeringa av vöro-varieteteten av sør-estisk. Han meiner det er på høg tid å framheve vöro-målet som eit eige språk, som må fungere på eigne premissar. Help meiner det ut frå overlevinga som estisk nasjon er eit historisk lykketreff at det gjekk som det gjekk – at nord-estisk vart til eit fellesestisk skriftmål har hatt fordelar som veg opp for uretten som vart sør-estarane til del.²¹⁸ No er derimot situasjonen endra, og det felles skriftmålet er ikkje meir truga i dei sør-estiske områda enn andre stader. Difor er det å motarbeide bruken av sør-estisk både unødvendig og fiendtleg. Help har ei rekkje konkrete framlegg om kodifisering, og hans radikale framlegg til rettskriving gir som heilskap eit skriftbilete som skil seg svært tydeleg frå nord-estisk skriftmål²¹⁹. Framlegget til Help skulle bli eit viktig startskot for ei rekkje debattar og konkurrerande framlegg. Help vart sjølv overraska over at framlegget hans vakte slik interesse.²²⁰ I all hovudsak har debattane gått langs ein skala der det første framlegget frå Eller og Kama og det radikale framlegget frå Help har fungert som motpoler.²²¹ Det er òg svært interessant at Help ser det som avgjerande for skriftfestinga om ein ser på vöro-estisk som ein dialekt eller eit eige språk.²²² Nett dette spørsmålet skulle bli stadig gjenstand for debatt i alle år sidan.

5.12 Standardmålet: Norm, språkplanlegging og språkstrid etter 1990

Det første sommaruniversitetet i Kaika vart startskott for eit intenst arbeid med systematisering av språket, der ein liten kjerne av aktivistar har arbeidd på mange plan.²²³

I 1995 vart Vöro-instituttet skipa som eit forskingsinstitutt underlagd det estiske kulturdepartementet, som har det historiske Vöromaa som arbeidsfelt, og arbeider for å støtte folket der i å bevare lokalt språk og tradisjonar. Sjølv om den offisielle politikken har vore å handsame sør-estiske varietetar som dialektar, noko aktivistane har vore usamde i, har dei aktive i den sør-estiske rørsle vore pragmatiske nok til å samarbeide med det offentlege om felles mål om å bevare lokal kulturell eigenart. Etter skipinga av instituttet tok mykje av arbeidet ei meir systematisk og målretta retning.²²⁴ I 1996 kom det ei fyldig lesebok for både vaksne og born, ei oppdatert og utvida utgåve av ei tekstsamling frå 1993, redigert av Jüvä Sullöv og Kõivupuu Marju. Boka inneheld både dikt, forteljingar og skodespel av forfattarar frå Vör-

o-området.²²⁵ I 1998 kom ei fargerik og forseggjort ABC-bok for born.²²⁶

Ein milepåle i dette arbeidet kom i 2002, då instituttet gav ut *Võro-eesti synaraamat* (võro-estisk ordbok). Ordboka er redigert av Jüvä Sullõv, med støtte av ei arbeidsgruppe på elleve personar, og med språkforskaren Karl Pajusalu som akademisk leiar.²²⁷ Boka har 15 000 oppslagsord.²²⁸ Det som gjorde boka til noko anna og meir enn ei samling av dialektord, var systematiseringa, ikkje berre av ortografien men òg av grammatikken. Boka innfører eit typesystem for bøyingsmønstra for substantiv og verb. Boka inneheld eit 30-siders tillegg med grammatiske paradigmeoppstillingar og tabellar med grunnformer for 53 substantivtypar og 36 verbtypar, og desse nummera står ved oppslagsorda. Dermed er det ved hjelp av ordboka heilt utan anna førebuing enn vanlege estiskkunnskapar i prinsippet mogleg å danne korrekte bøyingsformer for alle oppslagsord.

I føreordet til ordboka står det: «*Boka manglar svært mange ord som burde vere til stades i eit moderne skriftspråk. Det er lite av ord for abstrakte omgrep, fagterminologi er det endå mindre av. Eigentleg er ikkje dette direkte problem med med ordboka, men svakheiter ved sjølve võro-målet i den utviklingsfasen det er no.*»²²⁹

Jüvä vidarefører arbeidet med den systematiske grammatikken, og i 2007 blir doktoravhandlinga hans publisert med standardestisk som metaspråk under tittelen *Võru kirjakeele sõnamuutmissystem* (Det morfologiske systemet i võro-skriftmålet).²³⁰ I tillegg til å vere ei teoretisk vidareutvikling av typesystemet er det ei ein viktig symbolsk verdi i tittelen: Det er ei avhandling som i tittelen handlar om eit skriftspråk og dermed føreset at dette eksisterer.

Jüvä tek i innleiinga utgangspunkt i språknemningane «*võru keel*» (võro-mål) og «*lõunaeesti keel*» (sør-estisk) og gir eit oversyn over diskusjonane og vegen fram. Sør-estisk som språknemning er nytta i minst fire tydingar, skriv han: a) sør-estiske dialektar, b) det gamle stammespråket som historisk vart snakka i det sør-estiske språkområdet, c) som synonym for det gamle Tartu-skriftspråket, d) som eit namn på det nye regionale võro-skriftspråket. Jüvä ønskjer ikkje å avgrense seg til ei av desse tydingane, fordi han meiner det naturleg står for ein heilskap som omfattar alle desse.²³¹ Derimot meiner han at det ut frå den språklege sjølvdefineringa til språkbrukarane er naturleg å bruke dei trongare geografiske nemningane.

Difor blir «*võru keel / võro kiil*» ei nemning for det moderne võro-baserte sør-estiske skriftspråket, som i sitt normgrunnlag bygger først og fremst på võro-dialekt, med impulsar òg frå dei andre sør-estiske dialektane og frå estisk skriftspråk.²³²

Når det gjeld võro-skriftspråket skil han mellom to tydingar: all skriftleg bruk av võro-dialekt, og eit standardisert og medvite normert språk. Samstundes legg han vekt på at skriftspråket kan handsamast som ein arvtakar etter det gamle sør-estiske skriftmålet, ettersom dei er nære nok, delar av normgrunnlaget er felles, og det ved utvikling av võro-norma har vore teke omsyn til den sør-estiske skrifttradisjonen. Etter standardisering av rettskrivinga er grunnlaget for kodifisering og modernisering lagt gjennom võro-estisk-ordboka, og held fram gjennom pågåande arbeid med ei estisk-võro-ordbok.²³³

Karakteristiske for revitaliseringsinnsatsen på 1980- og 90-talet har vore standardisering i tydinga freistnad på å løfte talespråket til ein meir offisiell bruk i danna krinsar. I den første fasen stod valet av ortografi sentralt. Medan Help (1990) i sitt prinsippet ortofone men svært særprega framlegg fjerna seg sterkt frå estisk/finsk skrifttradisjon i ein grad som kan karakterisert som nyalfabetisering, la framlegget frå Eller og Kama vekt på både dei sør-estiske skrifttradisjonane og den finsk-estiske tradisjonen. Mellom 1990 og 1995 vart desse framlegga og ulike kompromissframlegg prøvde ut i praksis, utan at det fanst noko konsensus. Den 31. oktober 1995 vedtok ein ortografikommisjon nedsett av det nyoppretta Võro-instituttet ein felles ortografi for både võro og seto, og denne var på mange måtar eit kompromiss mellom dei tidlegare framlegga.²³⁴ Den nye ortografien hadde gått ein lang veg frå den avanserte og livsfjerne tilnærminga til Help i retning av å unngå unødvendig skilnad frå vanleg estisk rettskriving. To bokstavar gjorde at den nye ortografien synleg skilde seg ut frå standardestisk: *q* vart brukt for den støt-liknande glottale stoppen som er eige fonem i võro- og seto-målet, mellom anna som fleirtalsending, og *y* vart brukt for ein vokal som liknar den estiske *õ*-lyden men er høgre.²³⁵ I tillegg markerer rettskrivinga palatalisering av konsonantar.²³⁶

I nyare tid har det vore stadig sterkare tendensar til forenkling av ortografien samanlikna med den vedtekne rettskrivinga. Konkret er det bruken av bokstaven *q* for den spesielle strupestoppen som er under press, og store delar av võro-rørsla har gått bort frå dette. *Avisa Uma Leht* har slutta å bruke *q* og *y* i

tekstane med unnatak av innsendt stoff som nyttar desse formene.²³⁷ Leksikografen og lingvisten Jüvä Sullöv og diktaren Kauksi Ülle er sterke forkjemparar for bruken av q i rettskrivinga, medan den markante tidlegare justisministeren Kaido Kama er motstandar.²³⁸ Striden var ikkje over i 1996, slik dei hadde håpa, men framlegget førte til engasjement og debatt.²³⁹ I 2005 vart det vedteke endringar i rettskrivinga som innebar at y vart erstatta med õ i av den «offisielle» nye ortografien.²⁴⁰ Den siste resten av det radikale framlegget til Help er bruken av q, og sjølv om denne er ein del av ortografien, er det framleis sterk motstand.²⁴¹ Det vil seie at etter 25 år har framleis ikkje vōro-målet funne fram til semje om ei stabil rettskriving – framleis er rørsle prega av å vere det Tender og Kasak meit ordspel kalla ei brownsk rørsle – på den eine sida etter generalguvernør George von Browne (1698–1791) som ein av mannen bak den administrative inndelinga av området som vart grunnlaget for språket, og på den andre sida etter dei meir kjende rørsle oppdaga av Robert Brown (1773–1858).²⁴² Manglande konsensus om ortografien vil sett innanfrå naturleg nok opplevast som skadeleg for vōro-saka,²⁴³ men er ikkje ein uvanleg situasjon. For å seie det med Grenoble og Whaley: *«Battles over orthography can become surprisingly passionate. While perhaps unavoidable to some degree, the potential for divisiveness can be lessened by encouraging people to see early decisions about orthography as tentative, and by constantly returning to the unifying vision of why the orthography is being created in the first place.»*²⁴⁴

Den neste fasen på vegen mot eit standardmål var definerings av normgrunnlaget for morfologien. Medan sør-estiske forfattarar har ønskt at tekstane deira berre skulle redigerast med omsyn til felles ortografi, ikkje morfologi, har ei felles norm vorte utvikla for bruk i opplæring, oppslagsverk, omsetjingar og offisielle tekstar.²⁴⁵

Syna på normgrunnlaget har sprika frå dei som meiner at språket må ta utgangspunkt i det som enkelt sagt er lengst unna Tallinn – særleg dialekten i Misso ved den latviske grensa, ettersom dette systemet er det som gir størst og tydelegast avstand til nord-estisk standardmål. Ein representant for dette synet har vore Toomas Help. På den andre sida har Mati Hint stått for på ta utgangspunkt i tendensane til nivellering mellom dei sør-estiske dialektane, medan Kalle Eller og Kaido Kama, har ville byggje på ei norm nærare det det gamle sør-estiske skriftspråket.²⁴⁶

Jüvä viser til Tauli som døme på at arakaiserande tendensar har vore sett som negative fordi dei forstyrar den naturlege språkutviklinga. Han meiner derimot det å ta omsyn til eldre språktrekk ikkje kan reknast som negativt for vöro, ettersom det er dette systemet som foreiner dei ulike territoriale varietetane av sør-estisk.²⁴⁷ I denne tanken ser vi eit slektskap til Ivar Aasen. Jüvä meiner ein bør vere forsiktig med nyare tendensar som er følgje av påverknad frå estisk skriftmål, eller som lettare gjer systemet sårbart for slik påverknad. Konkret har dei største to stridsspørsmåla vore:

1. 'u' eller 'o' i andre og seinare stavingar. Dette har samband med at 'o' i standardestisk ikkje kan finnast etter første staving, medan det førekjem i mange ord i ein stor del av det sør-estiske språkområdet. Her vart kompromisset 'o', altså det som skil seg frå nord-estisk.
2. Kasusendinga for det høgfrequente kasuset inessiv. Her finst det av språkhistoriske grunnar ein variasjon mellom -n, -h og -hn, som alle skil seg frå nord-estisk -s. Kompromisset vart valfridom, men med -n som hovudform.²⁴⁸

Verbmorfologien i vöro-eesti-ordboka er relativt konservativ, men inneheld samstundes parallellformer. I det heile inneheld ordboka mange parallellformer, valfridomen mellom former som finst i talemålet er relativt stor. For ein del former som anten er svært arkaiske eller tvert om påverka av nord-estisk, har ordboka løyst det med oppslagsformer som viser til tilrådde former.²⁴⁹

Dei einaste tekstane som konsekvent følgjer skriftnorma er pedagogisk materiell og offisielle tekstar og omsetjingar. Elles er normeringa stort sett avgrensa til ortografien, medan dei andre nivåa avspeglar dialektbakgrunnen til den som skriv. Det er interessant at den faktiske tekstproduksjonen, til dømes gjennom den vöro-språklege avisa *Uma Leht*, viser at der det skjer ei forenkling og nivellering som ikkje følgjer norma, fører ikkje likevel ikkje denne nødvendigvis til samanfall med nord-estisk. Dette kan tolkast som teikn på at ein ny felles varietet er i ferd med å ta form på eigne premisser.²⁵⁰ Samstundes er graden av purisme ei alvorleg utfordring for eit marginalt språk der alle brukarane er tospråklege. Røyster blant målreisarane har ønskt halde språket mest mogleg fritt for standardestisk²⁵¹, men i praksis er den munnlege språkbruken sjølv blant aktivistane inkonsekvent og oppblanda²⁵², og endringane i det faktiske talemålet gjer at trekk i skriftnorma som i teorien er meint som ortofone i praksis blir arakaiserande og

etymologiske.

5.13 Nyare sør-estisk litteratur

Då den sør-estiske diktaren Kauksi Ülle i 1987 gav ut si første diktsamling *Kesk umma mäke* (Midt på sitt eige berg), visste ho ikkje at ho skreiv på eit eige språk som skulle få namnet võro.²⁵³ Kauksi Ülle har vore aktiv i võro-rørsle og framstår som det fremste symbolet på moderne sør-estisk litteratur. Etter debutten i 1987 har ho gitt ut sju diktsamlingar, fire prosabøker og to skodespel på ei sør-estisk målform som med omsyn til ortografi og form har fornya seg i takt med den pågåande normeringsprosessen, men i essens har følgd hennar morsmål. Same år kom eit skodespel av Madis Kõiv og Aivo Lõhmus som vart sett opp på teater i Tallinn i 1993, med fjernsynsteaterversjon i 1994.²⁵⁴

1995, året då Võro-instituttet vart grunnlagt, var eit viktig år for for den sør-estiske litteraturen. Kauksi Ülle kom med diktsamlinga «Agu ni Eha / Morn and Eve» som hadde parallelltekst på engelsk. Dette var symbolsk viktig, fordi det viste eit språk som posisjonerte seg internasjonalt, ikkje berre i høve til estisk. Samstundes gjorde sør-estisk sitt inntog i den estiske populærkulturen ved at songen «Kynõtraat» framført av opphavsmannen Jan Rahman vart svært populær. Same år kom òg seto-eposet «Peko» ut i Finland, og avisa «Setomaa», som òg inneheldt litterære tekstar på seto.²⁵⁵

Døme på kodeveksling og mindre brokkar av sør-estisk tale finst hos ei mange estiske forfattarar, men då som reine dialektinnslag, og ofte inkonsekvent og med nedsetjande overtonar.²⁵⁶ Likevel finst det ei rekkje forfattarar med sør-estisk bakgrunn som har skrive tekstar i sin heilskap på sør-estisk. Mange av desse har vert tilknytt den unge forfattargruppa NAK i Tartu. Ei heimeside om sør-estisk litteratur nemner 18 nolevande forfattarar som skriv på sør-estisk.²⁵⁷

5.14 Seto kiil – etterdiltaren eller førebiletet?

Som lesaren av denne oppgåva alt kan ha opplevd, kan vere forvirrande å forhalde seg til språknemningane for dei sør-estiske varietetane, og ein særleg grunn til dette er tilhøvet mellom võro og seto. Debat-ten om statusen til sør-estisk som eige språk i høve til nord-estisk kan, om ikkje svaret er klårt, i det minste forast med lingvistiske argument. Om alle brukarane sjølv hadde definert språket sitt som sør-

estisk, ville debatten om språk eller dialekt gått langs ein akse. Så enkelt er det ikkje – brukarane av vōro og seto definerer seg som brukarar av språk med ulike nemningar, sjølv om dei innser at det språkleg sett ikkje finst nokon vesentleg skilnad²⁵⁸. I den tradisjonelle dialektologien har dei ikkje eingong vore sett som ulike dialektar.²⁵⁹

Det finst drag ved seto som vōro-estiarar vil oppfatte som typiske. Desse er først og fremst av to slag: målmerker som òg finst i dei austlegaste delane av vōro-området, og ord som har å gjere med med seto-kulturen. Den første kategorien er altså, om ein ser nærare, argument for å sjå på seto og vōro som eit saumlaust dialektkontinuum – det finst ingen klåre og eintydige språkgrenser mellom dei. Den andre kategorien har å gjere med at skilnaden mellom vōro- og seto-estiarar først og fremst er kulturell, ikkje språkleg.²⁶⁰

I visse samanhengar blir vōro-seto handsama som eitt språk. Dei er oppførte saman i *UNESCO Atlas of the World's Languages in Danger*²⁶¹ og i ein del andre publikasjonar. Det har òg vore enkelte freistnader blant vōro- og seto-aktivistane sjølve på å «marknadsføre seg» som eitt språk. Eit døme på dette er heftet *Vōro-Seto Language* av Kalle Eller, utgitt av Vōro-instituttet i 1999, som framstiller det slik: «*The speakers of that language are usually looked upon as Estonians and they may themselves think and feel as Estonians, but it is becoming more and more clear that their language is actually a special one and must be considered to be an independent Balto-Finnic language. The language is called Vōro-Seto.*»²⁶²

Denne nemninga har likevel ikkje slått igjennom blant språkbrukarane sjølve, og er i dag ikkje ein del av strategien for rørslene. Det er ingen open konflikt mellom målsetjingane til vōro- og seto-aktivistar, og i hovudsak samarbeider dei mot like språkpolitiske mål i ei atmosfære av gjensidig forståing. Like fullt er det ikkje naturleg å snakke om ei samla sør-estisk rørsle som arbeider for eit felles skriftmål.²⁶³ Vōro-rørsla har gjort eit stort arbeid med å utvikle ein normal for vōro-målet. Setoane har på si side gjort ein del arbeid med eige språk, men har ikkje drive aktiv språkplanlegging i nærleiken av det nivået vōro-rørsla. Seto-rørsla har ikkje eigne lingvistar²⁶⁴, og i hovudsak har dei nytt godt av det språklege arbeidet til vōro-rørsla. I den grad seto-mål i det heile blir skrive på ein einskapleg måte, er det i stor grad basert på den nye vōro-ortografien, som framleis er eit tema for debatt.²⁶⁵ Det er heller ingen eigne ordboksprosjekt i

same storleiksorden som på vōro-sida. Ut frå dette kan spørsmålet melde seg om seto-rørsla har vore ein slags etterdiltar som berre har hengt seg på vōro-rørsla?

Dette vil kanskje vere eit gyldig perspektiv i den grad ein berre ser på rørslene som målreisingsrørsler i tydinga språklege revitaliseringsrørsler. Å sjå på vōro-rørsla som ei målreisingsrørsle er ganske naturleg, ettersom språket har vore det viktigaste uttrykket for den lokale identiteten dei representerer.²⁶⁶ For seto-sida er dette annleis. Språket er kanskje ein vesentleg identitetsmarkør, men ikkje *den* vesentlege. I langt større grad enn vōro-folk ser setoane på seg som ei eiga etnisk gruppe.

Historisk har setoane halde til i grenseområda mot Russland, kring Pskov og Izborsk som i dag ligg i Russland. Då seto-område i samband med freden i Tartu vart ein del av Estland i mellomkrigstida, var dette ein ny situasjon – setoane var i likskap med russarane ortodokse, og hadde ikkje hatt del i den same tyskdominerte kulturen som resten av Estland. Dermed er setoane lingvistisk knytt til Sør-Estland, medan religion og ein del skikkar knyter dei til Russland. Dette er bakgrunnen for den tydelege kulturelle grensa mellom setoar på den eine sida og vōro-estlarar på den andre. Symbol som dei gjerne framhevar er folke-drakter med store karakteristiske søljer, tradisjonell husbygging, dei små bygdekapella, tradisjonell song og dans og feiringa av tradisjonelle høgtider.²⁶⁷

I mellomkrigstida var setoane stort sett samla innanfor Estlands grenser. I Sovjettida vart grensene justert slik at seto-områda vart ein del av den russiske sovjetrepublikken, men så lenge grensene var opne hadde ikkje dette store konsekvensar for setoane, som framleis kunne ha kontakt med både setoar og vōro-folk på estisk side. Problemet oppstod i 1991 då det var grensa mellom sovjetrepublikkane – og altså ikkje før-krigsgrensa – som vart den nye kontrollinja mellom Estland og Russland. Det meste av seto-områda hamna då i Russland, medan resten hamna i fire estiske kommunar ved russegrensa i det søraustlege hjørnet av Estland.²⁶⁸

Stenginga av grensa var ein tragedie for setoane. Som resultat flytta dei aller fleste av dei til Estland. Eit viktig – men urealistisk – mål for rørsla har vore å få gjenoppretta førkrigsgrensene slik at seto-områda igjen blir estiske.²⁶⁹ Når dette har vist seg umogleg, har dei arbeidd for forenkla visumreglar for i det minste å kunne besøke gravstaden til forfedrane²⁷⁰. I dag held tradisjonar og skikkar på å gå tapt blant dei

unge, men identitetskjenninga står framleis sterkt blant setoane.

På 1900-talet har latinsk alfabet vore brukt for seto-målet – tidlegare vart det dels transkribert med kyrillisk skrift.²⁷¹ Det har kome ut samlingar med songar og folkedikting, dei fire evangelia har kome ut i seto-omsetjing og det har vore kome ut pedagogisk materiell i ulike rettskrivingar. I 2009 kom det ut ei ny lesebok med forteljar, dikt og skodespel. Det er framleis debatt kring standarden, men dette er ikkje hovudsaka for den aktive seto-rørsla. Derimot har dei vore flinke til å fremje sin materielle kultur og sine regionale (og dels etniske) identitet, og dermed vorte synlege for den estiske ålmenta.

Võro-rørsla opplever ofte at seto-symbol blir viste fram i media når det er snakk om sør-estisk språk og kultur – eller til og med eintydig võro-målet.²⁷² Dette har ført til fleire initiativ i retning av sterkare fokus på visuell og materielle kultur i võro-rørsla. I denne samanhengen framstår altså seto-rørsla som eit førebilete. Eit døme er badstuekulturen – i 2012 gav VKKF ut eit praktbok med tittelen *Mi uma savvusann* (Vår eiga røykbadstue).²⁷³

5.15 Strategiar, konfliktlinjer og framtidsutsikter for võro-rørsla

Hovudstrategien til võro-rørsla vart oppsummert av Kaido Kama i ein artikkel frå 2005, der han presenterer stoda for võro-saka ved å stille ei rekkje retoriske spørsmål som han deretter svarar på. Kva var det eigentleg võro-rørsla vart starta for å oppnå, spør han, og svarar:

«Dermed var det ein enkel ting ein ville oppnå – at võro-målet skulle overleve. At det ikkje skulle forsvinne i likskap med hundrar på hundrar av andre språk og dialektar i verda, som vi no i beste fall kan forske på arkiv og kartotek, eller i verste fall berre kjenner namnet på. For å oppnå denne enkle tingen var vi nøydd å løyse ei heil rad vanskelege problem.»²⁷⁴

Først måtte ein finne ut kva for eit språk ein kjempa for. Skal ein gjere det saman med setoane, eventuelt med alle dei sør-estiske dialektane, som eit sør-estiske fellesspråk? Eller om vi snakkar om võro-målet, korleis definerer vi det? Resultatet vart ei avgrensing til det historiske Võromaa-området. Seto-områda vart altså ikkje direkte ein del av grunnlaget, men derimot ei anna rørsle ein kan samarbeide med om felles interesser.

Det største stridsemnet har vore spørsmålet om språk eller dialekt. Her presenterer Kama status om regionsspråk som det mest fornuftige, ettersom det gjer det mogleg å nytte europeiske målestokkar og internasjonale kriterium for å verne språket – noko som ikkje er sikra om språket har status som dialekt. Skilnaden mellom språk og dialekt er mest psykologisk, skriv han: «*Det at dialektane døyr ut og blir borte er noko så å seie alle har vent seg til og akseptert. At eit språk bli borte blir liksom oppfatta som noko meir alvorleg, og dermed er tapet større.*»²⁷⁵ Dette er hovudgrunnen til at det å bli sett som eit språk og ikkje som ein dialekt har vorte slik ei viktig fanesak for vōro-folket. Om så andre estiske dialektar vil gjere det same, er først og fremst deira eiga sak, meiner Kama.

At tonegivande krinsar innan både vōro- og seto-rørslene seg sjølv som sjølvstendige regionsspråk framgår mellom anna av medlemsskapen i Estlands regions- og minoritetsspråksforbund, som i 2009 gav ut eit hefte med presentasjon av medlemmene. Foreininga var ei underavdeling av European Bureau for Lesser-Used Languages (EBLUL), som vart oppløyst i 2010, men det estiske forbundet eksisterer framleis. Vōromålet er der representert ved VKKF. Samstundes har vōro-aktivistane lagt vekt på at det ikkje er nokon motsetnad mellom ein ein nasjonal identitet som estar og ein språkleg og kulturell identitet som brukar av regionsspråket.

Vern gjennom dei europeiske strukturane og ratifisering av den europeiske pakta ville vere både logisk og nødvendig, meiner til dømes Kaido Kama.²⁷⁶ Vidare er det på høg tid at Estland tek eit oppgjær mellom ein-til-ein-koplinga mellom språk og nasjon.²⁷⁷ Trass i at dette har vorte mykje diskutert i og utanfor Vōro-rørsla, har Estland til dags dato ikkje signert den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk. Den estiske historikaren og politikaren Mart Nutt skisserer tre typar frykt som bakgrunn for at berre 17 av Europarådets 45 medlemsland per 2004 hadde ratifisert pakta: frykt for separatisme, frykt for kostnader ved pliktene som følgjer med, og frykt for at krava i pakta etter politisk press skal utvidast til innvandrarspråk. Mange av landa som ikkje har ratifisert pakta har i staden gitt minoritetsspråk eller -dialektar garantiar gjennom innanlands lovgiving. Til sjuande og sist er det landa sjølv som må avgjere om dei ser seg tente med å setje tilhøva under internasjonalt tilsyn, konstaterer Nutt.²⁷⁸ For Estland er alle dei tre punkta relevante. Avgjerande er helst frykta for at den russiskspråklege delen av folket, som i 2012

utgjorde 29,6% av folkesetnaden, skal nytte pakta til å krevje same slags rettar. Denne frykta byggjer på røynslene frå sovjettida, då russisk var i ferd med å marginalisere det estiske språket. Den potensielle faren for separatisme er primært knytt til denne delen av folket, ikkje til setoar, vöro-folk eller andre innfødde minoritetar.

Eit retorisk spørsmål som pressar seg fram i denne diskursen er om «europiske ideal» kan bidra til å berge vöro-målet? Tõnu Tender påpeikar i si doktoravhandling dei indre motsetnadene mellom ideal og praksis i EUs politikk knytt til språkleg mangfald: EU uttrykkjer på eit retorisk nivå bevaring av språkleg mangfald som prioritet, verdi og ideal²⁷⁹, men i praksis må språka konkurrere seg imellom på ein open marknad²⁸⁰ og den praktiske politikken gjer det ikkje sannsynleg at små språk, særleg minoritets- og regionsspråk, kan overleve over tid.²⁸¹

Å få aksept som status som språk, utvikle eit skriftspråk, få utvida domene og bruksområde er altså ikkje noko vöro-rørsla gjer fordi ein ikkje ser verdien av bruken i intimsfæren, eller fordi ein ikkje har gripe kor viktig det er å sikre at språket blir overlevert mellom generasjonane. Tvert om: det er ein konsekvens av at det siste i praksis er gjort umogleg av haldningane til dialektar, som det framstår som umogleg å endre. Den formidable oppgåva det er i ekspressfart å utvikle eit språk på mange felt parallelt er dermed opplevd som halmstrået.²⁸²

Med omsyn til lovgiving har Estland identifisert den normerte standardestiske som einaste offisielle språk. Vöro-rørsla har arbeidd for å få ei anerkjenning av statusen som eige språk inn i lovverket, og for ratifisering av minoritetsspråkpakta. Ingen av delane har så langt lukkast, men den siste språklova kan sjåast som eit slags kompromiss: offisielt har språklova innført omgrepet estiske regionale målformer (*eesti keele piirkondlik erikuju*) som blir sett som synonymt med dialektspråk (*murdekeel*). Termane er ikkje definerte, men anerkjenner eksistensen av språk utanom standardestiske.²⁸³

Anno 2012 har den sør-estiske målrørsla kome langt i retning av å leggje grunnlaget for eit sør-estisk skriftspråk. Det ligg føre ei rettskriving, språket er dokumentert og mykje arbeid har vore gjort med systematisering av grammatikken. Språket har sin eigen skjønnlitteratur og tekstar i mange sjangrar, sin eigen versjon av Wikipedia²⁸⁴, det er laga radio- og TV-program og det kjem ut ei avis, Uma Leht, anna-

kvar veke.²⁸⁵

På førskulenivå er det organisert nokre få vöro-språklege grupper etter språkbadprinsipp, men det omfatta i 2005 totalt ikkje meir enn 20 av ca 2200 born.²⁸⁶ I skuleverket er det i regi av Vöro-instituttet utarbeidd offentleg godkjende læreplaner, men undervisinga er svært avgrensa i omfang. Om lag 50 lærarar har fått opplæring gjennom instituttet. Fem skular har undervising i vöro-målet som valfag eller utanom læreplan. Instituttet har utvikla det meste som finst av materiell, og undervisinga omfattar vöro-ABC (1.–3. klasse), lokal kulturhistorie (4.–6.) og vöro-mål og -litteratur (7.–9.). I 2005/2006 fekk ca 380 grunnskuleelevar noko opplæring i målet, eit lågt tal i høve til at det er 7200 elevar totalt i området.²⁸⁷ Det finst ikkje undervising på vidaregåande nivå. Universitetet i Tartu har eit senter for Sør-estiske språk- og kulturstudiar, og har sidan 1996 hatt kurs i sør-estisk. Minst to hundre studentar har gjennomført kurset.²⁸⁸ Ein stor innsats blir gjort, men det ser ut til å monne lite dersom målet skal vere å vidareføre språket som levande bruksspråk i regionen.

Raag (2010) ser på vöro-rørsla som eit utslag av ein av to hovudretningar i det post-sovjetiske samfunnet: restorasjon og regionalisme. Den første retninga handlar om gjenopprettinga av staten som gjekk under med den sovjetiske okkupasjonen. Samstundes kan den kulturelle og lingvistiske regionalismen i vöro-rørsla vere med på å nøytralisere den autoritære tradisjonen. Så langt har denne regionalismen ikkje hatt politiske overtonar i form av separatisme, men Raag spekulerer likevel i om det kan vere eit første steg i ei slik retning, ettersom også den estiske nasjonalismen på 1800-talet i første omgang var kulturell og språkleg og ikkje politisk.²⁸⁹

Vöro-rørsla vart starta som ein liten kjerne av eldsjeler og aktivistar, og har stort sett heldt fram på same måte. VKKF eller andre organisasjonar har ikkje vorte til grasrotorganisasjonar på linje med til dømes Noregs Mållag, og dette har heller ikkje vore sett som eit mål. Samstundes kan ikkje rørsla avskrivast som ein marginal hobby for nokre få spesielt interesserte – eit døme på det motsette er dei opne «Kaikasommaruniversiteta», som kvart år har hatt minst 200–300 deltakarar, og i 2012 hadde kring 450.²⁹⁰ Ei undersøking har vist at Uma Leht har 32 000 lesarar.

Dette er i seg sjølv ikkje nok til at språket kan overleve. Vöro-seto er lista som eit truga språk på

UNESCO-lista kategorisert som *Definitely endangered*.²⁹¹ Dersom språket ikkje lenger har talemålsgrunnlag, dersom språket ikkje blir gitt vidare til born, kan det vere at at kua døyr medan skriftgraset veks. Ei effektiv revitalisering av språket handlar om at det skal finnast morsmålsbrukarar i framtida, og det er på ingen måte sjølvst. Det blir gjort ein innsats for å fremje dette, gjennom materiell som oppfordrar til å snakke språket heime, gjennom undervisning og «språkreir». Oppgåva er formidabel, og det er eit alvorleg spørsmål om haldningsendringane kjem for sakte til at det skal lukkast.

5.16 Nokre spadestikk i den offentlege diskursen

I dette avsnittet gir eg nokre døme på reaksjonar i ålmenta på dei sør-estiske målreisingsfreistnadene. I mars 2000 skreiv den riksdekkande dagsavisa Postimees at «*sør-estiske born blir truga av tvangsundervisning i võro- og setu-mål*». Fylkesmann i Võrumaa Robert Lepiksen er sint, meiner det er absurd å gjere eit ikkje-eksisterande språk til obligatorisk fag, og rår folk til å flytte til Tallinn om det går så langt.²⁹² Journalisten Toomas Mattson meiner i ein replikk at bruk av skattepengar på undervisning i «dialekt» er like absurd som om frimerkesamlarar eller sadomasochistar skulle krevje at staten betaler for fritidsinteressene deira – hobbyane sine får kvar enkelt koste sjølv.²⁹³ Sjølv om avisa snart kan roe ned ålmenta med at undervisning i sør-estisk likevel berre vil bli valfag²⁹⁴, er det polemiske ballet opna.

Karl Pajusalu spør i retur om kor kort minne estarane har – han meiner fylkesmann Lepikson minner om guvernøren frå tidleg 1900-tal som hissa seg opp over desse bondeknølane som ville undervise i estisk i skulen, for i skulen lyt ein jo nytte menneskespråk, må vite. Replikken om frimerkesamling og «pervertitetar» går endå lengre enn guvernøren, meiner Pajusalu.²⁹⁵ Eit innlegg frå språkpolitisk rådgivar i utdanningsdepartementet, Jüri Valge, prøver å roe gemyttane ved å vise til at planane er svært avgrensa i omfang og at prinsippet skal vere «obligatorisk for skulen, frivillig for eleven». Samstundes meiner han dialektkunnskap er ein rikdom det er verd å utvikle, og at ironisering over status som språk eller dialekt i lys av den sør-estiske språkhistoria er meningslaust.²⁹⁶

Ott Heinapuu forsvarar sør-estisk som språk og seier at võro-målet er lengre unna nord-estisk enn det finsk er, og at «ikkje-eksisterande språk» ville vere rettare sagt om til dømes karelsk enn om sør-estisk.

Han ser åtake mot sør-estisken som utslag av «stor-estisk sjåvinisme» og meiner det er synd at enkelte framleis lever etter 1800-tals-ideologien om «eitt land, eitt folk, eitt språk».²⁹⁷ Den same Heinapuu går i ein anna artikkel ut med ein analyse der han ser på den rådande haldninga som tankemønster frå stagnasjonstida i Sovjet. Heinapuu er optimistisk om at ein ny generasjon vil ta språket i bruk. Dei som ser på «dialektane» som endeleg forviste til ein status som kjøkkenspråk forreknar seg, meiner han, fordi dei ikkje kjenner styrken i den sør-estiske språkrøynda: lat hundane gøy, karavanen går vidare!²⁹⁸

I 2007 skreiv både Kaido Kama og Jüvä Sullõv i kulturavisa Sirp om vöro-målet i den statlege språkpolitiske strategien. Kama meiner eit problem med den offentlege språkpolitikken er at statleg støtte til sør-estisk språk og kultur er prosjektbasert, noko som gjer støtta til viktige tiltak som avisa Uma Leht usikker.²⁹⁹ Jüvä meiner det er på høg tid at dei estiske samfunnsleiarane erkjenner at vöro-målet eksisterer som språk. Han meiner at den statlege strategien i praksis aksepterer at dialektane døyr, ettersom det berre blir snakka om bevaring som kulturverdi og som kjelde til leksikalsk rikdom i standardmålet. Dette er Jüvä i praksis samd i, ettersom dialektane i praksis alt er døde – med unnatak av sør-estisk, som han meiner er eit heilt anna fall. Vöro-målet har derimot utvikla seg til eit moderne skriftspråk, skriv han, og det bør utviklast som det. Samstundes erkjenner han at språkskifteprosessen er i god gang. Vöro-målet må handsamast som eit sterkt truga, men likevel livskraftig språk, meiner Jüvä, og til det trengs det utvikling av teater, songfester, dataprogram og leksikon, kulørt vekepresse og daglege nyheits- og barneprogram i etermedia.³⁰⁰

Jüri Valge svarar frå offisielt hald med eit forsvar av den statlege språkpolitiske kompromisstrategien. Og vöro-målet kan godt kallast dialekt, meiner han, eller som kompromisset i språklova seier: regional målform. Det gir ikkje meining å definere vöro-målet ut av den estiske språkfelleskapen. Han meiner det er gale å snakke om *bevaring* av vöro-målet som skriftmål, ettersom det i røynda er tale om å skape eit heilt nytt standardspråk. Det finst ganske enkelt ikkje ressursar til å utvikle språket på eit slikt nivå Jüvä snakkar om, meiner Valge, og dessutan kan urealistiske mål svekkje estisken som heilskap i møte med verdspråket engelsk.³⁰¹

Koreinik (2007a) konstaterer elles at den offentlege diskursen om sør-estiske tema har vore særleg oppte-

ken av truga språk, der både standardestisk og sør-estiske varietetar på kvar si side har vore framstilt som truga. Frykta for domenetap til russisk – og i nyare tid engelsk – har gitt motivasjon for å de-legitimere freistnader på å framstille sør-estiske varietetar som egne språk, medan representantar for desse varietetane på si side har har vore interesserte i å få forståing for at det er dei – og ikkje standardestisken – som er truga.³⁰²

6 Noreg, norsk og nynorsk

6.1 Norsk, nordisk og germansk

I den grad norsk er eitt språk, er det eit språk i den nordlege delen av den germanske greina på det indoeuropeiske språktreet – ein metafor først innført av tyskaren August Schleicher i 1863 for å illustrere den «genetiske» skyldskapen mellom dei fleste europeiske og ein del vest-asiatiske språk som språkfolk sidan slutten av 1700-talet har kjent til.³⁰³ I det følgjande baserer eg ei kortfatta framstilling norsken sin plass i språkgeografi og -historie på hovudsakleg på Torp og Vikør (2003), Torp (1998) og Almenningen et al. (2002). Av plassomsyn går ikkje framstillinga i detalj i same grad som framstillinga av den estiske stoda. Eg vil difor leggje til grunn at lesaren er kjent med hovudaspekt ved situasjonen for nynorsken i dag, og vil ikkje skildre i detalj all allmennkunnskap som kan vere relevant for samanlikninga med sør-estisk.

Nordisk er i lingvistisk samanheng oftast synonymt med nord-germansk, framfor eit reint geografisk omgrep som òg kunne omfatta finsk-ugriske språk som finsk og samisk. Desse omtalar Torp (1998) i staden som «språka i Norden»³⁰⁴. Dei andre levande germanske språka, mellom andre tysk, nederlandsk og engelsk, tilhøyrrer den vest-germanske greina, medan gotisk er eit utdøydd aust-germansk språk. Språkhistorisk sett er dei germanske språka primært definert ved at dei har gjennomgått ei spesiell konsonantendring i høve til det indoeuropeiske opphavet, den såkalla germanske lydforstykinga, der plosivane p,t,k og b,d,g vart til høvesvis f,þ,h og p,t,k – som illustrert i lat. pater > norr. faðir.³⁰⁵

Torp og Vikør bruker omgrepsparet indre og ytre språkhistorie for å skilje saga om korleis språkstrukturen har utvikla seg – indre språkhistorie – frå saga om korleis språket blir brukt i samfunnet og om sam-

spelet mellom språk og samfunn – altså ytre språkhistorie som diakron tilnærming til sosiolingvistiske spørsmål.³⁰⁶

Dei periodiserer den indre språkhistoria i urnordisk 200–500, synkopetid 500–700, norrønt 700–1350, mellomnorsk 1350–1550 og moderne norsk frå 1550.³⁰⁷ Odd Einar Haugen spesifiserer denne inndelinga med å kalle synkopetida yngre urnordisk og dele norrønt inn i eldre norrønt 700–1050 og yngre norrønt 1050–1350.³⁰⁸ Denne siste perioden, etter at vikingferdene er over, kallar Gustav Indrebø den gamalnorske perioden.³⁰⁹

Dei nordiske språka går altså tilbake til eit sams opphav i *urnordisk* som var den germanske dialekten som vart snakka i Skandinavia for om lag 1500 år sidan, som skil seg frå dei andre germanske språka ved ein del særmerke. I dag er alle dei moderne nordiske språka svært ulike urnordisk, og dette har samanheng med dei dramatiske omveltingane i perioden som blir kalla synkoptida. Typisk for endringane i denne perioden var samandragingar gjennom bortfall av (vokalar i) trykklette stavingar. Ein illustrasjon er at den såkalla gullhorninnskrifta frå Sønderjylland, den eldste kjende urnordiske runeinnskrifta, som laud *ek HlewagastiR holtijaR horna tawido*, på ei rekonstruert (teoretisk) norrøn form kunne vorte noko i retning av **Ek Hlégestr hyltir táða horn*. Som vi ser kjem vokalbortfalla i selskap med eit anna fenomen, omlyd, ein type assimilasjon der vokalar som seinare har falle bort har sett spor gjennom å påverke andre vokalar og dermed samstundes utvida vokalsystemet i norrønt. Sjølv om ordet norrønt ofte blir brukt primært om gammal vestnordisk, var dei grunnleggjande endringane frå urnordisk dei same for alle nordiske dialektar.³¹⁰

I dag omfattar dei nordiske språka norsk, svensk, dansk, islandsk og færøysk. Alle er dei offisielle skriftspråk (norsk i to former) i sine kjerneområde (færøysk ved sida av dansk). Norsk, svensk og dansk står kvarandre språkleg så nær at dei stort sett er gjensidig forståelege. Dette er grunnlaget for at Torp opererer med eit abstrakt «skandinavisk» talemål, eit *dialektkontinuum* med over 17 millionar brukarar.³¹¹ Medan finlandssvensk er det skandinaviske språket som andre skandinavar forstår lettast, er nordmenn ifølgje Torp nordiske meistarar i grannespråksforståing – ein norsk lyttar forstår i snitt 80,2 prosent av grannespråka, mot 55,8 for danskar og berre 35,6 for svenskar.³¹² Øynordisk (færøysk og islandsk) med totalt om

lag 300 000 brukarar står utanfor kontinuumet.

Dette siste er særleg interessant av ein grunn, nemleg at den tradisjonelle stamtremodellen som vist i appendiks T deler urnordisk inn i to hovudgreiner.³¹³ Norsk er historisk eit vest-nordisk språk, men utgjer synkront del av eit eksisterande dialektkontinuum med dei aust-nordiske grannespråka og *ikkje* med dei andre vest-nordiske. Dette illustrerer ei svakheit med stamtremodellen – medan han er storarta til å vise korleis og på kva steg språka har delt seg i greiner, seier han ofte lite om kor nær språka står kvarandre i praksis, ettersom han ikkje tek omsyn til seinare felles innovasjonar og/eller isolasjon som kan endre landskapet radikalt. For å forklare slike samvariasjonar som ikkje følgjer det genetiske språktreet, er eit vanleg alternativ den såkalla «bølgjemodellen» lansert av tyskaren Johannes Schmidt i 1872: språklege innovasjonar er som steinar som landar ulike stader på den elles stille vassflata i ein dam. Ringverknadene – altså bølgiene – breier seg, overlappar, når fram til delar av dammen og ikkje til andre. Sosiolingvisten Richard Hudson vidareutviklar i 1996 modellen til ein frø-metafor: innovasjonane er som ulike frø sådd på ein open åker – etter kvart vil dei blande seg i ulikt monn. Grunnen til at dialektkontinuumgrensa er ulik den «genetiske» grensa mellom hovudgreinene av nordisk, er rett og slett at felles innovasjonar har oppstått og spreidd seg i (fastlands-)Skandinavia, men desse har ikkje nådd de isolerte områda Island og Færøyane.³¹⁴

Medan den norrøne perioden var kjenneteikna av relativ stabilitet, i den forstand at språkstrukturen ikkje vart grunnleggjande endra, var den mellomnorske perioden etter 1350 (etter svartedauden) framfor alt ei brytningstid, som òg innebar at avstanden mellom norsk og dei andre vest-nordiske språka auka kraftig. Som følge av endringane argumenterer Torp for tre inndelingar: i vikingtida er inndeling aust- og vest-nordisk primær. I norrøn tid kring 1200 er det meir rimeleg å skilje mellom sør-nordisk (dansk) og nord-nordisk (norsk medrekna færøysk og islandsk, svensk). I nyare tid, altså etter ca. 1500, er ei tredje inndeling mest relevant: øy-nordisk (islandsk og færøysk) versus skandinavisk (med norsk og svensk som nord-skandinavisk og dansk som sør-skandinavisk).³¹⁵

6.2 Den norrøne og gammalnorske skriftradisjonen

Ein del av den ytre språkhistoria med særleg relevans for denne oppgåva er utviklinga av skriftspråket. Skriftspråk og talespråk eksisterer ikkje i uavhengig av kvarandre, men er ulike fenomen som slett ikkje alltid utviklar seg i takt. Difor vil periodeinndelinga i skriftspråkhistoria ikkje nødvendigvis vere den same som for talemålet.

Dette er det fleire grunnar til. Ein er at så snart det er etablert ein skriftradisjon, vil denne bli konservativ på ein annan måte enn talemålet – det skal meir til å endre enn skrivemåte enn at uttalen blir lempa på. Ein annan og meir grunnleggjande grunn, så innlysande at han for moderne menneske nesten er lett å oversjå, er at skrift som eit absolutt minimum føreset noko nytt: val av eit sett med skrifteikn – eit alfabet. Dette siste er grunnlaget for periodiseringa av den aller eldste norske skriftspråkhistoria i eldre runetid 200–700, yngre runetid 700–1050 og klassisk norrøn tid 1050–1350.³¹⁶

I løpet av dei to første periodane – runetida – hadde vi to eigne alfabet, runerekker. Den eldre runerekka hadde 24 teikn og var sams for heile det nordiske språkområdet. Frå kring 700 skjedde det noko merkeleg: den gamle rekka vart erstatta av to nye, kortare runealfabet som etter alt å døme måtte passe *dårlegare* til å gi att talemålet enn den eldre. Dei nye runene skilde ikkje mellom stemde og ustemde konsonantar, og fleire vokalar og diftongar vart skrivne likt. Saman med kristen kultur kom det latinske alfabetet, og kontakten med dette førte òg til freistnader på å utvide runerekka med såkalla «stungne runer» for å gjere alfabetet tydelegare.³¹⁷

Frå midten av tusen-talet vart det latinske alfabetet teke i bruk for å skrive norsk. Dette var byrjinga på det vi kallar klassisk norrøn tid, som skulle bli kjent som ei litterær stordomstid. Medan runene var nytta til kortare innskrifter, vart det latinske alfabetet nytta til å skape ein rik norrøn (norsk og islandsk) litteratur, der islendingane etter kvart kom til å spele den leiande rolla i den nye skriftkulturen. Særleg den episke prosalitteraturen kjend som sagalitteraturen, nedskriven hovudsakleg på Island kring 1160–1400, men mykje av stoffet er munnleg overlevering om norske tilhøve.³¹⁸ Det er dermed eit definisjonsspørsmål om sagalitteraturen er islandsk eller fellesnorrøn (norsk-islandsk).

Skriftkulturen vart utvikla og overlevert ved kloster, bispestolar og kanselli. Sjølv om tida ikkje kjende formell normering, utvikla det seg konvensjonar i formval og bruk av forkortingar – ikkje minst fordi pergament var dyrt og kravde at ein måtte vere konsis. Fram til midten av 1300-talet er systemet trass lokale variasjonar relativt stabilt, utan nemneverdige skilnader mellom norrønt skrive i Noreg og på Island. Variasjonen som finst peikar på framvekst av dialektskilnader, men ikkje meir enn at det i Noreg er rimeleg å kalle språket norrønt eller gammalnorsk fram til om lag 1350. Kring 1370 ser vi eit markert skifte.³¹⁹ For å seie det med Einar Haugen går det skrivne norske språk under om lag eit hundreår etter unionen med Danmark i 1380.³²⁰ Men dette skjedde ikkje over natta.

6.3 Ein joggetur i norsk språkhistorie etter svartedauden

«Det kom et skip til Bjørgvin i 1349» er tittelen på ein kjent roman av Torill Thorstad Hauger, og illustrerer at byrjinga på mellomnorsk tid i norsk målsoge fell saman med ei dramatisk hending – byllepest-pandemien som tok livet av minst halvparten av den norske folkesetnaden og 75 millionar på verdsbasis.³²¹ Denne pesten ramma eit samfunn som hadde ganske få skrivekunnige i utgangspunktet – historikaren Sverre Bagge meiner det kring 1300 kanskje berre var kring 4000 menneske som kunne lese og skrive, medan Arnved Nedkvitne seier det var mindretalet som dreiv med handel, forkynning eller på anna måte utøvde makt.³²² Eit slikt mindretal med tilhald ved sentrale knutepunkt var særleg utsett for epidemien. Kontinuiteten i skriftkulturen vart broten, og i det som finst av norske tekstar frå tida etter Svartedauden er stilen meir ustø og vaklande og med så mange nye innslag at det blir kalla eit nytt skriftspråk, nemleg mellomnorsk.³²³

Den politiske unionen med Sverige frå 1319 til 1355 fekk ganske lite å seie for språket. I 1380 fekk Noreg eit nytt kongefellesskap med Danmark, og frå denne tida er det stadige sterkare danske innslag i tekstane skrivne i Noreg. Overgangen var ikkje brå – mellomnorsk tid var prega av blandingsformer og norsk med danske innslag. Døma på mellomnorsk i skrift er dermed først og fremst illustrasjonar på ei brytningstid, ikkje ein stabil skrifttradisjon. Retninga var klar – norsk var på veg ut, dansk på veg inn.³²⁴

At vi seier skriftmålet var ustabil, tyder ikkje at vi veit lite om det. Kjeldeserien Diplomatarium Nor-

vegicum gjengir ordrett og på originalspråket innhaldet i dokument med tilknytning til Noreg som er eldre enn 1570. Av dei 22 bind med ca. 19 000 dokument er 21 gjort søkbare på Internett, og eit søk avgrensa på år viser heile 13124 dokument i perioden 1350 til 1536.³²⁵ Sjølv om ein stor del av dokumenta er på dansk eller latin, gir dei eit vell av døme på norsk språkbruk frå denne tida. Det er interessant at enkelte faste frasar frå gammalnorsk gjennom perioden blir ståande i tekstar som elles er på eit blandingspråk med sterke danske innslag – eit døme på dette er former av den standardiserte brevinnleiinga *Ollum monnum þeim ...*, altså [Til] alle dei menn [som ser eller høyrer dette brevet], ei innleiing som overlever gjennom heile perioden.

Torp og Vikør deler inn skriftspråkhistoria etter norrøn tid i mellomnorsk tid 1350–1536, dansketid 1536–1814, nasjonal renessanse 1814–1907 og moderne tid frå 1907.³²⁶ Byrjinga på dansketida er året den gamle katolske kyrkja vart oppløyst og erstatta med ei luthersk statskyrkje, det norske riksrådet nedlagt og all makt samla hos danskekongen og hans riksråd.³²⁷ Dette fell omtrentleg saman med byrjinga på moderne norsk tid i den indre språkhistoria – i talemålet hadde med andre ord den språkstrukturen vi kjenner i dag i hovudsak fått si form. På dette punktet hadde endringane i den mellomnorske brytningstida roa seg, men Noreg var ein del av Danmark og norsk stod utan eige skriftmål. I 1604 låg Christian IVs norske lov føre og gjorde heilt slutt på å nytte norskspråklege lovtekstar i rettstvistar. I 1660 vart det danske riksrådet avskaffa ved eit kupp og erstatta med einevelde. Det medførte at òg Noreg var styrt av eit embetsverk direkte underlagt kongen i København. Etter dette var det danske skriftspråket einerådande i Noreg.

Dansken var framleis ikkje fast normert, men sterkare normering av det felles skriftmålet voks fram på grunnlag av det høgare talemålet i København, og skaut fart då det i 1739 vart innført skuleplikt med leseopplæring for allmugen. På slutten av 1700-talet hadde eit danskprega talemål med norsk uttale utvikla seg til å bli ganske vanleg i «fornemme» krinsar. I denne perioden var det lita interesse for språkspørsmål i Noreg. Noka eige norsk skriftmål eksisterte ikkje, og spørsmålet om eit slikt burde eksisterte var så vidt vi veit eit ikkje-spørsmål.³²⁸

6.4 Språkspørsmålet og den nynorske målreisinga

I 1812 var det urolige tider i Europa. Den svenske tronfølgeren Karl Johan tok ein hemmeleg kontakt med russiske tsar Aleksander og erklærte at Sverige kunne tenkje seg å gi opp alle framtidige krav på Finland mot å få Noreg som erstatning, føresett at dei stod saman i oppgjeret med Napoleon som snart skulle kome. Dette gav harde tider for Noreg: Storbritannia slutta fred med Sverige og allianse med Russland, og norske hamner vart sperra. Bønder storma kornmagasin og kjøpmannslager for å få mat. Prins Kristian Frederik reiste til Noreg og innførte større grad av sjølvstyre, men medan han vann norske hjarte på heimebane, tapte Napoleon på den store scena. Danmark hadde knytt lagnaden sin til ein tapar, Sverige til vinnarane. Med dette bakteppet var det 112 nordmenn samla seg på Eidsvoll i 1814 og vedtok ein norsk konstitusjon, som ikkje kom til å hindre union med Sverige, men som likevel gjorde Noreg til noko heilt anna enn ein svensk provins når Kristian Frederik måtte gi tapt og banda med Danmark vart brotne. Svenskekongen lova i forhandlingane å respektere den nye grunnlova.³²⁹

Eit Noreg uavhengig frå Danmark skapte ikkje over natta ein ny språksituasjon, men bidrog til å gjere det uunngåeleg å stille spørsmåla: Kva er norsk språk? Finst det eit slikt? Bør det finnast eit eige norsk skriftmål? Korleis kan det skapast?³³⁰

Dei første åra etter 1814 vart svensk av mange sett som det store trugsmålet ein måtte verne det danske skriftmålet mot. Då Sverige viste seg uinteressert i å påverke norsk språkpolitikk, vart denne angsten borte, og var dermed eit ikkje-spørsmål i språkdebatten frå om lag 1830.³³¹ Henrik Wergeland (1808–45) skreiv i 1835 artikkelen *Om norsk sprogreformasjon*, der han tok til orde for å ta opp norske ord og former for gradvis å gjere det danske skriftmålet norsk: «*Men, da det nu engang [...] er os indpodet af Danskerne, saa kunne vi kun fremkalde enkelte af de mandigere Røster, som røre sig imellem Fjeldene, og saaledes med Talesproget bøde paa Skriftsproget, og redde hvad der lader sig redde.*»³³² Dette er ei linje seinare representert ved bokmålets far Knud Knudsen (1812–95), som denne oppgåva ikkje handlar om.

Innlegget frå Wergeland var eit motinnlegg til artikkelen *Norsk sprogreformasjon* av P. A. Munch (1810–

63), som såg på språket som ein samanhengjande heilskap som ikkje kan skifte nasjonalitet ved tilfeldig innpoding av nye ord. Munch ser det derimot som tenkjeleg å skape eit norsk skriftmål ved å velje ein norsk dialekt som normgrunnlag. Språkspørsmålet var stilt, og minst to alternativ føreslått. Det var som ein del av denne diskursen at ein 22-årig gardbrukarson frå «Gaarden Aasen i Ørstens Sogn, Voldens Prestegjeld på Søndmør» skreiv stykket som ifølgje Stephen J. Walton er «det naturlege utgangspunktet for alle drøftingar av Ivar Aasens livsverk»,³³³ nemleg «Om vort skriftsprog»: «*Efterat vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, må det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemerke,*»³³⁴ slår ein stor retorikar tonen an.³³⁵

Men Ivar Aasen (1813–96) var ingen typisk nasjonalromantikar. Han var snarare ein som visste å bruke nasjonal retorikk som del av eit heilt anna program. Walton meiner den norske nasjonalromantikken berre vert forståelig i lys av sterkt tilspissa klasse-motsetnader, mellom anna som verktøy for å trygge plassen til overklassen i den nye nasjonalstaten ved å godta den folkelege kulturarven, men gjere folket til passive objekt. Dermed blir nasjonalromantikken ein motpol til dei folkelege reisingane, populismen, og Ivar Aasen blir ståande mellom desse motpolane, men med ei klår forankring i det folkelege og med sosial rettferd som eit hovudmål, og dermed i meir eller mindre direkte opposisjon til det rådande hegemoniet. Dette er eit hovudpoeng i Waltons doktoravhandling, ein materialistisk analyse med grunnlag i ideane hegemoni og mot-hegemoni: «*It is noteworthy, for example, that the project Aasen had so cogently spelled out for his own benefit in 1836 in 'Om vort Skriftsprog' is not made public until 1852 in his review of Folkevennen. 1852 was the year after he was guaranteed the security of a life-long pension by the Storting.*»³³⁶ Med andre ord: Aasen var ein kløktig taktikar, som visste å fremje sitt prosjekt utan unødvendige og ufruktbare konfrontasjonar med ei hegemonisk overmakt, men tvert om få støtte til eit tilsynelatande «ufarleg» innsamlingsprosjekt. Arne Apelsest set Aasen i ein europeisk samanheng og meiner det er leivningar av 1800-talets embetsborgarlege mentalitet som ikkje vil godskrive Aasen den sosiale, kulturelle og politiske syntesen han la opp til. For embetsborgarskapen var eit nynorsk nasjonalspråk både unødvendig og irrelevant, ettersom dei hadde eit ferdig kulturspråk – det danske – som hadde «sett

seg». ³³⁷

Det einaste i stykket til Aasen som ikkje vart som føreskrive var i grunnen *kven* som skulle utføre programmet – mykje av arbeidet Aasen meinte mange burde vere med på gjorde han stort sett unna åleine. Etter å ha laga ein grammatikk for sunnmørsk fekk han reise- og forskingsstipend frå Vitskapselskapet i Trondheim, og frå 1843 gjorde han dei i viktigaste granskingsferdene, før han slo seg ned i Oslo i 1846. To år seinare, i 1848, kom det norske *Folkesprogs Grammatik*, og i 1850 *Ordbog over det norske Folkesprog*. I *Norsk Grammatik* frå 1864 var perspektivet utvida frå det deskriptive til det normative, og med Norsk ordbog med dansk forklaring i 1873 var eit enormt normeringsarbeid i hamn. Walton skil mellom tre fasar i livsverket til Aasen: først relativt ukritisk innanfor den nasjonalromantiske embetsmannsideologien, deretter taktisk ved bruk av deira argumentasjon, og frå 1858 og framover med ei klårare opposisjonell haldning mot embetsstanden og den rådande samfunnsordninga. ³³⁸ Men på dette stadiet var ikkje Aasen lenger åleine med målreisingsvisjonen sin – det heldt på å danne seg ei norsk *målrørsle* som kunne støtte seg på det arbeidet Aasen hadde gjort. Det var i ferd med å vekse fram ei folkeleg rørsle som hadde som mål å realisere visjonen i *Om vort skriftsprog* gjennom å kjempe for å gjere norma Aasen hadde skapt til offisielt språk i Noreg, fordi – som Aasen skriv i fortalen til Norsk Grammatik: «*I Stedet for at Byrden av Sprogenes Ulighed skulde falde paa en enkelt Stand, som netop havde den bedste Leilighed til at tænke på slige Ting, er denne Byrde kommen til at falde på selve Folket, paa den tusinde Gange større Almue, som allermest kunde trænge til en Lettelse og ialfald til Berfrielse fra unødige Møie.*» ³³⁹

Dei første som faktisk tok landsmålet i bruk var ei gruppe målmenn i Bergen og Aasmund Olavsson Vinje i Kristiania. I 1868 vart Vestmannalaget stifta i Bergen under leiing av Henrik Krohn, og dei gjorde målsaka kjend for eit større publikum gjennom bøker, blad og anna verksemd. På denne tida var målrørsla framleis eit elitefenomen og eit marginalt fenomen i samfunnet. Meir å seie for ettertida fekk husmanns-sonen Vinje som i 1858 på eigen kostnad starta vekeavisa *Dølen*, der han tok det avgjerande steget over i landsmålet. Dette heldt han seg seinare til både i bladet og i diktinga. Vinje var forkjempar for eit norsk skriftmål både av nasjonale, pedagogiske og sosiale grunnar. Han stod Aasen nær, og Aasen skreiv òg i

bladet – og i likskap med Aasen la han stor vekt på av vegen til opplysning ville bli lettare for folk om skriftmålet stod nær talemålet.³⁴⁰

Olaus Fjørtoft, som frå tidleg 1870-tal gav ut vekebladet Fram, var skeptisk til Bergensmålmennene og meinte dei kalkerte etter dansk. Han ville byrja i motsett ende i høve til Aasen – tufte opplæringa direkte på målføra, med ein ABC for kvart bygdemål. Norma måtte ta form etter kvart, som eit sluttresultat. Politisk var Fjørtoft radikal, og meinte bønder og arbeidarar måtte bruke landsmålet i kampen mot storfolket. Han fekk fleire med seg.³⁴¹

Likevel var det Aasen-linja som sigra – dei eldre målfolka som var redde for fragmentering hadde makta i både Vestmannalaget og Det norske samlaget, som gav ut det meste av bøker på landsmålet og dermed verka normerande. I 1877 kom det nye målbladet Fedraheimen, redigert av Arne Garborg, ut i ei tillempa form av Aasen-normalen. Dette vart seinare eit hovudorgan for målrørsla.³⁴²

På 1870-talet var det mest ei gruppe by-intellektuelle som var aktivt interesserte i målsak. I skulen var skrivinga ikkje så viktig som lesinga, skriftmålet var fremst eit lesespråk. Men lærarane frå bygdemiljø vart tvinga til å snakke eit bokstavrett «klokkardansk». I 1860- og 1870-åra var språkproblema i skulen gjenstand for debatt. I 1878 vedtok odelstinget etter framlegg frå Johan Sverdrup at «*Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles på Børnenes eget Talemaal*».³⁴³

Retten til å bruke talemålet var den første store sigeren, det neste målet var lærebøker på landsmålet som samnemnar for bygdemåla. I 1885 gjekk venstrefleirtalet i Stortinget inn for det grunnleggjande jamstillingsvedtaket «*Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Sole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog*». Dette er det viktigaste språkpolitiske vedtaket i Noreg, vedteke med 78 mot 31 røyster.³⁴⁴

I perioden 1880–1900 kom skriveopplæringa i skulen skikkeleg i gang, og det same gjorde opplæringa i landsmålet, som hadde stor framgang i dei nasjonale institusjonane, mogleggjort av Venstres frammarsj. Samstundes tok målstreivet til å fengje bøndene, som såg verdien i landsmålet – både av praktiske årsaker og fordi det følgde med ein ideologi om at deira eige mål var meir norsk enn det innførte danske. Også lærarane vart svært viktige, etter kvart som sjølv rygggraden i målrørsla.³⁴⁵

I Noreg vart altså målrørsla etter kvart ei verkeleg folkerørsla – i byrjinga svakt organisert, men etter kvart samla kring målpressa. Særleg viktig vart Fedraheimen, som gjorde Arne Garborg til ein ideologisk leiar i målrørsla. Han la vekt både på den sosiale og den nasjonale sida: «*det rette Midel til baade aa frigjera og opplysa Folket og styrkja det i sin Norskdøm*». Han stod på venstresida både språk- og allmennpolitisk, med ein god del sympati for Fjørtofts målsyn, men med Aasen-normalen som utgangspunkt. Etter kvart måtte Garborg gi seg på grunn av politisk konflikt med store delar av målfolket, og det vart ikkje betre under etterføljarane, anarkistane Ivar Mortensson Egnund og Rasmus Steinsvik. Det nye målbladet Den 17de mai frå 1894 var eit venstreorgan, og sambandet med partipolitikken var openberr: Høgre var ein prinsippfast forsvarar av dansken og elitekulturen, medan landsmålsvennene var sterke i Venstre. Etter kvart vart lekmannskristne med, og folkehøgskulane vart viktige senter for målrørsla.³⁴⁶

I 1898 sette Kyrkje- og undervisningsdepartementet ned ei rettskrivingsnemnd med tre medlemmer for landsmålet, men dei ikkje greidde å samle seg om ei norm: Arne Garborg og Rasmus Flo med den såkalla midlandsnormalen stod mot Marius Hægstad som heldt på Aasen-normalen med tillempingar. Hægstadnormalen vart vedteken som offisiell rettskriving i 1901. Midlandsnormalen vart tillaten for elevar som ville, men fekk lite å seie.

Tidleg på 1900-talet kom eit tidsskifte i utviklinga. Måljamstillinga nådde eit høgdepunkt i 1907 med innføringa av sidemålsstilen i gymnaset, samstundes som rettskrivingsreforma for riksmålet førte til at oppnorskingslinja til Knud Knudsen slo endeleg gjennom. Dei samlande målstridsorganisasjonane Noregs Mållag og Riksmålsforbundet vart høvesvis skipa og stiftet i høvesvis 1906 og 1907, i eit land som politisk hadde ført striden om sjølvstende til endes.³⁴⁷

Målrørsla hadde vind i segla. Då ein uansett måtte bytte lærebøker i samband med rettskrivingsreforma i 1907 nytta mange skular høvet til å gå over til landsmål. I kyrkja var det frå same år høve til å ta i bruk landsmålet i messe og liturgi. Det norske teatret starta opp i 1913, med dialektar og landsmål som scene-språk. I 1920 kom det i alt ut 13 «fullnorske» dagblad. Perioden var prega av svært hard målstrid. Bjørns-tjerne Bjørnson var vorten ihuga riksmålsmann og sette inn heile sin autoritet i ein kamp mot målreisinga.³⁴⁸

Samstundes tok tanken om samnorsken form: I 1909 kom eit utgreiing frå ein utval med skulemannen Hans Eitrem i spissen som etter oppdrag frå kyrkje- og undervisningsdepartementet kom med framlegg om samarbeid og utjamning mellom målformene. Riksmålsfolket vart kløyvd mellom dei fornorskingsvennlige (som Fridtjof Nansen, Hjalmar Falk, Alf Torp) og dei atterhaldande (som C.J. Hambro). I 1913 sette Kyrkje og undervisningsdepartementet ned ein komite som skulle arbeide for den «*størst mulige tilnærming mellom vort lands to skriftsprog gjennom en sund, naturlig og lovmæssig utvikling av dem begge*», og komiteen vart etter få år avløyst av ein ny.³⁴⁹

Rettskrivingsreforma i 1917 er prega av utjamningstanken både for riksmål og bokmål. Endringane i landsmålet møtte lite motstand i målrørsla, men endringane i riksmålet skapte strid på den sida. Riksmålsfolket mobiliserte tungt mot rettskrivingsreforma, men målrørsla vann slag i slag terreng med landsmålet som bruksmål i samfunnet, i kyrkja, i stadnamn, i offisiell bruk i kommunar og fylke. I 1921 programfesta Noregs Mållag å kjempe for «det norske målet» som einaste riksmål i landet, og på denne tida hadde om lag 15% av borna landsmål som hovudmål i skulen. I 1929 vart nemningane *nynorsk* og *bokmål* offisielt tekne i bruk, og i 1930 vart lov om målbruk i statstenesta vedteken etter hard strid og slo fast at alle stats-tilsette fødde etter 1905 skulle bruke begge mål i tenesta. Dermed var målformene juridisk fullt jamstilte, og då NRK vart statsinstitusjon i 1933 fall òg kringkastinga inn under lova.³⁵⁰

I 1938 vart eit ny rettskriving vedteken som gjekk langt i jamstillingsretning. Reforma vart eit langt steg i utjammingsretning, og fekk igjen riksmålsfolket til å mobilisere for alvor. Motstanden mot samnorsklinja var langt mindre hos målfolket, sjølv om ein del målfolk ønskte meir rett og rom for i-målet. I krigsåra seig nynorsken framleis framover, og den til no høgste skulemålsprosenten 34,1 % vart nådd i 1944.³⁵¹

I 1951 vart Norsk språknemnd skipa, trass motstanden frå Høgre. I mandatet var samnorsktanken tydeleg: «fremja tilnærming mellom dei to skriftmåla på norsk folkemåls grunn». Riksmålsfolket mobiliserte mot nye lærebøker med «Folkeaksjonen mot samnorsk,» som samla inn 400 000 underskrifter. Riksmålsrørsla vart ei sterk kraft, og skipa i 1953 sitt eige språkakademi. Samstundes hadde nynorsken frå 1945 teke til å tape terreng. Ein av grunnane var sentraliseringa av små grendeskular, som gav nye skulemålsrøystingar som nynorsken ofte tapte, utover 50-talet kom bokmålet inn att i mange skular. Medlemstalet i Noregs

Mållag hadde i 1950 kring 10 000 medlemmer, men målrørsla var i tilbakegang. Samstundes var det indre strid om makta mellom tradisjonalistane som meinte 1938-rettskrivinga hadde gått for langt, og dei radikale som støtta den offisielle samnorskklina. I 1959 vart Landslaget for språklig samling stifta for å arbeide for eit samnorsk mål. Interesse var stor i byrjinga, men dabba av.³⁵²

I dei tidlege 1960-åra verka målstriden fastlåst. I 1964 vart den på folkemunne kalla «språkfredskomiteen» nedsett, leidd av Hans Vogt. Målet var gjensidig respekt mellom språkgruppene, samarbeid og toleranse. Komiteen skulle òg sjå på lover og reglar. Tiltrådinga frå Vogt-komiteen 1966 bar bod om ei nyorientering i språkpolitikken: Dei kom riksmålsfolket i møte på mange punkt, samtidig som dei forsikra målfolket om at sjølvje jamstillinga ikkje skulle rørast. Riksmålsfolket var stort sett nøgde, samnorsk- og nynorskfolk mindre nøgde. Behandlinga i Stortinget i 1970 var på fleire punkt til fordel for nynorsken, sidemålsstilen vart heldt oppe og det vart fastsett at 25% av ordsendingane i NRK skulle vere på nynorsk. For riksmålssida var det viktig at Norsk språkråd vart skipa til å erstatte Språknemnda. Rådet, som tok til å fungere i 1972, skulle berre vere eit rådgivande organ og fekk representantar frå alle dei sentrale språkstridsorganisasjonane. I 1969 vart det vedteke at lærebøker for skulen skulle liggje før «til same tid og same pris». I 1980 kom ny lov om målbruk i offentleg teneste, og slår fast at bokmål og nynorsk skal vere jamstilte.³⁵³

Eim viktig bakgrunn for Vogt-komiteen var det nye trugsålet som internasjonaliseringa og engelsken utgjorde mot norsken. Vern og styrking av norsk språk har dermed vorte aktualisert som opprør mot språkleg-kulturell einsretting og som forsvar for mangfald. Styrking av norskopplæringa og forsvar for norsk skriftkultur har utvida rammene for språkpolitikken. Like fullt er det ei vanleg oppfatting at norsk språkpolitikk altfor lenge har vore opptekne av målstrid og rettskriving framfor å utvikle ein språkpolitikk for norsk som heilskap for å møte utfordringane frå engelsk.³⁵⁴

6.5 Talemålet

Medan målrørsla og det nynorske skriftmålet har opplevd tilbakegang i etterkrigstida, har framgangen vore stor for dialektbruk i talemålet. Medan det har vore tendensar til utjamning mellom dialektane, har

aksepten for bruk av dialekt og naturleg talemål på mange domene vorte langt større: Grunnlaget for dialektbølgja låg både i ungdomsopprøret mot autoritet på slutten av 60-åra og i sterk og levande interesse for tradisjonar og røter hos dei same unge. I 1970-åra kjende skuleungar i Oslo seg friare til å bruke a-endingar i hokjønn. I kulturlivet og kringkastinga kom den store dialektbølgja på 1970- og 1980-talet, og framleis står dialektar sterkt i vanleg tale dei fleste stader i Noreg. Innføring av eit normaltalemål for opplæring har vore diskutert, men aldri vunne fram. Det rådande synet har vorte at det ikkje er noko verkeleg behov for talemålsnormering, bortsett frå ei viss tillemping som skjer spontant der det trengst.³⁵⁵

Finst det i det heile eit standardtalemål i Noreg? Det er eit spørsmål det er ein sterk tradisjon for å svare nei på. Det er likevel ikkje eit ukontroversielt spørsmål. Dei fleste er samde om at det skjer ei regionalisering av talemålet, ei gradvis utjamning i retning av eit meir likt talemål i større regionar på kostnad av dei lokale bygdemåla. Spørsmålet er om dette skjer ved gjensidig påverknad mellom dialektar (horisontalt) eller frå eit standardmål med høgre prestisje (vertikalt). Den vanlegaste kandidaten til eit norsk de facto standardtalemål er «standard austnorsk» eller liknande nemningar.

I kva grad ein ser på det sentrale austnorske som ein de facto standard for talemålet, er meir av eit definisjonsspørsmål. Det ser ut til å skje påverknad både horisontalt og vertikalt. Usemja mellom «horisontalistane» og «vertikalistane» handlar om kva som er viktigast, så å seie essensen i denne prosessen, og om kor unikt Noreg er med omsyn til talemålssituasjonen.³⁵⁶ At den høge statusen til dialektane i Noreg er spesiell er det derimot brei semje om. Det er rimeleg og vanleg å sjå dette i samband med at vi aldri har hatt eitt offisielt skriftspråk, men to.³⁵⁷ Unn Røyneland (2009) meiner at Noreg til ein viss grad «tek att» resten av Europa, men ikkje meir enn at talemålssituasjonen held fram med å vere spesiell.³⁵⁸

6.6 Ei rørsle av mål og motsetnader

Frå midten av 1960-åra la Noregs Mållag sterkare vekt enn før på forsvaret av bygdekulturen og kampen mot sentraliseringa, ettersom levande bygdesamfunn og -kultur vart sett som ein føresetnad for ein levande nynorsk. Laget var klart mot EU i 1971–72, og tok avstand frå tilnæringslinja i 1968. Gjennom Norsk Målungdom voks det fram ei tydeleg ungdomsmålrørsle, og arbeidet for dialektane kom sterkare

inn, mellom anna med ei årleg dialektveke arrangert av Noregs Mållag, Norsk Målungdom og fleire. Medlemstalet i Noregs Mållag låg nokså stabilt på 12–13 000 frå midten av 80-åra og fram til tusenårsskiftet.³⁵⁹

På hundre år hadde målrørsle opplevd både sterk framgang, stagnasjon og tilbakegang. På 1860-talet fanst det ikkje noka målrørsle i tydinga folkerørsle – målstrevet fanst som eit reint elitefenomen.³⁶⁰ Frå 1880-talet av tok ei folkerørsle form³⁶¹, og før krigen såg det verkeleg ut som om dei kunne vinne målstriden. På den eine sida var målrørsle i ein strid mot eit rådande hegemoni som hadde interesse av å halde på riksmålet. Men målrørsle har aldri vore noka einskapleg rørsle, og dei same indre skiljelinjene som splitta målfolket har følgd rørsle gjennom heile historia. Svært forenkla kan vi med Kristian Ihle Hanto seie at *«eit høgnorsk målsyn har hatt ei nasjonal grunngeving av ei tradisjonalistisk rettskriving etter eit tilnærma etymologisk prinsipp, medan eit folkemålssyn på hi sida har hatt ei sosial grunngeving av ei reformistisk rettskriving etter eit tilnærma ortofont prinsipp.»*³⁶²

Overforenklinga er berre nyttig som eit utgangspunkt for drøfting – Hanto viser sjølv til mange viktige unnatak. At begge disse hovudlinjene har følgd målrørsle heile vegen fram til i dag, slik at det framleis finst både samnorskfolk og høgnorskfolk innan for det ein lauseleg kan kalle målfolket, heng saman med at det ikkje finst noka løysing som gir fullt ut i pose og sekk. Eit konsekvent etymologisk grunna systematisk skriftmål ville kanskje som eit abstrakt system femne alle dialektane på ein systematisk måte, men ikkje vere noko notidsmål. Eit reint ortofont folkeleg skriftmål ville ikkje vere demokratisk og landsfemnande fordi ortofonien (samsvaret mellom (ut)tale og skrift) føreset at ein smalnar inn normgrunnlaget. Etter eit folkemålssyn vil ortofonien oftast i praksis rette seg etter fleirtalsformer, som over tid vil vere med på å jamne ut skilnadene mellom målformene. Desse skiljelinjene peikar òg mot eit komplekst tilhøve mellom status- og korpusplanlegging i dei målpolitiske syna hos målfolket. Hanto meiner striden i målrørsle om tilhøvet mellom talemålet og det nynorske skriftspråket i seg sjølv har vore ei kraftkjelde til målpolitisk engasjement.³⁶³

I dag arbeider Noregs Mållag ifølgje prinsippprogrammet *«for at alle fritt skal kunne nytte dialekten sin, og for at folk i bygd og by skal velje og ta i bruk det nynorske skriftmålet.»*. I tillegg står laget *«enkel stil-*

bygnad og folkeleg seiemåte» som stilideal, og legg vekt på språkleg mangfald og språkleg rettferd for minoritetar.³⁶⁴ Formuleringane i prinsippprogrammet er eit kompromiss mellom hovudlinjene som berre ekskluderer dei mest ekstreme høgnorsk- og samnorskideologiane. Det finst ein kontinuitet i målrørsla, men òg ei tydeleg utvikling og omorientering som kjem til syne når ein samanliknar med formuleringa som var programfesta frå 1921 til 1940 (og framleis diskusjonstema i 1976): *«Det norske målet skal verta atterreist til einaste riksmål i landet.»*³⁶⁵

Ein innfallsvinkel til omorienteringa er å sjå på korleis dei tidlege målstrevarane identifiserte seg med det finsk-finske målstreet i Finland, medan målfolk i nyare tid i større grad vil identifisere seg med finlands-svenskane sin kamp som mindretalsspråk.³⁶⁶ Einar Haugen meinte alt i 1968 at nynorsk som eit eige litteraturmål mistar si rolle som samlande nasjonalt symbol og ikkje lenger er ein samnemnar for dialektane: *«det blir ett av Norges to språk, opprettholdt av en befolkning som skaper sin egen elite og har sine talsmenn i Storting og Regjering. Det blir et minoritetsspråk som valisisisk i Wales eller svensk i Finland.»*³⁶⁷

I 1980 meinte Lars S. Vikør i eit innlegg mot ekskluderande purisme at nynorsken *«fortener ikkje å overleva dersom han først og fremst skal vera eit kulturelt nyttingsmiddel for ein elite.»*³⁶⁸ Det er interessant at Vidar Kvalshaug i 2012 bruker liknande formuleringar med motsett forteikn: han meiner nynorsken vil overleve nettopp fordi han er vorten eit elitespråk.³⁶⁹

6.7 Språk eller målformer?

Den formelle jamstillinga mellom målformene står ved lag – juridisk er nynorsk eit nasjonalspråk. Tanken om å bli «einaste riksmål» er det få, om nokon, som i dag tek alvorleg. Samstundes er samnorsk ikkje lenger sett som realistisk politikk: I 2002 oppheva Stortinget den såkalla tilnæringsparagrafen i lov om Norsk Språkråd. Dermed hadde styresmaktene ifølgje Ottar Grepstad *«sett punktum for tanken om at dei to målformene gjennom språkstyring skulle bli til eitt skriftspråk»*³⁷⁰ og dermed gjort det til *«offisiell politikk at det fleirspråklege Noreg også skulle bli verande eit samfunn med ein språkdelt norsk kultur.»*³⁷¹ På denne bakgrunnen byggjer Grepstad vidare ein tidlegare uttrykt tanke om at nynorsken har rettar i

kraft av å vere eit eige språk. Han meiner språk har fått ei meir allmenn og vidare tyding og før, og at nynorsken i kraft av å vere eit standardspråk bør omtalast som eit språk og ikkje som ei målform. Og er nynorsk eit språk, må bokmål òg vere det – altså har Noreg to sjølvstendige språk og ikkje to målformer. Om ein er usamd i Grepstads tolking, er det vanskeleg å kome frå at det i offisielle samanhengar har vorte vanlegare å snakke om nynorsk som språk framfor målform. Eit døme er det målpolitiske strategidokumentet *Mål og meining*, som i stor grad bruker nemninga språk om nynorsk.³⁷²

På den andre sida har Jan Terje Faarlund gjort eit poeng ut av kor absurd det blir om vi prøver å setje inn dei fleste andre språk enn nynorsk i mange døme på kva målfolk gjer for å legitimere nynorsken: Vi har vant oss til å ikkje sjå på nynorsken som eit vanleg bruksspråk. Faarlund meiner nynorsk ikkje er eit eige språk, ettersom det ikkje finst nokon nynorsk etnisitet og ikkje noka kvast skilje mellom eit nynorsk og «bokmålsk» språksamfunn. Ut frå dette meiner han nynorsk ikkje kan røktast heilt uavhengig av bokmålet, ettersom ein må opne for dei orda som finst i det naturlege talemålet til norske språkbrukarar. I motsett fall vil nynorsken bli ei museal leikesak for filologar.³⁷³

Som ein motsats til Grepstads resonnement står også Peter Trudgill som definerer norsk som eit multi-norm-språk – eitt språk med to standardar: skal det vere to språk, treng vi nemleg ikkje berre to autonome standardar, men òg to sett av dialektar.³⁷⁴ Ei tolking på grunnlag av Trudgills analyse vil vere at ein konsekvens av ei omidentifisering som to språk blir at spørsmålet om normgrunnlaget igjen blir påtrengjande – og er ikkje talemålsgrunnlaget lenger alle norske målføre, er det lettare å tenkje med Nybø i retning av eit nynorsk *gaeltacht* på Vestlandet, sentrert kring dei nynorske kjerneområda.³⁷⁵

7 «Det muliges kunst?» – estiske språkideologiar i lys av Tauli og Haugen

Kapittel 3 såg på grunnleggjande omgrep om språkplanlegging og Einar Haugens modell for fasane i ein språkplanleggingsprosess. Haugen er kjent som mannen bak sjølvle termen *language planning*. Denne oppgåva handlar om språktilhøva i to land – Noreg og Estland. Difor er det interessant at nett at personar med bakgrunn frå nett desse to landa – Einar Haugen og Valter Tauli – har kome med viktige bidrag til utviklinga av teoretiske rammeverk for å forstå språkplanlegging. Teoriar oppstår ikkje i eit vakuum, og

særdrag ved språktilhøva i desse to landa har på kvar sin måte danna bakteppe for tankar om i kva grad språket kan planleggjast.

Einar Haugen var tospråkleg og hadde norsk som det første morsmålet sitt. *Riksspråk og folkemål* er ei bok om norske tilhøve, men samstundes ei bok som demonstrerer korleis den norske språkstoda for Haugen blir ein inspirasjon til å utvikle meir allmenne teoriar for korleis medviten utvikling av språk kan skje. Han anerkjenner bidraga frå både Knudsen og Aasen: «*Knud Knudsen og Ivar Aasen hadde ervervet seg solid kjennskap til språkets struktur før det ble mulig for dem å gjøre sine oppdagelser (eller oppfinnelser) innenfor henholdsvis rm og lm.*».³⁷⁶ Det norske eksemplet har lært Haugen både at språkplanlegging er mogleg og at det finst mange utfordringar i ein slik prosess. Men, skriv han: «*Språkplanlegging foregår alltid ut fra en bestemt sosial situasjon, og valgmulighetene er derfor sterkt begrenset.*»³⁷⁷

Difor er han òg moderat på vegner av språkplanlegginga: «*Det er kanskje like bra om språkplanleggingen fortsetter å utgjøre en beskjeden del av språkets liv,*» og samanliknar språkvaner med isfjell: «*planleggere som går ut fra at de kjenner det hele, risikerer å støte på de ukjente ni tiendedelene.*»³⁷⁸ Han meiner ein kan «*vanskelig komme bort fra den slutning at språkforskernes tekniske arbeid er nødvendig, men ikke tilstrekkelig, i språkplanleggingen. Når en skal prøve å anvende språkteori på problemer som dem vi har drøftet, dukker samfunnspsykologien opp som en helt ny og uutforsket dimensjon.*» Haugen foreslår språkingeniørar som er fagfolk på språkplanlegging.³⁷⁹ Men språkplanlegginga er altså «*det muligets kunst.*»³⁸⁰ Den norske røynda har fortalt Haugen noko om utfordringane ved språkplanlegging, som òg har forma hans teoretiske syn på kva som er mogleg.

Hos estaren Valter Tauli kan vi derimot finne eit langt meir optimistisk syn på potensialet for medviten styring. Hans utgangspunkt er dette: «*Eit språk er eit system av teikn med kommunikasjon som hovudføremål. Ein må hugse at språket er eit middel, aldri eit mål. Av det at språket er eit middel følgjer det at språket kan vurderast, endrast, regulerast, forbeholdast og at nye språk kan skapast etter eige ønske.*»³⁸¹ Rett nok må vi også ta omsyn til at språket er ein sosial institusjon, skriv Tauli, men tonen er likevel ein heilt annan enn hos Haugen. Det er verd å nemne at den estiske termen for språkplanlegging,

keelekorraldus, vart nytta av Tauli alt i magisteroppgåva hans frå 1938 – eit av dei første systematiske oversyna i verda.

Både Haugen og Tauli stilte opp allmenne prinsipp (kriterium) for språkplanlegginga, og Haugen brukte i 1966 tre generelle prinsipp: *efficiency*, *adequacy* og *acceptability* – og det siste kommenterer han slik: «*The rule of acceptability is that a form must be ADOPTED OR ADOPTABLE BY THE LEAD of whatever society or subsociety is involved*» – det er altså eit heilt sentralt prinsipp at formene må vere akseptable for ein elite.³⁸² Tauli stiller òg opp tre krav: *klarheit*, *økonomi* og *estetiske krav*, altså er ikkje aksept frå samfunnets side eit vesentleg krav i seg sjølv, fordi grunnprinsippet hans er idealspråket: «*det som med minimale middel oppnår maksimale resultat*».³⁸³ Vikør meiner det største problemet med den «ideelle» språkplanlegginga til Tauli er føresetnadene om at omverda er gitt og einheitleg, med klårt definerte og eintydige kommunikasjonsbehov – og oppsummerer med at Tauli ikkje har «*fått mange disiplar i teorien, og enda færre i praksis*». I norsk samanheng er Finn-Erik Vinje tydeleg påverka av Tauli.³⁸⁴

I eit norsk perspektiv er vurderinga til Vikør lett å forstå. Men når òg Haugen byggjer sin teori på kjennskapen til den norske målstriden, og blir forsiktig og moderat på vegner av planleggingsiveren – kva bakgrunn er det som gir Tauli eit anna perspektiv? Ein nøkkel er den estiske språkfornyingsrørsla (est. *keeleuendusliikumine*) med Johannes Aavik i spissen.

Tidleg på 1900-talet vart gapet mellom uttrykkskrava til den moderne kulturen og det eksisterande estiske skriftspråket stadig tydelegare. Fleire estiske forfattarar kravde ei radikal «forbetring» av språket for å tilpasse seg krava til den nye tida. Denne straumen trøng ein leier, og leiaren vart Johannes Aavik (1880–1973). Han var filolog, kunne romanske språk og finsk. Hans teoretiske hovudverk frå 1924 vart «Språkfornyngas ekstreme moglegheiter»,³⁸⁵ der han formulerte språksynet som danna grunnlag for hans teori: «*Språket skal ikkje berre vere produktet av eit folk, (...), men ein må [i språket] først og fremst sjå eit hjelpemiddel for menneskeleg verksemd, eit verktøy, EI MASKIN, som har som føremål å uttrykke tankar og dette ofte òg for å oppnå estetiske effektar! [...] Vi gjentek: språket er eit verktøy, språket er ei maskin. Difor [må vi sjå på det] med blikket til eit industrimenneske, ein ingeniør, ein tekniskar, som*

*søkjer å bøye og bruke fenomen til eigen fordel.»*³⁸⁶ Det var ikkje noko unikt eller eineståande i eit slikt språksyn. Det spesielle med Aavik var derimot i kva grad han sette ideane om «språkforbetring» ut i livet, etter slagordet: «Kurven for språkfornyninga må trekkjast i det uendelege!»³⁸⁷

Aavik hadde sette som språkplanleggjar tre hovudprinsipp i høgsetet: *føremålstenlegheit, venleik og eigenart.*³⁸⁸ Det seier seg sjølv at desse kriteria ikkje er objektive, men tvert om byggjer på sterke subjektive estetiske ideal – altså i praksis Aaviks egne preferansar.

Aavik var motstandar av for rask fast normering (fiksering) av språket, fordi han meinte dette burde vere sluttresultatet av ein språkutviklingsprosess. Då den normgivande ordboka *Eesti õigekeelsuse sõnaraamat* kom ut i 1925, markerte det på mange måtar slutten på den mest radikale språkfornyingssepoken, men den hadde sett sine djupe spor, som ikkje minst påverka synet til Tauli.

Aavik hadde innført både kunstig laga ord (etter reint estetiske prinsipp) og kunstige eller importerte bøyingsformer (til dømes tilmåta etter finsk) og faktisk fått språksamfunnet til å akseptere desse, gjennom sjølv å bruke dei skjønnlitteratur og gjennom den posisjonen han hadde i tonesetjande krinsar. Det kan til dømes nemnast at eit høgfrekvent ord som *relv* (våpen) er frå Aavik – før han fanst det berre samansette ord som *sõjariist* («krigsreiskap»). Sjølv var Aavik i 1936 skuffa over at ikkje meir av framlegga var tekne i bruk, men her er det Tauli kjem inn og oppvurderer resultatet av innsatsen. Ifølgje statistikken til Tauli kan 47,5% av fornyingsframlegga til Aavik reknast som aksepterte, altså under halvparten. Ser vi derimot på kor viktige fornyingsframlegga er i språkstrukturen – dei viktigaste fornyingsframlegga i grammatikken (til dømes kortare kasusformer), som påverkar tusenvis av ordformer eller syntaktiske strukturar, er så å seie alle aksepterte og i bruk i språket.³⁸⁹

Språkfornyninga handla altså om langt meir enn ordlaging og fylling av «terminologiske hol». Aavikismen førte med seg permanente strukturendringar. Måten estisk i dag uttrykkjer ting kan i mange tilfelle sporast tilbake til språkfornyninga, og dermed til til konstruksjonar som verken har rot i det naturlege talemålet eller har oppstått spontant i skriftkulturen.

Spora denne forma for språkplanlegging har sett i språket gjer mellom anna at motsetnadene mellom sør-estisk og standardmål handlar om meir og anna enn normgrunnlag i ulike dialektområde. Standardmålet

bruker ofte morfologiske former og abstrakt verbderivasjon som den som har kontakt med ein tradisjonell talemålskultur vil oppleve som framand.³⁹⁰

Tauli følgde ikkje Aavik i eitt og alt. Derimot er det heva over tvil at då han publiserte ei utvida utgåve av magisteroppgåva som sitt første store språkplanleggingsrelaterte arbeid i 1938, så var røyntene med språkfornyinga avgjerande for språksyn og språkplanleggingssyn hos Tauli. Samstundes er Tauli naturleg nok kjent og referert til som teoretikar i Estland, ikkje minst fordi han skildrar ei språkleg røynd som estarar kjenner seg att i. Slik viser òg Iva (2007) til Tauli i si drøfting av normeringsprosessen for vörö-målet, og finn det til dømes nødvendig å vise kvifor Taulis innvending mot arkaisering ikkje gjeld.³⁹¹

I Noreg vann verken fornorskingslinja eller nyskapinglinja heilt. Knud Knudsen og Ivar Aasen vart på kvar si side begge verande, og skapte dermed eit vedvarande spenningsfelt som i Noreg har vore kjent som målstriden. Freistnader på å føre desse saman førte berre delvis fram, og demonstrerte kor problematisk språkplanlegging kan vere og kva krefter som kan vere i spel. Denne situasjonen interesserte den norskkunnige Einar Haugen og framstår som vesentleg for måten han handsamar språkplanlegging.

I Estland fekk vi ein situasjon der ei relativt kompakt norm vann fram utan vesentleg konkurranse, men i løpet av kort tid måtte utrustast for å tene nye domene. I ein liten elite fekk sterke personlegdomar svært mykje å seie for måten det normerte vart forma på, og då den vidare prosessen som førte til ei autoritær, einsrettande normering, vart det kunstig skapte ein akseptert del av denne norma.

Den estiske situasjonen kan samstundes tydeleg demonstrere at folkelege argument mot nynorsken som eit «kunstig» språk ikkje treffer mål. Skulle vi samanlikne Ivar Aasens rekonstruksjon med Johannes Aaviks språkfornyning der formene var kunstige i verkeleg forstand – oppdikta av ein person etter estetiske preferansar – så skal det god akrobatikk til å få nynorsken til å framstå som meir kunstig. Like fullt er det eit faktum at det estiske språksamfunnet aksepterte ein god del av påfunna til Aavik slik at dei i dag er heilt nøytrale og ofte einerådande former i standardspråket, og ein endå større del slik at dei i dag er eksisterande register i språket.

Linjene frå Aavik til Tauli (og dermed indirekte vidare til til dømes Finn-Erik Vinje), sett i relasjon til Haugens språkplanleggingsteoriar basert på den norske røynda, kan vere eit grunnlag for refleksjon over i

kva grad teoriar blir forma i eit gitt rom, men ikkje nødvendigvis grip kva variablar det er som gjer at dei ikkje er så universelle som formuleringa av dei legg opp til.

På denne bakgrunnen er det interessant å sjå på funna i doktoravhandlinga til Kadri Koreinik frå 2011 om språkideologiar i samtidig estisk diskurs. Koreinik tek utgangspunkt i kritisk diskursanalyse og analyserer tekstar som handlar om sør- og nord-estisk i lys av status som truga språk og/eller freistnader på (de)legitimering av sør-estisk som fullverdig språk.³⁹²

Ho finn at det er motsetnader langs to aksar. For det første er det motsetnader mellom brukarar av sør-estisk og andre estarar. For det andre er det motsetnader mellom sør-estiske språkaktivistar og brukarar av sør-estisk. Motstandarar som sjølv er brukarar av standardestisk prøver å de-legitimere det sør-estiske målstrevet ved å bruke «russarspørsmålet» som ris bak spegelen: Dersom vi gir sør-estisk noka form for offisiell status vil russarane krevje det same, og det er i i ytste konsekvens eit reelt trugsmål mot det estiske språket. Vidare argumenterer dei med at den sør-estiske dimensjonen på den andre sida kan vere med å gjere det estiske standardmålet rikare, og at det difor vil vere gale å definere det ut av det estiske språkområdet.

Det interessante er at forkjemparane for dei sør-estiske standardspråka og motstandarane av ei slikt målreising har ein viktig ting til felles: Språket blir framstilt utan aktive brukarar. Dei som talar språket kjem i bakgrunnen som agentar. Dette er med på å framandgjere brukarane, og skaper ein sterk motsetnad mellom profesjonelle språkfolk og vanlege språkbrukarar.³⁹³

Koreinik skildrar den dominerande språkideologien i Estland som ein der språket først og fremst er eit symbol for den etniske gruppa og berre sekundært ein kulturell institusjon i kraft av den faktiske språkbruken. Denne ikoniseringa og den manipulerande bruken av trugsmål (mot nasjonal tryggleik og integritet) og av redsla for språkdød blir brukt i posisjoneringa av ulike syn. Ho sluttar at desse hegemoniske diskursane, som òg forkjemparane for sør-estiske går inn i, favoriserer den estiske kulturen for einspråklegheit.³⁹⁴

Vi ser altså konturane av ei linje frå den aavikske språkfornyninga og dei tauliske teoriane via den sterke normeringa av dels folkemålsframande element før og i sovjettida til ein situasjon der folket er

«umyndiggjort» i spørsmål om språkplanlegging og språkvern. Ein har vant seg til å tenkje på dette som domenet for ein trong krins av ekspertar, og dette blir spegla i diskursen om spørsmåla. Vøro- og setorørsla er på ingen måte tilhengjarar av ei slik umyndiggjering, men opererer likevel i ein tradisjon der denne måten å gjere ting på er det etablerte førebiletet for korleis språkplanlegging skjer.

8 Konklusjon og perspektiv^c

Dette kapitlet prøver å samle trådane frå oppgåva. Men først eit prinsipielt spørsmål – er oppgåva laga av trådar som let seg samle, eller kanskje av hesjestaur ho ikkje maktar å bere? I klårtekst: Søkjer oppgåva å samanlikne fenomen eller storleikar som ikkje let seg samanlikne – det ein gjerne kallar inkommensurable storleikar, altså storleikar som ikkje har nokon sams målestokk?

Å samanlikne eit eittal og ei brøytestikke er neppe interessant nok til at det er verd bryet å definere omgrep tilpassa likskapane mellom eittal og brøytestikker. Å samanlikne fuglar og fiskar kan derimot vere interessant fordi det faktisk er ein biologisk slektskap mellom dei – men heller tvilsamt dersom målet er å kritisere noko anna for verken å vere fugl eller fisk. Det er altså ikkje eit mål i seg sjølv for det komparative perspektivet å seie noko om kva som er den rette måten å vere på, berre å nytte kontrastar til å få fram interessante likskapar og ulikskapar på grunnlag av strukturelle drag som gjer fenomen like nok til å motivere ei samanlikning.

At denne grunnleggjande likskapen finst, går ut frå sjølv omgrepet målreising. I det lyset oppgåva så langt har kasta over dei norske og sør-estiske språkrørslene er det tydeleg at denne oppgåva handlar om to døme på målreisingar ut frå ordboksdefinisjonane. At termen har sine særnorske konnotasjonar er vidare ikkje ei ulempe for oppgåva – det er ein føresetnad for det spesielle nynorske perspektivet teksten er skriven ut frå. Samstundes har oppgåva eit teoretisk utgangspunkt som rammeverk, nemleg den nyare internasjonale litteraturen om språkleg revitalisering som i stor grad byggjer på innsikta om omfanget av språkdøden i verda. Det oppgåva derimot ikkje maktar, er å gjere denne komparasjonen strengt mekanisk.

c Den sikraste generelle karakteristikken av Vestens filosofiske tradisjon er at han består av ein serie fotnotar til Platon, har Alfred North Whitehead sagt, jf. www.platofootnote.org (18.11.2012). Det kan vere freistande å spørje om ein tilsvarande karakteristikkk av det som har vore skriven om norsk språkplanlegging etter 1966 er ein serie fotnotar til Einar Haugen. Denne fotnoten handlar difor om at tittelen på det siste kapitlet er eit lån frå Haugen (1968: 235)

I Ågotnes' ånd er det legitimt å samanlikne fenomena som ei kontrastiv oppdagingsreise, som kastar lys til refleksjon ved å framheve ulike drag langs fleire linjer framfor å redusere diskusjonen til eit spørsmål om ein enkelt variabel.

8.1 Korleis kan sør-estisk og nynorsk kategoriserast som språk?

Evna til å overforenkle er ein viktig og uunnverleg menneskeleg eigenskap. Denne evna inneber likevel òg at vi intuitivt bruker termar og uttrykk – som «språk» – i ein prototypisk forstand som vi i det daglege opplever som enkel og innlysande. Som klårgjort i oppgåva er språk eit døme på eit omgrep som blir ugrent å ha med å gjere i den augneblinken vi set oss som mål å finne eksakte grenser for kva som er kva og korleis.

Går vi til Vikørs fire tydingar av språkomgrepet, kan sjølvsagt alle varietetar av sør-estisk og norsk utgjere døme på språk i tydingane (1) og (2) – dei er kommunikasjonssystem og uttrykk for menneskeleg tale og/eller skrift. Spørsmålet om kategorisering handlar altså om tyding (3) – eit språkssystem i motsetnad til andre.

Når vi spør om *korleis* sør-estisk og nynorsk kan kategoriserast som språk, inneheld spørsmålet ein føresetnad om at dei faktisk kan det – at dei så å seie er gyldige gjenstandar for kategorisering som språk. Som vi har sett av den sør-estiske debatten er det ikkje utgangspunktet ukontroversielt. Mykje av debatten har dreidd seg nettopp om det for det første er legitimt å kalle nokon sør-estisk varietet for «eit språk», og for det andre om det i så fall er eitt språk eller mange språk.

Nynorsken er på si side etter ei vanleg forståing eit skriftspråk som skal representere det norske talemålet og er dermed eit abstrakt uttrykk for eit norsk språk. Det er òg bokmålet, og tilhøvet mellom nynorsk, bokmål og norsk som språk er dermed komplekst. Eg har med støtte i språkhistoria teke utgangspunkt i at nynorsken representerer det norske talemålet som byggjer på bygdemåla. Dermed blir dialektane eit uttrykk for det same norske språket som nynorsken. Bokmålet vil det då vere nærliggjande å knyte til «bymål» som byggjer på det historiske danna talemålet. Alle som kjenner den norske talemålssituasjonen vil innsjå at det er umogleg å trekkje skarpe grenser mellom to separate talemålsgrunnlag, men trekk frå

begge lever vidare i meir eller mindre samanhengjande system. Normgrunnlaget for nynorsk og bokmål er altså framleis ulikt.

I kapittel 5 og 6 har vi plassert dei dominerande språka i Noreg og Estland høvesvis i den indoeuropeiske og uraliske språkfamilien. Dei norske målformene er nord-germanske språk med nær genetisk skyldskap. På same måte er dei sør- og nord-estiske varietetane austersjøfinske språk. Dialektskilnader akkumulert over tid blir til språkgrenser, og om alderen på dei eldste skilja skulle vere det avgjerande kriteriet, ville det vere minst like legitimt å snakke om sør- og nord-estisk som ulike språk som det er det i tilfella norsk, svensk og dansk.

Dei to «språkpara» vis studerer er derimot ikkje innbyrdes avstandsspråk. Dei er i stor grad gjensidig forståelege og det er fullt mogleg å argumentere for at dei er uttrykk for (dialektar eller varietetar av) same språk. Dette gjeld trass i at avstanden i begge fall kan ha vore større før ei tilnærming i nyare tid – i det norske fallet dels gjensidig, i det estiske fallet først og fremst etter press frå det dominerande skriftmålet.

Nynorsk er utbygd og standardisert med eit normgrunnlag som er ulikt bokmålet. Det vil dermed vere eit utbyggingsspråk i tydinga til Heinz Kloss. Termen var utvikla nett for tilfelle der det ikkje er skarpe grenser mellom dialektane som dannar grunnlaget for normerte språk, og kan difor gjere det rimeleg å sjå nynorsk som eit anna språk enn bokmål. Om ein faktisk gjer det eller ikkje er difor eit språkpolitisk val, og den nyare diskursen om språkdød og språkøkologi kombinert med nynorskens situasjon som mindre brukt språk gjer det forståeleg at fleire meiner det er naturleg eller pragmatisk fornuftig å sjå på nynorsk som «eit språk».

Skal vi nytte dei same termene om sør-estisk ser vi tydeleg kor vanskeleg det er å finne samsvar mellom språk definert av språkbrukarane sjølve (språkleg identitet), språk definert ut frå lingvistiske kriterium, og normerte, «utbygde» språk sett i eit språkplanleggingsperspektiv. På den eine sida har vi eit historisk, utdøydd sør-estisk skriftspråk og dialektar som vidarefører talemålet som var grunnlag for dette. Av dei fire hovuddialektane tartu, mulgi, võro, seto er tartu-målet i dag i praksis utdøydd som talemål og mulgi-målet heilt marginalt. Seto-målet har eit talemålsgrunnlag svært nært võro-målet, men blir av brukarane rekna som eit eige språk av identitetsgrunnar. Den sterkaste rørsla i retning av eit normert sør-estisk språk

– og dermed ein arvtakar til det utdøyddde sør-estiske – er vōro-målet, og det er denne målrørsla vi primært har studert i denne oppgåva. Seto-folket har hatt ei sterk kulturell reising, men har i stor grad «haika» med vōro-rørsla med omsyn til språknormering og språkplanlegging. Vi har dermed den paradoksale situasjonen at seto-rørsla meiner å ha eit eige språk dei vil utvikle, noko som i prinsippet er ei enorm oppgåve, men ser samstundes på det som ein relativt liten del av det dei – som ei frå før lita rørsle – skal drive med.

Om vi konsentrerer oss om vōro-målet har rørsla i løpet av dei siste 20 åra arbeidd hardt for å bygge eit standardspråk og få dette i bruk, og kome eit godt stykke på veg med dette arbeidet. Er dette nok til å definere språket som eit utbyggingspråk? Språket har i tillegg til eigne ordbøker, grammatiske avhandlingar og undervisningsmateriell ein levande litteratur og ei eiga presse. Sjølv om utviklinga av ei norm både er akseptert og økonomisk støtta av den estiske staten, har norma ingen offisielle funksjonar og ei svak stilling i utdanningssystemet. Å kalle det eit utbyggingspråk i høve til nord-estisk kan verke som ei overdriving. Det kan difor verke nærliggjande å bruke termen «Ausbaudialekt» etter Kloss. Samstundes har det vorte eit viktig ideologisk mål for vōro-rørsla å bli akseptert som eit eige språk og som regionspråk i Estland. Dette målet kan tolkast som at ein status som utbyggingspråk blir sett på som ei målsetting for rørsla.

Med omsyn til *språktypologisk* klassifisering ville svara heilt kome an på kva trekk ein vel ut. Typologisk er til dømes den grunnleggjande ordstillinga i både bokmål, nynorsk, nord- og sør-estisk SVO. Alle språka er syntetiske språk som eit stykke på veg er flekterande. Dei austersjøfinske språka er derimot meir agglutinerande enn dei nordiske. Dei fleste norske talemålsformer har eit tonemsystem, medan både nord- og sør-estiske dialektar har fastare trykk på første staving og eit skilje mellom lange og overlange lydar. I vår samanheng er dette i praksis irrelevant – det kunne i prinsippet vore interessant å studere dei innbyrdes skilnadene mellom dei konkurrerande skriftmåla frå eit typologisk perspektiv, men det går langt ut over rammene for denne oppgåva.

Svært relevant for spørsmåla denne oppgåva har som hovudfokus er derimot den sosiolingvistiske klassifiseringa. Om vi går til tabellen etter Stewart, er nynorsk eit standardspråk, som oppfyller kriteria

både til standardisering, autonomi, historisitet og vitalitet.

Men korleis klassifiserer vi vōro-målet (som representant for sør-estisk)? I denne samanhengen kan vi problematisere spørsmålet om vitalitet. Dersom språket døyr, altså ikkje har morsmålsbrukarar, vil ikkje dette kriteriet vere oppfylt. Sjølv om det er ein reell fare for dette, kan vi likevel per i dag gå ut frå at vitalitetskriteriet er (inn til vidare) er oppfylt. Samstundes oppfyller vōro-målet historisitetskriteriet. Det kan òg argumenterast godt for at det oppfyller autonomikriteriet – det finst framleis eit intakt, unikt språk-system som er ulikt standardestisk. I den pressa og utsette situasjonen dei sør-estiske dialektane er, vil det samstundes vere mogleg å stille spørsmålet om på kva punkt autonomikriteriet ikkje lenger er oppfylt. Vōro-rørsla har som eit implisitt mål å kjempe for at autonomien skal overleve.

I teorien gjenstår det dermed etter Stewarts inndeling tre kandidatar til statusen for vōro-målet: standard-språk, «vernacular» eller dialekt. «Vernacular» er eit uttrykk som òg har vore brukt i litteraturen om sør-estisk talemål. Arbeidet med standardisering, drive fram av vōro-rørsla, er med på å flytte språket i retning av å vere standard-språk.

Klassifiseringa illustrerer samstundes skiljelinjene i den sør-estiske målstriden. Det er ingen tvil om at det kan argumenterast for at alle kriteria er oppfylte, og at det difor er eit standard-språk – det er akkurat det markante personar i Vōro-rørsla gjer. Derimot kan det i prinsippet stillast spørsmål både ved graden av standardisering og graden av autonomi. Så lenge det ikkje finst allment aksepterte normer for kor denne grensa går, vil svaret til sjuande og sist avhengje av ideologisk grunnsyn. For vōro-rørsla er det både eit identitetsspørsmål og eit strategisk val som gjer at dei ser seg tent med å leggje størst vekt på argumenta som dreg i retning av eit sjølvstendig språk i motsetnad til dialekt eller estisk målform, og det er eit implisitt mål for standardiseringa å styrke legitimering som dette.

Nynorsk og vōro-mål er begge *skriftspråk* i den forstand at dei blir skrivne og har ei fastare norm enn talemålet. For nynorsken sin del er eksistensen som skriftmål i dag i ein viss forstand vorten sjølvve essen-sen, altså motiveringa for at vi har eit omgrep som nynorsk i motsetnad til bokmål. I det sør-estiske språklandskapet finst det ein tradisjon for bruke nemningane «*vōro kiil*» og «*seto kiil*» om det lokale språket, altså analogt med andre språknemningar (norsk vil heite *norra kiil*). Av brukarane blir dette opp-

fatta som heilt naturleg, men ikkje utan vidare avgjerande for statusen som språk, særleg ettersom estisk ikkje skil mellom *språk* og *mål*, der det siste i norsk lettare kan blir tolka som *varietet*. Statusen som skriftspråk er av vðro-rørsla sett som heilt nødvendig for at det lokalet målet skal overleve. Dersom vi som stiller som krav til skriftspråk at dei skal ha gjennomført alle fasane til Haugen, kan vi seie at vðro-målet til ein viss grad tilfredsstillar desse kriteria. Ein kan stille spørsmål med i kva grad utbygging av funksjon og godkjenning frå samfunnet si side er gjennomførte fasar – rettare vil det vere å seie at dette er fasar språket i beste fall er inne i nett no.

Med omsyn til *nasjonalspråk* har Estland offisielt berre eitt, (standard-)estisk, som i hovudsak byggjer på nord-estiske dialektar. Det gamle sør-estiske skriftmålet tapte kampen – i den estiske nasjonsbygginga fram mot sjølvstendet i 1918 vart det nord-estiske normgrunnlaget praktisk tala einerådande. Noreg har derimot to formelt likestilte skriftspråk som begge blir oppfatta som nasjonalspråk. Historia om målstriden er ei historie om ein kamp om kva for eitt av dei to som skulle bli nasjonalspråket, ein strid ingen vann eller tapte heilt. Begge språka vann derimot dei same formelle rettane, medan riksmålstradisjonen i stor grad heldt på hegemoniet på mange domene.

Strategien til både vðro-rørsla og seto-rørsla er å få status som regionsspråk, og dette blir forstått i den tydinga vi finn i den europeiske pakta for regions- eller minoritetsspråk. Føresetnaden for dette er at det ikkje er oppfatta som ein dialekt av det offisielle språket i staten, og motstandarar av status som regionsspråk vil difor ha interesse av framstille språket som dialekt. Nynorsk er derimot utelukka av definisjonen som eit av statens offisielle språk. I og med at nynorsk har konsolidert seg i eit relativt kompakt område på Vestlandet, er ein status som regionsspråk likevel ikkje ein utenkjeleg retorisk strategi.

Nynorsk er som standardmål og skriftmål ikkje ein dialekt, men bygd på eit samlande system som representerer dei norske dialektane, tradisjonelt i motsetnad til det danna talemålet som byggjer på fornorska dansk. Ut frå Vikørs definisjonar av *dialekt* er dei sør-estiske talemålsvarietetane sjølvsgt dialektar i tyding (3), i den forstand at dei er morsmål for nokon, men spørsmåla om (1) det står for nær andre språk og (2) det ikkje er standardisert blir på mange måte eit spegelbilete av språkklassifiseringa etter Stewart. Det som kjenneteiknar slike definisjonar er at dei først og fremst er deskriptive – dei skildrar kva folk

meiner når dei seier dialekt. Motstanden mot klassifisering som *dialekt* som kjenneteiknar dei sør-estiske rørsleane er òg knytt til den låge statusen til dialektalt talemål har hatt og framleis har. Det sociolingvisticke rommet for dialektbruk har vore mykje trongare enn i Noreg, og status som språk blir sett som ein utveg for å auke prestisjen og dermed unngå at dei sør-estiske varietetane døyr ut. I Noreg er aksepten og domena for dialektbruk langt større, og dermed er motivasjonen mindre for dialektbrukarar til å definere morsmålet som noko anna enn ein dialekt av norsk.

8.2 Korleis passar nynorsk og sør-estisk inn i teoriar om revitalisering?

Nynorsk i tydinga norsk folkemål og sør-estisk er begge døme språk som opplevde eit stort prestisjetap, men som har fått nytt liv gjennom medvite arbeid for revitalisering. Litteraturen vi har studert om revitalisering har fokus på språk under press og – for å seie det med Fishman – på å snu eit pågåande språkskifte (RLS). Denne litteraturen er skriven i nyare tid og har difor særleg vekt på det presset globaliseringa legg på små språk gjennom ein dynamikk som favoriserer store språk. Ifølgje Fishman er RLS-rørsler ikkje anti-moderne, men ønskjer kompromiss der det framleis er plass for overføring av eigen språk og kultur.

Ut frå dette er vōro-rørsla på mange måtar ei typisk revitaliserings eller RLS-rørsle. Kan vi seie det same om den norske målrørsla? Svaret på dette spørsmålet vil på mange måtar òg vere eit svar på om målreising i den nynorske tydinga kan seiast å vere ei revitalisering eller RLS slik vi finn det hos Fishman, Grenoble og Whaley eller Hinton. Dersom vi først og fremst ser på målrørsla som ein del av den norske nasjonsbygginga og utviklinga av den norske nasjonalismen, altså om vi følgjer definisjonen til Indrebø, vil svaret vere nei – kjernen i målreisinga er eit då kampen for det ekte nasjonale framfor å sikre overføring av språk og kultur for språket fordi språkmangfaldet blir sett som ein verdi i seg sjølv. Eg vil likevel føresetje at den norske målreisinga var og er ei revitaliseringsrørsle. Perspektiva i revitaliseringslitteraturen har uansett meir og meir å seie for målrørsla i dag, etter som det byggjer på innsikt om kor fort språk kan døy om overføringa mellom generasjonane stoppar opp.

På den andre sida kan ein med Raag (2010) snu på flisa og seie at regionalismen vōro-målrørsla har

mykje sams med den estiske nasjonsbygginga på 1800-talet. Ut frå dette perspektivet kunne det framstå som naturleg å sjå på revitaliseringa som eit første steg i ein slags nasjonsbyggingsprosess, og med ein slik føresetnad kunne det òg vore naturleg å sjå den nynorske målreisinga primært i dette perspektivet, noko som ville vere ei tradisjonell tilnærming. Ei grundig handsaming av eit slikt perspektiv fell utanfor rammene til denne oppgåva.

Hos Fishman finn vi skiljet mellom maksimalistar og minimalistar. I den norske målstriden var den maksimalistiske strategien å bli «einaste riksmål». Dette lukkast ikkje, men det var samstundes eit mål som i lang tid fekk stor støtte i breie lag. Det kan framstå som usannsynleg at nynorsken kunne mobilisert den støtta han trong for å bli til den tradisjonen han i dag er, utan eit slik eksklusivitetskrav. I dag har nynorsken som jamstilt nasjonalspråk langt større rettar enn sjølv dei mest maksimalistiske i vöro-rørsla vil krevje. Den stillinga nynorsken har i Noreg i dag vil lett framstå som ein ønskesituasjon.

Fishman legg vekt på at det må eit samanhengjande system til for at eit språk framleis skal bli overlevert. For nynorsk sett i samanheng med norske dialektar er dette etter (og som resultat av) hundre og femti års målstrid framleis til stades, men medan det skjer ei nivellering av dialektane er opplæringa i det nynorske skriftmålet under politisk press. Systemet kan bryte saman, og den dominerande stillinga til bokmålet gjer nynorsken utsett for både «fråfall» og «utholing».

Vöro-rørsla har aldri hatt den sikringa av overlevering som nynorsk nyt godt av. Aktivistane arbeider derimot for å oppnå akkurat dette – for å seie det med Kaido Kama: for å oppnå ein enkel ting, må dei gjere mange kompliserte ting. Korleis er så situasjonen for nynorsk og sør-estisk på GIDS-skalaen til Fishman? Formuleringane i skalaen er ikkje tilpassa nasjonalspråk, og det kan dermed lesast som at nynorsk fell utanfor skalaen (altså er så trygt at det ikkje er nokon prekær situasjon i det heile). Men sjølv om nynorsk nyt status som offisielt språk, kan vi ikkje jamføre det med status som einaste riksmål. Den offisielle statusen frittek ikkje frå konkurranse og press frå bokmålet. Det kan difor vere freistande å setje nynorsken på trinn 1 på GIDS-skalen. På midten av 1800-talet var situasjonen for norsk talemål i Noreg derimot karakteristisk for trinn 6: uformell munnleg overføring mellom generasjonane, demografisk konsentrasjon og (etter kvart) institusjonell støtte. Med atterhald om det komplekse tilhøvet mellom talemål og skriftmål

kan dette tolkast som at nynorsken er eit døme på ei vellykka revitalisering. Om denne posisjonen kan halde, er eit anna spørsmål. Dersom nynorsken ikkje blir overført til faktisk bruk hos nye generasjonar, kan vi tenkje oss at den faktiske situasjonen i løpet av relativt kort tid kan rause tilbake til trinn 6.

Slik skalaen er bygd opp, hjelper det ikkje at eit språk har trekk som er karakteristiske for mindre truga språk, dersom ikkje samstundes overføringa mellom generasjonane fungerer. Sjølv om sør-estisken har institusjonell støtte, er overleveringa i ferd med å bli broten fordi dei aktive brukarane ikkje lenger er i fruktbar alder. Slik òg Martin Ehala seier, ser det ut for at sør-estisk talemål (võro og seto) er på veg frå trinn 6 til trinn 7. Det er ein alvorleg situasjon.

Av same grunn kan vi spørje om plasseringa for nynorsk (inklusive dialektar) dersom nynorsken blir meir og meir marginalisert og bokmålet dermed i praksis einerådande som normgrunnlag, altså dersom den norsken som dialektalarane identifiserer seg med i praksis ikkje lenger er eit multinorm-språk. Dette gjer nynorsken svært sårbar, ettersom det som Faarlund påpeiker heller ikkje finst nokon nynorsk etnisitet eller klårt skilje mellom eit nynorsk og «bokmålsk» samfunn.

Grenoble og Whaley viser til dei ni faktorane som bør vurderast med omsyn til vitalitet, og dei fem stega på skalaen for kor trygt eit språk er. Dette er grunnlaget for oppføring av truga språk i UNESCOs *Atlas of the World's Languages in Danger* (Moseley 2010). Der er võro-seto sett under eitt og oppført som «*definitely endangered*». Ingen former for norsk er oppførte.

I høve til sjekklista hos Grenoble og Whaley er den – likskap tilpassa arbeid med direkte truga språk. Alle punkta – vurdering av vitalitet, variasjon, ressursar, setjing av mål, vurdering av hinder og strategiar for å overkome dei, skriftspråk og -kultur (literacy), førebuing for formell opplæring og evaluering, er punkt som võro-rørsla har prøvd å ta i bruk. I norsk samanheng framstår lista for så vidt som relevant, og alle punkta er ting som målrørsla arbeider med, men som heilskap framstår ho intuitivt som ein uvan måte å tenkje i nynorsk-verda, ettersom nynorsk er resultat av ei revitalisering som kom i gang før språkskifteprosessen var skikkeleg i gang.

Hinton modererte modellen til Fishman på ein måte som ho såg som betre tilpassa små språk som ikkje har store ressursar til revitalisering, og la til konkrete steg. Etter ei første vurdering og planlegging er eit

viktig steg når overføringa mellom generasjonane er broten eit læringsprogram som andrespråk for vaksne. Først mot slutten av lista kjem domeneutvidinga og den meir offisielle bruken. For nynorsk er det – om noko – i dag mest relevant å sjå på dei siste stega, 8–9, og det er der fokuset til . For vöro-rørsla skulle ein derimot vente at dei første prioritetane låg midt i lista, 4–7, og medan vöro-rørsla i dag i høg grad er oppteken av dette, har dei òg hatt stort fokus på skriftspråkutvikling og på dei siste stega, offisiell status og domeneutviding. Eit spørsmål som melder seg er då om vöro-rørsla har hatt for stort fokus på skriftspråkutvikling framfor å arbeide med å bevare sjølve talemålsgrunnlaget ved å snu språkskiftet? Er ein i ferd med å skape ein situasjon der standardspråket blir utvikla og får meir prestisje medan talemålsgrunnlaget forsvinn for fort til at det kan bli berekraftig på sikt, altså ein situasjon der «kua døyr medan graset gror»? Dette er kjernen i noko av den (velmeinte) kritikken mot vöro-rørsla vi finn hos Ehala, og kan i stor grad gjerast relevant òg for nynorsken. Kva som kunne skjedd om vöro-rørsla hadde byrja i ein annan ende for 20 år sidan, er og blir eit kontrafaktisk hypotetisk spørsmål. I dag er uansett ikkje problemet at vöro-rørsla – «aktivistane» – ikkje tek inn over seg innsiktene om revitalisering slik vi finn det i litteraturen, men at dei har for lite støtte i dei breie massane, som på den eine sida gjerne er glade og stolte for at nokon fremjar sør-estisk språk og kultur, men i praksis aksepterer den tradisjonelle språklege einrettinga. «Folk flest» i Vöro-land les gjerne avisa på sør-estisk, men lærer ikkje ungane sine å snakke språket. Dermed har neste generasjon av folk flest snart ikkje noko å lære bort.

Det er akkurat dette revitalisering og «RLS» handlar om, og eit av dei største problema for sør-estisk revitalisering er vaklinga mellom status som språk og dialekt kombinert med den tradisjonelle manglande aksepten for språkleg variasjon: Folk flest har meir eller mindre umedvite akseptert å gi opp morsmålet sitt utan ein gong å innsjå at det er det dei gjer. Vöro-målet er eit døme på ei rørsle som prøver å revitalisere eit språk som blir de-legitimert som «berre» ein dialekt. Dette er ei tilleggsutfordring som innsiktene i revitaliseringslitteraturen i seg sjølv ikkje har gitt noka eintydig løysing på. Derimot kan det vere interessant å samanlikne med den norske situasjonen, der nettopp to skriftmålsformer har vore med på å gjere dialektane nøytrale og dermed utvide domena for dialektbruk. Det paradoksale er at strategien til vöro-rørsla implisitt har akseptert stigmatiseringa av dialektar som gitt og dermed bidreg til å reprodusere det

som gjer situasjonen meir ulik den norske.

8.3 Kva faktorar sameiner den nynorske og den sør-estiske målreisinga?

Nynorsk (som representant for norsk folkemål) og vöro-mål (som representant for sør-estisk folkemål) er begge døme på språk som har hatt eit skriftmål som seinare har døydd ut, før nokon igjen har prøvd å skape eit nytt skriftmål basert på folkemålet. Gammalnorsk / norrønt vart skrivi aktivt fram til ca 1350 og endeleg utdøydd kring 1500. Om lag på same tid oppstod dei første teikna til eit sør-estisk skriftmål, som ei stund blomstra før det døydde endeleg ut kring inngangen av 1900-talet. Begge dei gamle skriftmåla vart utkonkurrerte av eit nærskyld skriftmål som samstundes gav tydeleg avstand frå det folkelege talemålet og gjorde at folk måtte lære skriftmålet som eit framandspråk. I begge fall hadde vi altså etterkvart tospråkleg allmoge, med skriftkunne i eitt språk men eigen identitet knytt til eit relativt nærskyld talemål.

Både den nynorske målrørsla og vöro-rørsla er dermed rørsler som i sin retorikk har vist til å gjenreise noko gjennom å bli ein arvtakar til ein utdøydd skriftradisjon – men i begge tilfelle er dette tilhøvet problematisk, ettersom verken rettskrivingsprinsippa, talemålsgrunnlaget eller normgrunnlaget for gammalt og nytt skriftmål kan seiast å vere det same, og ettersom kontinuiteten i bruk av skriftmålet er broten.

For begge dei to rørsleane har det stått sentralt å fremje folkemålet, for retten til å snakke og skrive på sitt eige mål, og for eit skriftmål som byggjer på og står i samanheng med naturleg talemål. Begge rørsleane opplever i dag å vere i mindretal og under press frå den dominerande skriftradisjonen, og begge rørsleane opplever i dag kampen for språkmangfaldet som vesentleg og identifiserer seg med undertrykte minoritetsspråk.

Nynorsk er i ein situasjon der manglande støtte hos dei faktiske og potensielle brukarane er eit vesentleg problem. I begge rørsleane har statusen som eige språk vorten aktualisert av diskursen om språkdød, språkmangfald og truga språk. Desse to aspekta gjer at retorikken blant nynorskingar og sør-estiske målreisarrar, trass ulike utgangspunkt, i dag er meir lik enn han ville vore dersom identifisering som ei norsk «målforn» hadde vore konsekvent.

8.4 Kva faktorar skil den nynorske og den sør-estiske målreisinga?

Vi har konstatert ytre historiske drag som gjer det naturleg å samanlikne nynorsk og sør-estisk. Ein innlyssande skilnad er derimot sjølve plasseringa i tid. Der dansk i Noreg vart språket reformasjonen vart gjennomført på, og dermed endeleg utkonkurrerte det som måtte vere att av norrøn skriftkultur, var det på same tid at dei to estiske skriftmåla oppstod parallelt. Blomstringstida for det gamle estiske skriftmålet var under dansketida i Noreg. I ein viss forstand kan vi då snakke om ei faseforskyving, der nasjonsbygginga i Estland i høve til folkemålet i Sør-Estland spela den rolla reformasjonen gjorde i Noreg, nemleg å innføre eit nærskyld skriftmål som utkonkurrerte det som var att av eigen skriftradisjon.

Dei nasjonale ideane og nasjonsbygginga som pågjekk om lag same tid i Noreg og Estland fekk diametralt motsett verknad for det norske landsmålet og for den sør-estiske skriftradisjonen. I Noreg vart det nasjonale ein knagg å hengje kampen for eit eige skriftmål på, og sjølv om motivasjonen for å ønskje eit eige norsk skriftmål var mangfaldig, vart dei nasjonale ideane ei drahjelp for nynorsken – i den grad at mange til og med såg det som den definerande essensen. Samstundes vart «det almindelige bogsprog» òg etter kvart eit nasjonalt symbol, slik at det nasjonale aldri vart eintydig knytt til det nynorske målstrevet. Derimot vart nynorsken ståande som eit levande *alternativ*.

I Estland var det nord-estisken som fekk rolla som nasjonalt symbol, og oppnådde før 1800-talet «nedrødma» eit hegemoni utan utfordrarar. Når sør-estisken har gjenoppstått i form av vōro-rørsla i nyare tid, har det ikkje vore som ein utfordrar til nasjonalspråket, men som eit regionsspråk med mål om å kunne fungere saman med nasjonalspråket. Det paradoksale resultatet er dermed at vōro-rørsla har sett seg som mål å oppnå noko som i beste fall kunne minne om den statusen nynorsk faktisk har oppnådd som alternativt skriftspråk (og eventuelt regionsfenomen) i Noreg i dag, medan dette historisk ikkje var målet for målrørsla, som tvert om kjempa for eit «norsk» skriftmål.

Grunnlaget for nynorsk vart til gjennom Ivar Aasens arbeid som søkte det underliggjande systemet som er felles for dei norske dialektane, i motsetnad til den innførte dansken. Det at nynorsk var meint som eit samlande norsk skriftmål som representerer alle dialektar, men ingen av dei fullstendig, har dermed på den andre sida ført til at det er mindre «nødvendig» for norske dialektar å erklære seg «språkleg sjølv-

stendig» og utvikle egne lokale skriftspråk.

I Estland har ikkje sør-estarane greidd å samle seg om eit skriftspråk som kunne gi eit einskapleg sør-estisk alternativ til det dominerande nord-estiske skriftmålet. Den kulturelle skilnaden mellom vōro- og seto-folket har sett ein presedens som gjer at òg mulgi- og tartudialektane naturleg fell utanom, og vōro-målet er dermed avgrensa til vōro-dialekt, medan det oppstår mindre «rørsler» som «kopierer» revitaliseringsfreistnadene på vegner av sine lokale mål. Dette er ulikt den norske situasjonen, som kan tolkast som at nynorske norma i ein grad har nøytralisert grobotnen for ei stadig fraksjonering i mindre, ikkje levedyktige skriftmål.

Sist men ikkje minst er et ein vesentleg skilnad at den norske målrørsla i mykje større grad vart eit masserørsle. I Sør-Estland har vōro-aktivistane vore ei relativt lita og tett gruppe som aldri har danna masseorganisasjonar eller rekruttert breitt blant (dei potensielle) språkbrukarane. Dette kan mellom anna tolkast som eit resultat av det estiske medvitet om at språkplanlegging er noko som skjer ovanfrå. Både blant dei «aktive» og «passive» vil det vere ein idé om kva små elitegrupper kan oppnå – fordi Estland har døme på dette i historia. Samstundes aktualiserer det spørsmålet om kva som skal til for skape ei masserørsle. Å halde på eit marginalt språk krev sterk motivasjon. I Noreg kan spørsmålet heller vere om målrørsla har gått vegen frå liten elite via masserørsle og tilbake i retning av ein liten elite, men då med det masserørsla skapte i bagasjen.

8.5 Målreising i ei ny tid: Kan sør-estisk oppnå det same som nynorsk?

På papiret har nynorsk i Noreg oppnådd nesten alt anna enn å bli einaste nasjonalspråk. Språket har alt det vern eit språk kan ha som offisielt språk, og ein rikhaldig litteratur. Det er ikkje like sterkt representert på alle domene, og er på mange måtar under sterkt press. Likevel vil situasjonen for nynorsken måtte framstå som ein drøymesituasjon for vōro-rørsla. Kan dei oppnå noko liknande?

Det kan ikkje i seg sjølv vere avgjerande at vōro-rørsla framleis i dag er ein liten elite. Om vi tek utgangspunkt i stadiet for normering, at vōro-målet i dag har ei ordbok og ein grammatikk, medan det blir arbeidd med eit større ordbok og framleis krangla om rettskriving, kunne vi – dersom vi held på analogien

med den nynorske målreisinga plassere rørsla der landsmålet var ein gong etter den første og før den andre ordboka frå Aasen, altså ein gong mellom 1850 og 1873. På denne tida var landsmålet i høgste grad ei rørsla for og av dei frå. Det avgjerande er derimot om den målreisingsinnsatsen som er gjort av dei få kan bli grunnlag for ei verkeleg folkerørsle. Situasjonen inneheld språkleg og sosialt råmateriale som kunne ha gjort sør-estisken til ei kraftkjelde av motkultur til både kunstig og folkemålsfjern språkfornyng og nyare EU-byråkratisk kansellispråk.

Ut frå gjennomgangen av historia til dei to rørsleane framstår det likevel ekstremt usannsynleg for vöromålet å utvikle seg etter dei same linjene som landsmålet/nynorsken gjorde. Utgangspunktet er eit anna, situasjonen i dag er ein annan, talemålsgrunnlaget er mykje mindre og under mykje sterkare press, og strategien er òg ein annan. Estisken har i dag «sett seg» som standardspråk på same måte som dansken i Noreg hadde på 1800-talet, men med den skilnaden at heile folket i dag i ein heilt annan grad er skriftspråklege: det manglar «råmateriale» for eit kjerneområde som kan bli sosialisert inn i skrifta på folkemålet. I tillegg har den autoritære estiske normeringstradisjonen i stor grad uthola talemålsgrunnlaget.

I Noreg er nynorsk framleis primært ein type norsk, og nordmenn aksepterer dermed norsk som eit språk på eit høgare nivå, som både femner bokmål og nynorsk. Dette er akkurat den klassifiseringa vöro-rørsla vil unngå, fordi ein ser på status som eige språk som einaste halmstrå. Ein reknar det altså ikkje som mogleg å overleve som estisk dialekt (med eller utan eigen skrifttradisjon). Om dette er eit godt strategisk val vil tida kanskje ikkje vise. Dersom overføringa av talemålet mellom generasjonane blir brote lenge nok, hjelper det lite å diskutere om språket døyr av pest eller kolera.

Sør-estisken nyt godt av statlige subsidiar gjennom tidsavgrensa språk- og kulturprogram og har sine institusjonar (primært Vöro-instituttet og Senter for sør-etisk språk og litteratur ved Universitetet i Tartu) og desse er med på å gjere språket synleg for ålmenta. Det same gjeld i endå større grad nynorsken. I det sør-estiske fallet er det likevel tydeleg kor lite prosjektfinansieringa monnar for å skaffe og trygge ei stilling som bruksspråk – den allmenne støtta til den sør-estiske saka ser ut til å vere best eigna til å konservere språkarven som museumsgjenstand, ikkje som bruksspråk.

8.6 Oppsummering

Denne oppgåva har gjort den norske lesaren kjent med situasjonen for sør-estisk språk i Estland. Sidan vōro-rørsla oppstod på slutten av 1980-talet har det vorte eit viktig mål å bli respektert som eit eige språk. Reaksjonen frå det offisielle Estland har i denne samanhengen ikkje vore eintydig, men tvert om full av indre motsetnader – det offentlege både støttar og motarbeider rørsla. Sjølv om det etter visse kriterium er mogleg å sjå nynorsk som eit eige språk, er det ei tradisjonell haldning i etterkrigs-Noreg, også i mål-rørsla, at nynorsk og bokmål er to uttrykk for eitt norsk språk. Dette er forståeleg ut frå historia til den norske målreisinga. Tradisjonelt har nynorsk-folk oppfatta målet som eit «rettare» norsk, som burde bli «einaste riksmål». Denne haldninga har i lys av tilbakegangen i etterkrigstida etter kvart vorte erstatta med eit forsvar for mangfaldet som den eksisterande tospråksstoda framstår som garantist for.

Vōro-rørsla (og dei andre sør-estiske tilløpa til målreising) er i kontrast ikkje ei historie om eit nytt alternativ til standardestisk. Det er ikkje den lingvistiske avstanden som utgjør den viktige skilnaden mellom situasjonane i Noreg og Estland, i så måte kunne sør- og nord-estisk godt vore uttrykk for estisk språk slik nynorsk og bokmål vart det. Derimot har den autoritære estiske språkpolitikken på 1900-talet gjort rommet for variasjon så trangt at status som eige språk av vōro-rørsla blir opplevd som den einaste utvegen for å skape eit rom der det lokale språket kan overleve. Vidare kunne alle dei sør-estiske dialektane, eller i det minste vōro- og seto-måla, gått saman om eit sør-estisk standardmål som meir reelt enn berre retorisk fylde skoa etter det gamle sør-estiske, gjennom å framstå som eit samlande uttrykk for det sør-estiske språkssystemet. Med andre ord kunne vi tenkje oss ei samla sør-estisk målreising som tenkte meir som Ivar Aasen og i større grad såg «diasystemet» som det sentrale. Sjølv om slike tankar ikkje er framande for mange av sør-estarane, har dei ikkje vorte dominerande, og ein av grunnane er den kulturelle og religiøse grensa mellom den lutherske vōro-sida, som kulturelt ligg nær resten av Estland, og dei ortodokse setoane, som i sin spesielle blandingskultur har fleire russiske element.

Når det er eit så sterkt skilje mellom vōro- og seto-varietetane, som språkleg sett er nesten identiske, er det vanskeleg å til ei meir allmenn samling med dei som språkleg sett står lenger unna, og dette har heller ikkje vorte noko tydeleg mål for vōro-rørsla. Som eit resultat blir òg rørsla som arbeider for mulgi-målet

– i den grad ho kan seiast å eksistere – heller ikkje inkludert i noka felles sør-estisk samling. Derimot samarbeider særleg vōro-folk og setoar om felles mål, og medan seto-rørsla har nytt godt av det språklege nybrottsarbeidet «vōro-målrørsla» har gjort, har vōro-folk etter modell frå setoane etter kvart prøvd å utvikle ein eigen materiell kultur som identitetsberar.

Ei vandring gjennom den sør-estiske målsoga fram til dei nye målreisingsrørslene, med hovudvekt på vōro-rørsla, kan vere med å gi oss nye perspektiv på vår eiga språkstode og blir dermed ei komparativ oppdagingsreise. Heilt til slutt vil eg snu på flisa og late eit underliggjande spørsmål utkrystallisere seg. Det har vore nemnt korleis den norske målrørsla i tidleg fase fann det naturleg å samanlikne seg med det finsk-finske målstrevet, men i nyare tid i større grad med finlandssvenskane. Nynorsk og standardestisk vart til på om lag same tid, hovudsakleg på grunnlag av folkemålet i unge nasjonar i ferd med å leggje grunnlaget for sjølvstendige statsdanningar. Begge har hatt som mål å bli offisielle språk – og har vorte det. Begge har vorte det i konflikt med språka til gamle koloni-elitar. Standardestisk har berre – etter visse kriterium – lukkast betre med dette enn nynorsk har gjort, i og med at målet om å bli «einaste riksmål» vart nådd. Likevel framstår det i dag frå eit nynorsk perspektiv meir nærliggjande å identifisere seg med den sør-estiske rørsla enn med den nord-estiske, noko denne oppgåva er eit døme på. Eg let i augneblinken liggje at dei to siste formuleringane er prinsipielt problematiske, ettersom dei set likskaps-teikn mellom språk, språkbrukarar og språkrørslar. I politisk retorikk snakkar ein gjerne om land/språk/kommunar osv. «det er naturleg å samanlikne seg med». Kva kan det kven vi vel å samanlikne oss med seie dei av oss som reknar seg som målfolk om vårt språksyn og våre ideal?

Notar

- 1 Gjendiktinga er mi eiga. Diktet på estisk kan mellom anna finnast på <http://et.wikisource.org/wiki/Kuu> (18.11.2012)
- 2 Nybø 2007: 108
- 3 Sandøy 2003: 19
- 4 Nynorskordboka 2012 på Internett: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=spr%E5k&nynorsk=+%&ordbok=nynorsk> (18.11.2012)
- 5 Nybø 2007: 11–24
- 6 Vikør 1994: 48ff
- 7 Ofte tilskrive Max Weinreich, sjå http://en.wikipedia.org/wiki/A_language_is_a_dialect_with_an_army_and_navy (18.11.2012)
- 8 Janson 1997: 20
- 9 Mæhlum et al. 2011: 16
- 10 Vikør 1994: 53
- 11 Torp 1998: 20
- 12 Vikør 1994: 53
- 13 Theil, Simonsen og Sveen 1996: 38
- 14 Jf Vikør 1994: 57
- 15 Theil, Simonsen og Sveen 1996: 311–313
- 16 Jf Torp 1998: 29
- 17 Leakey 1994: 80
- 18 Eifring og Theil 2005: Chapter 1, 3–7 jf Leakey 1994
- 19 Eifring og Theil 2005: Chapter 4, 1–19
- 20 Dryer og Haspelmath (ed.) 2011
- 21 Vikør 1994: 57–64
- 22 Jf Vikør 1994: 110–111
- 23 Theil 1991: 164–167
- 24 Vikør 1994: 71–73
- 25 Vikør 1994: 80
- 26 Vikør 1994: 81
- 27 Vikør 1994: 82–83
- 28 Bakke 2001: 50
- 29 Bakke 2001: 42–43
- 30 Torp og Vikør (2003: 140) meiner derimot at Noreg er eit døme på «frå stat til nasjon» i motsetnad til «frå nasjon til stat», og at Noreg dermed må plasserast saman med Frankrike og Storbritannia i ei anna gruppe enn til dømes Finland.
- 31 Karjahärm 2009: 149–155
- 32 Karjahärm 2009: 154
- 33 Norsk i hundre 2005: 17
- 34 ETS 148 1992: 182
- 35 ETS 148 1992: 183
- 36 Vikør 1994: 56
- 37 Vikør 1994: 57
- 38 Nynorskordboka 2012 på Internett: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=spr%E5kplanlegging&nynorsk=+%&ordbok=bokmaal> (18.11.2012)
- 39 Store norske leksikon på Internett: <http://snl.no/spr%C3%A5kplanlegging> (18.11.2012)
- 40 Vikør 1994: 13
- 41 Haugen 1968: 13–20
- 42 Vikør 1994: 95
- 43 Vikør 1994: 88
- 44 Vikør 1994: 92–93
- 45 Erelt 2002: 15–18
- 46 Ross 1878
- 47 Crystal 2000: 3
- 48 Hinton 2001: 3
- 49 Crystal 2000: 11
- 50 Talet på land er også eit definisjonsspørsmål, og det å sjå talet på språk i høve til talet på land er eit vanleg retorisk grep i «språkdødsjangeren». Hinton (2001: 3) høge tal 250 stemmer med talet på tidelte ISO 3166-kodar: http://www.iso.org/iso/home/standards/country_codes/country_names_and_code_elements_txt.htm (18.11.2012) Lista inkluderer mellom anna Svalbard og Jan Mayen. Talet på fullt ut anerkjente sjølvstendige statar er lågare. FN har per 2012 193 medlemmer: <http://www.un.org/en/members/growth.shtml> (18.11.2012).

51 Crystal 2000: 19
52 Haugen 1972: 325
53 Jf Nybø 2007: 30–31, 42–44
54 Nettle og Romaine 2000: ix
55 Jf Hinton 2008: xi
56 Nettle og Romaine 2000: 5; Crystal 2000: 1
57 Malik 2000
58 Romaine 2004: 26
59 Romaine 2004: 1–2
60 Jf Ladefoged 1992
61 Romaine 2004: 5–6
62 Sandøy 2003: 36
63 Fishman 2001: 1–2
64 Fishman 1991: 11
65 Fishman 2001: 6–9
66 Fishman 2001: 4
67 Fishman 1991: 6
68 Fishman 2001: 21
69 Jf Hinton 2001: 9
70 Jf Nettle og Romaine 2000
71 Grenoble og Whaley 2006: 20 jf Fishman 1991: 67
72 Grenoble og Whaley 2006: 21
73 UNESCO 2003
74 Grenoble og Whaley 2006: 4
75 UNESCO 2003: 7–19
76 Grenoble og Whaley 2006: 202–204
77 Hinton 2001: 3
78 Hinton 2001: 6
79 Hinton 2001: 7
80 Hinton 2001: 14–16
81 Hinton 2001: 17
82 Jf Trosterud 2003: 215
83 Trosterud 2003: 215
84 Crystal 2000: 38
85 Nynorskordboka 2012 på Internett: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=m%E5lreising&nynorsk=&ordbok=nynorsk> (18.11.2012)
86 Nynorsk Wikipedia: <http://nn.wikipedia.org/wiki/M%C3%A5lreising> (18.11.2012)
87 Indrebø 1976: 45
88 Walton 1987: 311–317
89 Nynorskordboka 2012 på Internett: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=reising&nynorsk=&ordbok=nynorsk> (18.11.2012)
90 Barth 1972: 19–21
91 Barth 1972: 21
92 Barth 1972: 21
93 Barth 1972: 22–27
94 Barth 1972: 27–32
95 Barth 1972: 33
96 Kjelstadli 1988: 443
97 Sitert i Ågotnes 1989: 73
98 Sitert i Ågotnes 1989: 74
99 Ågotnes 1989: 74
100 Ågotnes 1989: 75
101 Ågotnes 1989: 76–77
102 Ågotnes 1989: 80
103 Ågotnes 1989: 79
104 Ågotnes 1989: 79–80
105 Ågotnes 1989: 80
106 Ariste 1956
107 Jf Zetterberg 2009: 45
108 Zetterberg 2009: 49–65

-
- 109 Zetterberg 2009: 119–122
110 Zetterberg 2009: 156
111 Zetterberg 2009: 123–131
112 Zetterberg 2009: 131–140
113 Medan den same tida hos den tyske adelen tvert om vart hugsa som den gamle, vonde svensketida, jf. Zetterberg 2009: 215
114 Zetterberg 2009: 143–208
115 Zetterberg 2009: 194–195
116 Zetterberg 2009: 208
117 Zetterberg 2009: 213
118 Zetterberg 2009: 211
119 Zetterberg 2009: 252
120 Zetterberg 2009: 267–274
121 Zetterberg 2009: 320
122 Zetterberg 2009: 319–324
123 Lauk 2006
124 Zetterberg 2009: 329–331
125 Zetterberg 2009: 214 jf. http://www.estonica.org/en/History/1710-1850_The_Baltic_Landesstaat/The_Baltic_Landesstaat/ (18.11.2012)
126 Zetterberg 2009: 353
127 Zetterberg 2009: 371–396
128 Zetterberg 2009: 425
129 Zetterberg 2009: 469–525
130 Zetterberg 2009: 587
131 Zetterberg 2009: 559
132 Zetterberg 2009: 576
133 Zetterberg 2009: 555
134 Den estiske grunnlova: <https://www.riigiteataja.ee/akt/127042011002?leiaKehtiv> (18.11.2012)
135 Sutrop 2008: 128
136 Künnap 2001
137 Viitso 2003: 131
138 Võro er den lokale forma av namnet. På standardestisk heiter byen Võro og fylket Võrumaa. Eg vil i oppgåva nytte den lokale forma med unntak av sitat.
139 Rask 1834: 13–15
140 Wiedemann 2002 [1864]: 10–15
141 Viitso 2003: 132, jf Sammalahti 1977
142 Viitso 2003: 132–141
143 Viitso 2003: 143
144 Viitso 1985: 400
145 Sammalahti 1977: 130–133
146 Fleire dømme er Ariste 1956, Alvre 1973, Kallio 2007.
147 Jf. http://wals.info/languoid/lect/wals_code_est (18.11.2012)
148 Rangøy 2007
149 Pajusalu et al. 2002: 155
150 Tvert om, kan vi kanskje seie: Essiv med endinga -na vart dømes kunstig gjeninnført i moderne estisk, jf Raag 1999a: 18
151 Eit oversyn finst i Pajusalu et al. 2002: 73–80
152 Jf Heinapuu 2000a, 200b; Jüvä 2007; Valge 2007
153 I Estland kjent under den tyske forma Heinrich Stahl. Raag (1999a) nyttar den latinske forma fordi Stah(e)l(l) gjorde det sjølv, jf Raag 1999a: 37
154 Raag 1999a: 38
155 Jf Raag 1999a: 61
156 Raag 1999a: 39
157 F.J. Wiedemann 1875: Grammatik der ehstnischen Sprache, sitert i Raag 1999a: 41
158 Raag 1999a: 62
159 Raag 1999a: 22
160 Karjahärm 2009: 155
161 Jf Raag 1999a: 49–51
162 Erelt 2001: 81–91; Raag 1999a: 130–138
163 Raag 1999b, 30–31
164 Raag 1999a: 225–227
165 Löbu 2007: 67

-
- 166 Raag 1999a: 242
167 Raag 1999b: 36
168 Raag 1999a: 308
169 Jf. Koreinik 2007: 5
170 Privat førelesingsnotat frå innføringskurs i austersjøfinske språk ved Universitetet i Tartu hausten 2001.
171 Pajusalu et al. 2002
172 Eg gjengir det her i nord-estisk form ettersom avsnittet handlar om den tradisjonelle handsaminga som estisk dialekt.
173 Eller 1999: 8
174 Ojar 2005: 1
175 Koreinik 2007: 5
176 Tambovtsev 2010
177 Tambovtsev 2010: 86
178 Trass i at dialektgrunnlaget for nord-estisk var mykje større enn Tallinn-området.
179 Raag 2010: 140 jf Ojar 2005: 1
180 Raag 2010: 140
181 Iva 2007: 21
182 Referert i Ross 2005: 131
183 Heile teksten til dei tidlege estiske bibelomsetjingane er gjort tilgjengeleg på Internett: <http://www.eki.ee/piibel/> (18.11.2012). I sitt kortoversyn (2010) over omsetjingshistoria nemner Kristiina Ross at estarane fekk si fullstendige bibelomsetjing seinare enn naboane i Sverige (1541), Finland (1642) og Latvia (1694). Som grunnar til dette nemner Ross at Estland var administrativt delt, og effekten av den administrative delinga vart forsterka av at det var to estiske skriftspråk i bruk.
184 Ross 2005: 32
185 Ross 2005: 132
186 Ross 2005: 133
187 Ross 2005: 134–136
188 Ross (2005: 136) nyttar etter estisk tradisjon den tyske forma Heinrich Stahl, jf Raag 1999a: 37
189 Ross 2005: 139
190 I A. W. Hupel 1780: *Ehstnische Sprachlehre für beide Hauptdialekte den revalschen und den dörptschen nebst einem vollständigen Wörterbuch*. Riga; Leipzig, sitert i Ross 2005: 139
191 Ross 2005: 139
192 Raag 1999a, 1999b
193 Hennoste 2003: 33. Jf. Raag 1999a: 225–227
194 Hennoste 2003: 33
195 Jf. Sandøy 1996: 23; Crystal 2000: 38
196 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012.
197 Koreinik 2004a, 2004b
198 Koreinik 2004b: 67–68
199 Hos Koreinik eigentleg *võru*, ettersom teksten er på nord-estisk.
200 Koreinik 2004b: 69
201 Koreinik 2004b: 67–76
202 Koreinik 2004a: 91
203 Koreinik 2004b: 71
204 Koreinik 2007: 10
205 Iva, Pajusalu 2004: 61
206 Statistics Estonia: http://www.stat.ee/64628?parent_id=32784 (18.11.2012)
207 Ehala 2004: 19–20
208 Ehala 2006: 2
209 Ehala 2006: 13
210 Ehala 2006: 14
211 Ehala 2006: 15
212 Koreinik 2011b: 6
213 Eller og Kama 1988: 1271
214 Eller og Kama 1988: 1272
215 Eller og Kama 1988: 1272
216 Eller og Kama 1988: 1274
217 Eit oversyn finst på nettsidene til Võro-instituttet: <http://www.wi.ee/index.php/voro-liikumine/kaika-suvouelikooliq> (18.11.2012)
218 Help 1990: 63
219 Help 1990: 64–77

220 Tender og Kasak 1995: 314
221 jf Iva 2007a: 28
222 Help 1990: 62
223 Koreinik 2007b: 1
224 Iva 2007a: 27
225 Jüvä og Kõivupuu 1996 jf Valper 2005: 27
226 Jüvä et al. 1998
227 Jüvä 2002: 4–10. Sjå også omtale i Raag 2010: 144
228 Ivar Aasens »Ordbog over det norske Folkesprog» (1850) hadde om lag 25 000 oppslagsord., jf
<http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=1257&id=3430> (18.11.2012)
229 Jüvä 2002: 8
230 Iva 2007a
231 Iva 2007a: 19
232 Iva 2007a: 20
233 Iva 2007a: 26
234 Iva 2007a: 28
235 Jf appendiks A
236 Jf Kama 2005: 118
237 Uma Leht 2003a, 2003b
238 Kama 2005; Jüvä 1997
239 Tender, Jüvä og Kasak 1996: 610, Iher 1997, Pulk 1998
240 VKP 2005
241 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012.
242 Tender og Kasak 1995: 319; Tender, Jüvä og Kasak 1996: 610.
243 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012.
244 Grenoble og Whaley 2006: 158
245 Iva 2007: 29
246 Help 1990; Eller og Kama 1998; Eller 1999; Hint 1999; Kama 2005
247 Iva 2007: 29–30
248 Iva 2007a: 31
249 Iva 2007a: 33
250 Iva 2007a: 34
251 Eller 1998
252 Iva 2002, Iva 2006, Mets 2005, Mets 2007
253 Kaalep 1988 jf http://et.wikipedia.org/wiki/Kauksi_%C3%9Clle#cite_note-1 (18.11.2012)
254 Valper 2005: 26
255 Valper 2005: 26–31
256 Eller 1999: 9
257 Raag 2010: 145 jf www.wi.ee/voro (18.11.2012)
258 Jf Koreinik 2011c: 4–5
259 Jf avsnitt 5.5.
260 Koreinik 2011c: 5
261 Moseley 2010. <http://www.unesco.org/culture/languages-atlas/en/atlasmap/language-id-422.html> (18.11.2012)
262 Eller 1999: 3
263 Meiorg 2012: 4
264 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012.
265 Koreinik 2011c: 5
266 Jf Raag 2010: 150
267 Koreinik 2011c: 3
268 Dei fire kommunane er Meremäe, Värška, Mikitamäe og ein del av Misso, jf <http://www.setomaa.ee/index.php?id=d3d9446802a44259755d38e6d163e820> (18.11.2012).
269 Koreinik 2011c: 2
270 Jf Meiorg 2012: 4
271 Koreinik 2011c: 5
272 Eit typisk døme er nyheita om resultatata frå folketeljinga, der overskrifta «Võro-folket først, setoane etter» er illustrert med eit bilete av setoar i folkedraktar: <http://www.postimees.ee/906060/vorokesed-ees-setod-jarel/> (18.11.2102)
273 Margna 2012
274 Kama 2005: 117, mi omsetjing
275 Kama 2005: 121, mi omsetjing
276 Kama 2004: 217

277 Kama 2004: 218
278 Nutt 2004
279 Tender 2010: 18
280 Tender 2010: 45
281 Tender 2010: 47
282 Jf. Kama 2005
283 Meiorg 2012: 14ff
284 <http://fiu-vro.wikipedia.org/> (18.11.2012)
285 <http://www.umaleht.ee/> (18.11.2012)
286 Koreinik 2007: 17
287 Koreinik 2007: 28
288 Koreinik 2007: 23. Meir om institusjonar i Koreinik og Saar 2012.
289 Raag 2010: 150
290 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012.
291 Moseley 2010. <http://www.unesco.org/culture/languages-atlas/en/atlasmap/language-id-422.html> (18.11.2012)
292 Seaver 2000a
293 Mattson 2000
294 Seaver 2000b
295 Pajusalu 2000
296 Valge 2000
297 Heinapuu 2000a
298 Heinapuu 2000b
299 Kama 2007
300 Jüvä 2007b
301 Valge 2007
302 Jf Koreinik 2007: 32–33
303 Torp 1998: 28
304 Torp 1998: 25
305 Torp 1998: 18
306 Torp og Vikør 2003: 15
307 Torp og Vikør 2003: 32
308 Haugen 2001: 19
309 Indrebø 2001: 94
310 Torp 1998: 28–34
311 Torp 1998: 9
312 Torp 1998: 213
313 Etter Torp 1998: 28
314 Torp 1998: 29–33
315 Torp 1998: 34
316 Torp og Vikør 2003: 116
317 Torp og Vikør 2003: 116–118
318 Store Norske Leksikon på Internett: <http://snl.no/saga> (18.11.2012)
319 Torp og Vikør 2003: 119
320 Haugen 1968: 25
321 Store Norske Leksikon på Internett: <http://snl.no/svartedauden> (18.11.2012)
322 Referert i Grepstad 2006: 14
323 Torp og Vikør 2003: 120
324 Torp og Vikør 2003: 120
325 http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html (18.11.2012)
326 Torp og Vikør 2003: 116
327 Torp og Vikør 2003: 120
328 Torp og Vikør 2003: 120
329 Alnæs 2002: III, 65–112
330 Almenningen et al. 2002: 56
331 Torp og Vikør 2003: 122
332 Wergeland 1979 [1835]: 142
333 Aasen og Walton 1984: 9
334 Aasen og Walton 1984: 53
335 Apelseth 1992: 55–58 viser korleis denne teksten er ei øving i klassisk retorikk.
336 Walton 1987: 312

-
- 337 Apelsest 1992: 60
338 Aasen og Walton 1984: 32–43
339 Aasen og Walton 1984: 159
340 Almenningen et al. 2002: 82–83
341 Almenningen et al. 2002: 84
342 Almenningen et al. 2002: 89
343 Almenningen et al. 2002: 86
344 Almenningen et al. 2002: 87
345 Almenningen et al. 2002: 89
346 Almenningen et al. 2002: 89–90
347 Almenningen et al. 2002: 91–93
348 Almenningen et al. 2002: 93–100
349 Almenningen et al. 2002: 104
350 Almenningen et al. 2002: 111–113
351 Almenningen et al. 2002: 117–126
352 Almenningen et al. 2002: 127–141
353 Almenningen et al. 2002: 142–147
354 Jf Norsk i hundre 2005: 2
355 Almenningen et al. 149–154
356 Akselberg 2006
357 Jf Torp og Vikør 2002: 146, 269
358 Røynealand 2009
359 Almenningen et al. 2002: 167–168
360 Hoel 2011: 15
361 Hoel 2011: 460–462
362 Hanto 1986: 104
363 Hanto 1986: 104–108
364 NM 1997
365 Almenningen 1981: 113, 156–157, 196, 286
366 Walton 1999: 5–8
367 Haugen 1968: 264
368 Vikør 1980: «Nynorsk for folket», Syn og Segn. Sitert i Hanto 1986: 94
369 – Nynorsk blir elitens språk. <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostlandssendingen/1.8023717> (18.11.2012)
370 Grepstad 2006: 272
371 Grepstad 2006: 263
372 St. meld. nr 35 (2007–2008) Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk
<http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf> (18.11.2012)
373 Faarlund 1999
374 Trudgill 1997: 157
375 Nybø 2007: 118
376 Haugen 1968: 251
377 Haugen 1968: 13
378 Haugen 1968: 21
379 Haugen 1968: 257
380 Haugen 1968: 21
381 Erelt 2002: 160, mi omsetjing.
382 Sitert i Vikør 1994: 129–130
383 Erelt 2002: 162 jf Vikør 1994: 130
384 Vikør 1994: 131
385 Keeleuuenduse äärmised võimalused
386 Sitert i Erelt 2002: 85. Mi omsetjing.
387 «Keeleuuenduse kurv tuleb lõpmattuseni tõmmata!»
388 *otstarbekohasus, ilu, omapärasus*
389 Erelt 2002: 161
390 Jüvä Sullöv, personleg kommunikasjon 31.08.2012
391 Iva 2007a: 29
392 Koreinik 2011a
393 Koreinik 2011a: 33–34
394 Koreinik 2011a: 38–39

Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein. 2006. Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosessar i Noreg. *Målbryting* 8, 133–150
- Almenningen, Olaf, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy, Lars S. Vikør (red.). 2002. *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Almenningen, Olaf. 1981. *Måltreising i 75 år: Noregs mållag 1906–1981*. Oslo: Fonna forlag.
- Alnæs, Karsten. 2002. *Historien om Norge*. Oslo: Gyldendal.
- Alvre, Paul. 1973. Läänemeresoome aluskeele varasest murdeliigendusest, eriti eesti ja soome keelt silmas pidades. *Keel ja Kirjandus* 3: 151–162.
- Apelseth, Arne. 1992. Det europeiske i det nynorske: nokre sentrale utviklingsdrag på vegen mot eit nynorsk nasjonalspråk. I *Ivar Aasen-senteret: Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*, red Jostein Nerbøvik, 46–62. Volda: Ivar Aasen-senteret.
- Ariste, Paul. 1956. Läänemere keelte kujunemine ja vanem arenemisjärk. I *Eesti rahva etnilisest ajaloost*, red. Harri Moora, 5–22. Tallinn: Eesti Riiklik Kirjastus.
- Bakke, Elisabeth. 2002. Språk og nasjonsforming i Noreg i eit europeisk perspektiv. I *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*, red. Elisabeth Bakke og Håvard Teigen, 42–72. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Barth, Fredrik. 1972. Synkron komparasjon. I *Analyse – Syntese Komparasjon. Foredrag ved Nordisk fagkonferanse for historiske metodelære på Godøysund 10.–14. mai 1970*, 19–34. Bergen – Oslo – Tromsø: Universitetsforlaget.
- Crystal, David. 2000. *Language Death*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dryer, Matthew S. og Martin Haspelmath (ed.). 2011. *The World Atlas of Language Structures Online*. München: Max Planck Digital Library. <http://wals.info/> (18.11.2012).
- Ehala, Martin. 2004. Keelehoid ja mitmikidentiteet. I *Kiil ja hindätiidmine. Keel ja identiteet*. Võro Instituudi toimõndusõi – Publications of Võro Institute 16, 217–222. Võro: Võro Instituut.
- Ehala, Martin. 2006. *Keelevahetuse pöörämivõimalusi võru keelealal*. <http://lepo.it.da.ut.ee/~ehalam/pdf/keevahetusest%20kagueestis.pdf> (18.11.2012)
- Eifring, Halvor og Rolf Theil. 2005. *Linguistics for Students of Asian and African Languages*. <http://www.uio.no/studier/emner/hf/ikos/EXFAC03-AAS/h05/larestoff/linguistics/> (18.11.2012).
- Eller, Kalle og Kaido Kama. 1988. Lõunaeesti keele ortograafiast. *Looming*, 1271–1274.
- Eller, Kalle. 1998. Kas võro kiil vai Kagu-Eesti trasjanka? I *Lõunaeesti keelest ja kiräkeelest*, red. Nele Reimann og Tõnu Tender. Võro Instituudi Tõimõtisõq 3, 106–108. Tartu-Võro: Võro Instituut.
- Eller, Kalle. 1999. *Võro-Seto language*. Võro: Võro Institute.
- Erelt, Tiiu. 2002. *Eesti keelekorraldus*. Tallinn: Eesti keele Sihtasutus.

- ERVL. 2009. *Eesti regionaal- ja vähemuskeelte liit. Tutvustus*. Tallinn – Keila.
- ETS 148. 1992. *Europeisk pakt for regions- eller minoritetsspråk*. Strasbourg 5.XI.1992. European Treaty Series/148. Non-official Norwegian version.
www.coe.int/t/dg4/education/minlang/textcharter/Charter/Charter_no.pdf (18.11.2012)
- Fishman, Joshua A. 1991. *Reversing language shift: theoretical and empirical foundations of assistance to threatened languages*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Fishman, Joshua A. 2001. *Can threatened languages be saved? Reversing language shift, revisited: A 21st century perspective*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Faarlund, Jan Terje. 1999. Nynorsk – bruksmål eller leikesak for filologar? I *Ny-Noreg møter Svensk-Finland. Seminarrapport*, red. Stephen J. Walton, 29–34. Volda: Høgskulen i Volda.
- Grenoble, Lenore A og Lindsay J. Whaley. 2006. *Saving languages: and introduction to language revitalization*. Cambridge: Cambridge University Press.
